



Uio • Universitetet i Oslo

# Ein ny organisasjonsretorikk

*Retoriske studium av frivillige organisasjonar*

Stian Seland

RETKOM4190

Masteroppgåve i retorikk og språkleg kommunikasjon

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

Universitetet i Oslo

Våren 2020



# Ein ny organisasjonsretorikk

Retoriske studium av frivillige organisasjonar

© Stian Seland

2020

Ein ny organisasjonsretorikk: Retoriske studium av frivillige organisasjonar

Stian Seland

<http://www.duo.uio.no>

IV

# Samandrag

Oppgåva er av teoretisk karakter, og har som føremål å utvikle retorikkvitskapen vidare gjennom å diskutere kvifor ein bør og korleis ein kan studere frivillige organisasjonar retorisk. Som eit utgangspunkt til desse diskusjonane blir det gitt eit overblikk over den historiske utviklinga til frivillige organisasjonar i Noreg, og ulike forsøk på å definere frivillige organisasjonar blir grundig gjennomgått. Det blir gitt eit forslag til ein definisjon som kan vere praktisk for seinare retoriske studium. Fire teoretiske perspektiv blir presentert som relevante for å skulle studere frivillige organisasjonar retorisk: Politisk retorikk, retorisk medborgarskap, organisasjonsretorikk og retorisk sjangerteori. På spørsmålet om kvifor frivillige organisasjonar bør bli studert retorisk blir det argumentert for at frivillige organisasjonar krev ei eiga tilnærming, at frivillige organisasjonar fyller viktige demokratiske funksjonar og at frivillige organisasjonar i seg sjølv kan bli forstått som retoriske fenomen. På spørsmålet om korleis frivillige organisasjonar kan bli studert retorisk blir det argumentert for ei todelt tilnærming: For det første kan ein studere den frivillige organisasjonen som retorikk. Oppgåva diskuterer korleis frivillige organisasjonar kan bli forstått som svar på ein retorisk situasjon, og legg fram ein teori om den retoriske organisasjonssituasjonen. For det andre kan ein studere retorikken til frivillige organisasjonar. Då må retorikaren ta omsyn til dei særtekka som kjenneteiknar frivillige organisasjonar samanlikna med andre typar organisasjonar, og ein må ha forståing for dei ulike retoriske situasjonane som ein frivillige organisasjonar står i om att og om att. Særtekka til frivillige organisasjonar blir diskutert, og det blir presentert ein sjangerkatalog over eksterne, interne og konstituerande organisasjonssjangrar med tilhøyrande retoriske formar og funksjonar. Det blir i oppgåva argumentert for at retorikkvitskapen i for lang tid har unnlata å studere frivillige organisasjonar, og at tida er inne for ein ny organisasjonsretorikk som ser på frivillige organisasjonar spesielt. Oppgåva blir avslutta med ei liste over mogelege retoriske studium av frivillige organisasjonar.

# Forord

Denne masteroppgåva markerer ein førebels slutt for ei utdanning i retorikk og ei danning som retorikar ved Universitetet i Oslo. Det er mange som fortener ein takk:

- Professor og rettleiar Kjell Lars Berge, for alle råd, spørsmål, tilbakemeldingar og faglege utfordringar – og ikkje minst ei klokkartru på prosjektet heile vegen.
- Førsteamanuensis Jonas Bakken, for inspirasjon til å skrive ei teoretisk oppgåve, og for engasjerande undervising første studieår som gjorde meg sikker på at eg hadde gjort eit godt studieeval.
- Professor Johan Tønnesson, for kunnskapsrik og motiverande undervising om vitskapsteori og metode første studieåret på master.
- Nina og Harald, for alle gode samtalar og kaffikoppar på og utanfor Blindern.
- Arbeidsgivar og institutt, for stor fleksibilitet rundt masterinnspurten som blei ein vår litt utanom det vanlege.
- Kulturdepartementet og Nasjonalbiblioteket, for at alle studentar fekk digital og utvida tilgang til pliktavlevert materiale medan det ikkje var eit opent bibliotek i Noreg.

Aller sist, men aldri minst: Takk til verdas beste heimelag: Kona mi og sonen min. Takk for all støtte, tålmod og kjærleik. *No* er pappa ferdig med leksene!

# Innholdsliste

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>1</b>
1.1 Introduksjon.....	1
1.2 Problemstilling og sentrale omgrep .....	3
1.3 Metodisk tilnærming .....	5
1.4 Disposisjon.....	7
<b>2 Frivillige organisasjonar i Noreg.....</b>	<b>8</b>
2.1 Historisk utvikling .....	8
2.2 Forsøk på definisjonar .....	14
2.3 Indirekte definering av sektoren .....	19
2.4 Ein praktisk definisjon .....	26
<b>3 Fire retoriske perspektiv .....</b>	<b>29</b>
3.1 Politisk retorikk .....	29
3.2 Retorisk medborgarskap.....	33
3.3 Organisasjonsretorikk.....	35
3.4 Retorisk sjangerteori.....	40
<b>4 Kvifor bør ein studere frivillige organisasjonar retorisk? .....</b>	<b>44</b>
4.1 Behovet for ei eiga tilnærming.....	44
4.2 Frivillige organisasjonar i demokratiet .....	47
4.3 Frivillige organisasjonar er retoriske fenomen.....	53
<b>5 Korleis kan ein studere frivillige organisasjonar retorisk? .....</b>	<b>57</b>
5.1 Ein retorikk for frivillige organisasjonar .....	57
5.2 Den retoriske organisasjonssituasjonen .....	58
5.2.1 Nasjonalforeningen for folkehelsen .....	63
5.3 Dei retoriske sjangrane i frivillige organisasjonar .....	68
5.3.1 Eksterne organisasjonssjangrar .....	70
5.3.2 Interne organisasjonssjangrar .....	76
5.3.3 Konstituerande organisasjonssjangrar .....	79
<b>6 Konklusjon .....</b>	<b>85</b>
6.1 Ein ny organisasjonsretorikk.....	85
6.2 Vidare forskning .....	86
<b>Litteratur .....</b>	<b>88</b>





# 1 Innleiing

## 1.1 Introduksjon

I etterkant av 22. juli 2011 skreiv forfattar og humorist Are Kalvø teksten «Ting vi liker med dette samfunnet» (Kalvø, 2011). Blant ting som «den lange ferien», «at bussjåførane helse med handa når dei møtest i kvar si køyreretning» og «at stortingspresidenten er skogsarbeidar» kom Kalvø med følgjande observasjon om norsk frivillighet: «At det finst ein organisasjon der du høyrer heime, nesten uansett kor sær du er» (Kalvø, 2011).

Frivilligheita i Noreg er spesiell. Den viktige rolla ho har spelt og spelar for samfunnet blir påpeika av både politikarar og forskarar. Då dåverande kulturminister Trine Skei Grande la fram ei stortingsmelding om frivilligheitspolitikk i desember 2018, sa ho at «nordisk og norsk frivillighet er helt annerledes enn veldig mange andre lands frivillighet», og skildra frivilligheita som sjølv grunnstammen i det norske demokratiet (Kulturdepartementet, 2019). Når ein skal forklare suksessen til den skandinaviske samfunnsmodellen, blir ofte funksjonen til og organiseringa av det norske sivilsamfunnet framheva (Enjolras & Strømsnes, 2018, s. 2). Frivilligheitsforskarane Kraglund og Enjolras (2017, s. 11) har formulert det slik:

*Frivillig arbeid har lenge stått sterkt i Norge. Andelen organisasjonsfrivillige ligger på et stabilt høyt nivå, og antall timer brukt på frivillig arbeid er også høyt sammenlignet med andre land. Frivillig innsats er en grunnpilar i barns og ungdoms organiserte fritid, det utgjør et viktig supplement til offentlig tjenesteyting på velferdsfeltet, det er en forutsetning for mye politisk rettet og religiøst arbeid, og det er avgjørende for å ivareta gode bomiljø og organisering på arbeidsplassen. Organisasjonsfrivilligheten står på denne måten for store og viktige samfunnsbidrag: I tillegg til å ha en betydelig økonomisk verdi, kan deltakelse i frivillige organisasjoner gi viktige bidrag til sosial integrasjon og vedlikehold av demokratiet.*

Retorikken og demokratiet har ei lang historie saman som går attende til antikken (Andersen, 1995, s. 278-279; Vestrheim, 2018, s. 19), og det er i dag vanskeleg å tenkje seg det eine utan å tenkje seg det andre (Villadsen, 2008, s. 37). Dei frivillige organisasjonane blir trekte fram

som viktige for det norske demokratiet, men har retorikken interessert seg nok for frivillige organisasjonar? I artikkelen «Organisasjoners retorikk – det forsømte forskningsfelt» meiner Ihlen (2005) at retorikkforskarar har vore lite opptekne av retorikken til organisasjonar, og dette er eit bilete som er ganske uforandra eit drygt tiår seinare (Ihlen & Heath, 2018b, s. xxi; Ihlen et al., 2018, s. 7). I endå mindre grad har retorikkforskarar interessert seg for retorikken til frivillige organisasjonar.

Eit søk<sup>1</sup> på nettsida til *Rhetorica Scandinavica* viser at det omtrent ikkje er skrive om retorikk og frivillige organisasjonar i tidsskriftet, med nokre veldig få unntak: Det er skrive om ein kampanje i regi av Greenpeace (Hoff-Clausen, 2018) og om topisk reproduksjon i pressemeldingane frå mellom anna to frivillige organisasjonar (Grue, 2010). Det er skrive nokre master- og doktorgradsavhandlingar om retorikk og frivillige organisasjonar der ulike aspekt har blitt studert: den grønne retorikken til Framtiden i våre hender (Eggesvik, 2003), krisekommunikasjon i Sportsklubben Brann (Jondahl, 2011), instruksjonslitteratur og språket i tidleg norsk arbeidarrørsle (Bang, 2013; Gulbrandsen, 2014), analyse av ein kampanje i regi av Leger Uten Grenser (Fluge, 2015) og den strategiske retorikken til WWF Norge i sosiale medium (Aase, 2018).

Sett opp mot den samfunnsrolla som frivillige organisasjonar har hatt i Noreg, har det innanfor den moderne retorikkforskinga vore lite interesse å spore for studium av desse organisasjonane. I den tidlegare forskinga på retorikken til frivillige organisasjonar som eksisterer er det i veldig liten grad diskutert kva konsekvensar særtrækka som kjenneteiknar frivillige organisasjonar får for retoriske studium av desse organisasjonane. Retoriske studium av organisasjonar er eit felt der det enno er mykje som er ugjort, og med denne masteroppgåva ønskjer eg å gi eit bidra til feltet ved å diskutere og vise korleis retorikkvitskapen kan studere frivillige organisasjonar.

---

<sup>1</sup> For å få eit meir finmaska søk enn det søkjefunksjonen på retorikforlaget.se tilbyr, er det søkt via via Google med søkjestrengen "[SØKJEORD]" "rhetorica scandinavica" site:retorikforlaget.se. Denne søkjestrengen avgrensar søket til retorikforlaget.se, og resultatane må innehalde både søkjeordet og namnet på tidsskriftet. Som søkjeord er ordet organisasjon nytta i eintal og fleirtal på norsk, svensk/dansk og engelsk. I tillegg er det på engelsk søkt etter adjektivet «organizational». Siste søk blei gjort 25. mai 2020.

## 1.2 Problemstilling og sentrale omgrep

Føremålet til denne oppgåva er å leggje til rette for retoriske studium av frivillige organisasjonar. I oppgåva vil eg difor gjere to ting: For det første skal eg argumentere for kvifor retorikkvitskapen bør interessere seg for og studere frivillige organisasjonar. For det andre skal eg diskutere korleis ein kan studere frivillige organisasjonar retorisk i praksis. Problemstillinga blir difor følgjande: **Kvifor bør ein, og korleis kan ein, studere frivillige organisasjonar retorisk?** Dei to sentrale omgrepa i problemstillinga, frivillige organisasjonar og retorikk, fortener ei nærare omtale.

Frivilligheita i ulike land har ulik historie, ulik organisering og ulike roller. Sivilsamfunnet i Skandinavia har fleire trekk som skil seg frå sivilsamfunn i andre land (Enjolras & Strømsnes, 2018, s. 2). Eg avgrensar denne oppgåva til å sjå på frivillige organisasjonar i Noreg. Det har blitt forska mykje på det frivillige organisasjonslandskapet dei siste tiåra, mellom anna på grunn av etableringa av Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor (2018). Trass i at det er etablert eit eige forskingssenter, at dei frivillige organisasjonane i Noreg har eit eige samarbeidsforum (Frivillighet Norge, u.å.), og at det blir utarbeid ein satellittreknescap som dokumenterer bidraget frå organisasjonane til bruttonasjonalproduktet (Statistisk sentralbyrå, 2019), eksisterer det ikkje ein allmenn definisjon av kva ein frivillig organisasjon er (NOU 2006: 15, 2006, s. 23; Kulturdepartementet, 2018a, s. 15-16).

Om vi legg ordet *frivillig* til sida ei stund og ser berre på omgrepet *organisasjon*, kan det ifølgje *Store Norske Leksikon* nyttast på to måtar: I daglegtalet blir det nytta om foreiningar, og i samfunnsvitskapane blir det nytta for å skildre eit «kollektiv som er bygd opp for å fremme ett eller flere formål, eller sett av verdier» (Berg, 2014). Både desse forståingane av organisasjonsomgrepet er nyttige for oppgåva, og vi ser difor først på kva ei forening er før vi går vidare til den samfunnsvitskaplege forståinga av organisasjonar.

Ei forening er ifølgje Brønnøysundregistera (2019) ei «selveiende sammenslutning med medlemmer, som skal fremme ett eller flere formål av ideelt, politisk eller annen art». Brønnøysundregistera peikar på at til forskjell frå til dømes aksjeselskap kan ikkje overskotet, gjelda eller formuen til ei forening bli delt ut til medlemmane. Rettsforholdet til foreiningar er

ikkje regulert i ei eiga lov, men det er over tid blitt utvikla såkalla foreiningsrettslege prinsipp (Brønnøysundregistera, 2019). Woxholth (2008) handsamar desse prinsippa i boka *Foreiningsrett – med samvirkeoven*. Han nyttar omgrepet «frivillige organisasjonar» i introduksjonen sin til foreiningsretten, men er samstundes klar på at det er vanskeleg å gi frivillig organisasjon ein allmenngyldig definisjon (Woxholth, 2008, s. 26). Vi kan difor ikkje setje likskapsteikn mellom foreiningar og frivillige organisasjonar: Dei fleste foreiningar vil nok bli rekna som frivillige organisasjonar, men ikkje alle frivillige organisasjonar vil vere foreiningar.

Det er med andre ord ikkje heilt enkelt å skulle definere kva ein frivillig organisasjon er. Eit forskingsspørsmål for oppgåva blir dermed å svare på: **Korleis kan ein definere frivillige organisasjonar?** Dette vil difor bli gå nærare inn på i kapittel 2. Når det gjeld den samfunnsvitskaplege forståinga av organisasjonar, det vil seie som kollektiv med visse føremål og verdiar, har ein lagt til grunn ei brei forståing som både vil romme foreiningar og andre ting som vi oppfattar som frivillige organisasjonar, men også mange andre typar verksemdar i samfunnet, til dømes føretak eller forvaltinga. Som vi skal sjå i kapittel 3 er det meste av det som er skriva om retorikk og organisasjonar skriva om organisasjonar i samfunnsvitskapleg forstand. Sidan frivillige organisasjonar også er organisasjonar i brei forstand, er det interessant å sjå til denne litteraturen når vi skal diskutere korleis og kvifor vi kan studere frivillige organisasjonar retorisk.

Aristoteles (2006, s. 27) definerte retorikk som «evnen til i enhver sak å se hvilke muligheter vi har til å overtale». Korleis ein definerer retorikk, er noko som har blitt diskutert sidan antikken (Bakken, 2014, s. 15). Medan retorikk klassisk gjerne har blitt definert og avgrensa til kunsten å overtale (Vestrheim, 2018, s. 9), har ein gjerne eit breiare syn innanfor moderne retorikk på kva retorikk er og gjer.<sup>2</sup> Det er også her eg er plassert, med eit syn om at retorikk er å handle ved hjelp av kommunikasjon (Kjeldsen, 2014a, s. 11; Svensson, 2018, s. 15). Men retorikk er fleire ting samstundes: For det første er retorikk *praksisen* der ein handlar ved hjelp av kommunikasjon. For det andre er retorikk *teori* om korleis ein kan handle ved hjelp av kommunikasjon. For det tredje er retorikk *analyse og kritikk* av retorisk praksis. Denne tredelinga blir ofte omtala som *rhetorica utens*, *rhetorica docens* og *rhetorica studens*

---

<sup>2</sup> Kjeldsen omtaler dette skiljet som snever versus brei persuasio Kjeldsen (2009, s. 18-20).

(Andersen, 1995, s. 12). Retorikkvitskapen som forskings- og undervisningsfag slik vi kjenner det i dag, tek for seg både retorisk teori, og analyse og kritikk av retorisk praksis. Denne praksisen er noko vi alle gjer, heile tida, og er noko vi har gjort til alle tider. Forutan at retorikk er å handle ved hjelp av kommunikasjon så kviler oppgåva på eit grunnsyn om at demokratiet og retorikken heng saman (Villadsen, 2008, s. 37). Der er difor interessant for retorikkvitskapen å studere delar av samfunnet som er viktige for demokratiet.

Mykje har skjedd i samfunnet og faget sidan Aristoteles definerte retorikk. I moderne retorikkforskning må ein ta innover seg det karakteristiske ved det ein ønskjer å studere retorisk, og kontinuerleg flytte seg mellom den retoriske tradisjonen og dei retoriske fenomenen i notida (Kjeldsen, 2011, s. 120-121). I denne oppgåva tek eg til orde for auka merksemd rundt og retoriske studium av frivillige organisasjonar, og diskuterer korleis ein retorikk for frivillige organisasjonar kan sjå ut.

### **1.3 Metodisk tilnærming**

Ei masteroppgåve i retorikk og språkleg kommunikasjon skal ifølgje emneskildringa kombinere empiri og teori, men studenten vel sjølv om vedkomande vil leggje hovudvekta på analyse av eit materiale eller på teoretiske diskusjonar (Universitetet i Oslo, u.å.). Dei fleste masterstudentar i retorikk vel å gjere empiriske studium,<sup>3</sup> medan eg har valt å diskutere teori. Spørsmålet vidare er kva slags metodisk tilnærming ein kan nytte for å føre teoretiske diskusjonar, og med det gi eit bidrag til den vidare utviklinga av faget.

Basert på studiar av introduksjonane i forskingsartiklar har lingvisten og retorikaren John Swales gjennom modellen *create a research space* (CARS) vist kva trekk forfattarane gjer for for å lage seg eit «rom» for eiga forskning (Wardle & Downs, 2011, s. 11). Etersom eg med denne oppgåva har ein ambisjon å skissere eit nytt forskingsområde innanfor retorikkvitskapen og denne oppgåva på mange måtar har til føremål å vere ein introduksjon til eit felt, har eg latt meg inspirere av CARS-modellen når det gjeld korleis eg vil strukturere dei teoretiske diskusjonane i denne oppgåva. I modellen til Swales presenterer han tre hovudtrekk for å etablere eit forskingsrom (Wardle & Downs, 2011, s. 12).

---

<sup>3</sup> Eit heiderleg unntak frå denne hovudregelen er Bjordal (2012).

Det første hovudtrekket er å etablere territoriet (Wardle & Downs, 2011, s. 12): Forfattaren set forskinga si inn i ein kontekst og gir den naudsynte bakgrunnsinformasjonen.

Det andre hovudtrekket er å etablere ein nisje (Wardle & Downs, 2011, s. 13). Dette gjer forfattaren gjennom å argumentere for at det er ei open «nisje» innanfor eksisterande forskning, eit rom som må bli fylt med meir forskning. Det tredje hovudtrekket er å okkupere nisjen (Wardle & Downs, 2011, s. 14). Med dette trekket gjer ein nisjen etablert i det førre trekket til forskingsrommet ein ønskjer å fylle, og forfattaren demonstrerer korleis vedkomande vil utfordre eksisterande forskning, fylle hòlet som er identifisert, svare på spørsmål som er stilte eller halde fram med forskningstradisjonen.

Inspirert av CARS-modellen skal eg dermed i oppgåva gjere tre ting. Først skal eg etablere territoriet. Oppgåva skal bli kontekstualisert gjennom at eg tek for meg kva frivillige organisasjonar er, og kva samfunnsrolle dei spelar, og gjennom at eg ser til retoriske tradisjonar som eg oppfattar som relevante for retoriske studium av slike organisasjonar. Vidare skal eg etablere ein nisje. Eg har allereie vist at det i liten grad har blitt gjort retoriske studium av frivillige organisasjonar, og eg vil argumentere for kvifor frivillige organisasjonar er noko som retorikkvitskapen bør interessere seg for. Til slutt skal eg okkupere nisjen. Dette skal eg gjere gjennom å vise korleis frivillige organisasjonar kan bli studerte retorisk i praksis.

Ei oppgåve som skal leggje hovudvekta på teoretiske diskusjonar, kan ein forstå som ei hermeneutisk øving. Forfattaren skal fortolke ei rekkje akademiske tekstar og bringe med seg til diskusjonsbordet ei for-forståing (Kjeldsen, 2009, s. 297). Bakgrunnen min vil vere med på å forme forforståinga mi, som er prega av eit liv i frivilligheita<sup>4</sup>. Med Gadammers hermeneutikk skjer fortolkinga og den hermeneutiske sirkelrørsla som ein samtale og ein dialog med spørsmål og svar mellom ein tekst og ein fortolkar: Eg som fortolkar «spør» teksten om noko, teksten svarer, eg spør om noko nytt, teksten svarer att, og slik held det

---

<sup>4</sup> Eg har organisasjonsbakgrunn frå speidar- og fråhaldsrørsla, og har vore tilsett innanfor fråhalds- og miljørørsla. Vidare så har eg arbeidd med frivilligheitspolitikk gjennom eit korttidsengasjement som politisk rådgivar i Frivillighet Norge og fire år som arbeidande styreleiar i Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU).

fram (Kjeldsen, 2009, s. 299). Eg skal lese og fortolke ei rekkje tekstar med føremål om å svare på spørsmålet om kvifor og korleis ein kan studere frivillige organisasjonar retorisk.

Til sist nokre ord om handsaminga av nettbaserte kjelder i denne oppgåva: Ei utfordring med slike kjelder er at lenkjer med tid og stunder sluttar å verke, og kjelder som er nytta, blir utilgjengelege for ettertida. Difor har eg i denne oppgåva nytta tenesta Perma.cc, som Universitetsbiblioteket ved Universitetet i Oslo tilrår (Universitetsbiblioteket, 2017). Dette inneber at når eg siterer ei nettbasert kjelde i denne oppgåva, er det generert ei permanent adresse som går til eit augeblikksbilete av kjelda. Dette er gjort på alle nettkjelder med unntak av dei som allereie har ei permanent adresse<sup>5</sup>. Ei permanent adresse gir to store fordelar: For det første vil dei som ønskjer å sjå nærare på dei nettbaserte kjeldene i denne oppgåva, få sjå ein identisk kopi av kjelda slik eg såg ho. For det andre vil kjelda vere tilgjengeleg for framtida, sjølv om den opphavlege lenkja til kjelda skulle slutte å verke på eit tidspunkt.

## 1.4 Disposisjon

Denne oppgåva er delt inn i seks kapittel: I kapittel 1, som det straks blir sett punktum for, har eg presentert problemstillinga og korleis eg vil gå fram for løyse ho. I kapittel 2 vil eg gi ei oversikt over frivillige organisasjonar i Noreg ved å gå gjennom tre ting: først den historiske utviklinga til dei frivillige organisasjonane, så kva som kjenneteiknar frivillige organisasjonar, og til sist korleis ein kan definere frivillige organisasjonar. I kapittel 3 tek eg for meg fire retoriske perspektiv som eg meiner er relevant for retoriske studium av frivillige organisasjonar: politisk retorikk, retorisk medborgarskap, organisasjonsretorikk og retorisk sjangerlære. I kapittel 4 vil eg svare på den første delen av den todelte problemstillinga, gjennom å argumentere for kvifor ein bør studere frivillige organisasjonar retorisk. Den andre delen av problemstillinga vil eg svare på i kapittel 5, gjennom å diskutere korleis ein kan studere frivillige organisasjonar retorisk i praksis. Til slutt vil eg i kapittel 6 sjå på kva eg har gjort i oppgåva, og korleis eg har svart på problemstillinga, og deretter invitere til vidare retoriske studium av frivillige organisasjonar.

---

<sup>5</sup> Dette gjeld til dømes kjelder funne hos institusjonsarkiv (som DUO eller BORA) eller lover/forskrifter hos Lovdata.

## 2 Frivillige organisasjonar i Noreg

I dette kapitlet vil eg sjå nærare på frivillige organisasjonar i Noreg, og svare på forskingsspørsmålet om korleis frivillige organisasjonar kan bli definert. Først vil eg gå gjennom den historiske utviklinga til frivilligheita i Noreg. Vidare vil eg for å forstå kva som kjenneteiknar frivillige organisasjonar, sjå på korleis frivillige organisasjonar har blitt forsøkt definerte. Til sist vil eg gjere greie for korleis eg meiner ein kan velje å definere frivillige organisasjonar, og gi nokre knaggar for å skilje mellom ulike typar frivillige organisasjonar.

### 2.1 Historisk utvikling

Dei frivillige organisasjonane slik vi kjenner dei i dag, oppstod på 1800-talet og var eit nytt, stort og viktig fenomen for Noreg. Det byrja i byane i 1830-åra, og spreidde seg til bygdene i 1840-åra (Pryser, 1999, s. 280). På eit par generasjonar gjekk landet frå å ha nokre få foreiningar til fleire tusen, og mange starta lokale foreiningar som etter kvart blei landsomfattande (Myhre, 2020). Etableringa av dei nye organisasjonane blei allereie den gongen sett på som eit av dei viktigaste kjenneteikna ved samtida, og ein kalla utviklinga for «en ny Associationsaand» (Johansen, 2019, s. 594-595).

Foreiningar hadde eksistert tidlegare i form av sokneselskap, leseforeiningar og private klubbar av sosial og kulturell art, men den utviklinga ein såg på 1800-talet, representerte noko heilt nytt. Omgrepet «assosiasjonar» omfatta samanslutningar, foreiningar, lag og klubbar (Myhre, 2020). Det nye organisasjonslivet hadde fleire særtrekk som skilde det frå det tidlegare selskapslivet. Det første er at organisasjonane gjerne hadde eit avgrensa føremål – ein hadde gjerne ein føremålsparagraf i vedtektene (Pryser, 1999, s. 280). Det nye organisasjonslivet var tydelegare saksorientert mot særlege føremål og mindre interessert i det indre livet for medlemane som prega selskapslivet (Johansen, 2019, s. 204). Det andre trekket var medlemskapa, som var frivillige og i prinsippet opne for alle som ville betale ein liten kontingent, med nokre få unntak (Johansen, 2019, s. 204; Pryser, 1999, s. 280-281). Til dømes var yrkesforeiningar berre opne for dei som arbeidde i faget (Pryser, 1999, s. 280). Det nye organisasjonslivet var mindre standsprega enn det gamle (Johansen, 2019, s. 205). Det tredje trekket var at dei nye organisasjonane tenderte til å vere meir landsomfattande enn tidlegare; dei var ikkje avgrensa av den praktiske mogelegheita til å samle seg lokalt



(Johansen, 2019, s. 205). Dei nye organisasjonane nådde etter kvart utanfor lokalsamfunnet og blei samskipnader som gjekk på tvers av fogderi-, amts- og riksgrenser (Pryser, 1999, s. 282). Eit fjerde trekk var at dei som melde seg inn, måtte underordne seg fastlagde reglar og betale kontingent. Det var ei viss form for regelmessig møteverksemd, og styret i organisasjonane blei valt etter meir eller mindre demokratiske reglar. Det blei ført møtebok og rekneskap, og ofte hadde ein eit medlemsblad. Dette innebar at tillitsvalde måtte kunne lese, skrive og rekne (Pryser, 1999, s. 281).

Pryser (1999, s. 282) skriv at veksten til dei nye organisasjonane ikkje var jamn, og han deler utviklinga inn i tre vekstperiodar der veksten var særleg stor: cirka 1840–53, cirka 1865–73 og cirka 1879–84. I den første perioden dominerte lag med religiøse, etiske eller humanitære føremål, foreiningar for ulike yrkesgrupper og thranitrørsla. I den andre perioden kom bondevennrørsla, motforeiningane og idrettslaga. Tidleg i den tredje perioden kom samverkerørsla og dei første fagforeiningane, og i 1880-åra kom partia Høgre og Venstre, og arbeidarrørsla, for fullt. Utviklinga av det frivillige organisasjonssamfunnet blei med andre ord også byrjinga på dei politiske partia slik vi kjenner dei i dag.

Kor kom den plutselige organisasjonsbølga frå, ei utvikling som Seip (1981, s. 50) har skildra som eksplosjonsarta? På 1800-talet skjedde det ei rekkje sosiale endringar som gjorde at eldre slekts-, naboskaps- og yrkesband blei svekte og måtte bli erstatta av nye (Myhre, 2020). Den økonomiske liberalismen i tida undergrov gamle fellesskap som slekt og laug, og staten trekte seg frå område der han tidlegare hadde spelt ei rolle, men mange av oppgåvene som var uløyste i samfunnet, kravde framleis ei løysing og kunne ofte ikkje bli løyste av den enkelte åleine (Johansen, 2019, s. 594). Det var tendensar til samfunnsoppløysing på den eine sida og statleg på tilbaketrekking på den andre. Enkeltmenneske fann saman og søkte gjennom frivillige samanslutningar og varige organisasjonar å løyse samfunnsutfordringane i fellesskap (Johansen, 2019, s. 594).

Dei frivillige organisasjonane blei viktige maktfaktorar – også dei organisasjonane som ikkje hadde direkte politiske siktemål. Seip (1981, s. 66) skriv at dei blei viktige for det politiske livet og i det lange løpet for maktforholdet i samfunnet fordi mange blei aktiviserte til samfunnsdeltaking. I tillegg utvida ein feltet for leiarskap. Den akademiske eliten hadde rykt inn i frivilligheita, men under dei var det ein underskog av folkelege leiarar.

Det var særleg tre utviklingstrekk som gjorde seg gjeldande då kalenderen viste at ein gjekk over til 1900-talet (NOU 1988: 17, 1988, s. 44): For det første opplevde dei eksisterande organisasjonane stor medlemsvekst. For det andre oppstod det ei rekkje frivillige organisasjonar på kulturfeltet, helse- og sosialfeltet, innanfor naturfreding og for personar med nedsett funksjonsevne. For det tredje byrja organisasjonane å samarbeide og samordne seg i større grad gjennom etableringa av paraplyorganisasjonar.

Under den tyske okkupasjonen såg nazistane på dei frivillige organisasjonane som eit instrument dei kunne nytte, men organisasjonane blei derimot viktige for motstandsarbeidet. Berre eit fåtal av dei over 700 landsdekkjande organisasjonane som eksisterte ved starten av okkupasjonen, blei forbodne (NOU 1988: 17, 1988, s. 46). Nazistane ønskte å nytte dei som propagandaapparat for å spreie den nazistiske ideologien, og organisasjonane skulle utgjere det representative elementet i planane til Vidkun Quisling om ei nyorganisering av det politiske livet. Det store fleirtalet av dei frivillige organisasjonane motsette seg nazifiseringsforsøka (NOU 1988: 17, 1988, s. 46).

I forskinga på motstandsarbeidet blir rolla til organisasjonane understrekt (NOU 1988: 17, 1988, s. 47): Organisasjonssamfunnet tok over som ein viktig kommunikasjonskanal etter at politiske organ blei løyste opp, og pressa og kringkastinga blei underlagd okkupasjonsmakta. Vidare spelte organisasjonane ei særskild viktig rolle i haldningsdanninga i folket. Erfaringane frå okkupasjonstida skapte eit godt ideologisk klima for dei frivillige organisasjonane og la grunnlaget for samarbeidet mellom det offentlege og frivilligheita (NOU 1988: 17, 1988, s. 47).

Rolla til dei frivillige organisasjonane i det politiske systemet har blitt undersøkt og diskutert i fleire omgangar. I den første Maktutgreiinga diskuterte utvalet mogelegheita for folk til å påverke offentlege avgjerdsprosessar gjennom frivillige organisasjonar generelt og organisasjonane i arbeids- og næringslivet spesielt (NOU 1982: 3, 1982, s. 84). Forskarane slo fast at dei frivillige organisasjonane har ein sentral plass i norsk offentleg politikk, men peika samstundes på at det er store forskjellar mellom organisasjonane: Dei frivillige organisasjonane i arbeids- og næringslivet står sterkare enn andre, og store organisasjonar

med ressursar har ein meir sentral plass enn mindre organisasjonar utan velutbygd sekretariat (NOU 1982: 3, 1982, s. 129).

Organisasjonslivet som ein kanal for påverknad blei også eit tema i Makt- og demokratiutgreiinga dryge 20 år seinare (NOU 2003: 19, 2003, s. 9). Under overskrifta «Den demokratiske infrastrukturen i forfall» blir det i sluttboka måla eit dystert bilete for den frivillige organiseringa i Noreg (Østerud et al., 2003, s. 141):

*Det mest typiske trekket er imidlertid det totale fravær av fremgangsrike folkebevegelser – organisasjoner som vil endre samfunnet i stort istedenfor bare å tjene interessene til egne medlemmer, og som gjerne også står for en ideologi som skaper konflikt. Det vi ser her er forfallet til organisasjonsform som har spilt en avgjørende rolle for nordmenns deltakelse i samfunnslivet helt siden Norge vokse fram som demokratisk nasjon.*

Konklusjonane til Makt- og demokratiutgreiinga når det gjeld dei frivillige organisasjonane har blitt utfordra dei seinare åra. Arnesen (2019) argumenterer i doktoravhandlinga si for at sjølv om dei store folkerørslene ikkje lenger er ei kraft for massemobilisering av befolkninga, slik dei var i den store organisasjonstida på 1800-talet, så er sivilsamfunnet enno ein viktig institusjon for sosial og politisk mobilisering (Arnesen, 2019, s. 53). Han konkluderer med at avhandlinga hans presenterer eit anna bilete enn Makt- og demokratiutgreiinga (Arnesen, 2019, s. 58):

*While there indeed have been important changes in civil society and the voluntary sector, it is premature to talk about a decline of a part of the democratic infrastructure. Rather, what one sees must be understood as a reconfiguration that places civil society organizations into new political, social and technological contexts, which can have both positive and negative consequences.*

Nyare tal viser at dei som er frivillige, deltek i politikken langt oftare enn ikkje-frivillige (Fladmoe, 2019). Dei frivillige organisasjonane spelar framleis ei viktig rolle for samfunnet, om enn på andre måtar enn tidlegare. Anerkjenninga av frivilligheita som samfunnssektor har vore eit viktig utviklingstrekk på 2000-talet. Ei viktig utvikling var at frivilligheita i 2005 fann saman i eit felles samarbeidsforum, Frivillighet Norge (Gustavsen, 2015). Dette var ei

viktig brikke for fleire politiske prosessar som følgde: I 2007 kom den første stortingsmeldinga om frivilligheita (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2007). I etterkant av meldinga blei det oppretta ein satellittrekningskap for frivilligheita (Dam & Westberg, 2012, s. 6), og Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor blei etablert som eit samarbeid mellom Institutt for samfunnsforskning og Rokkansenteret, no forskingsinstituttet NORCE (Kraglund & Enjolras, 2017, s. 5; Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2018).

Den første frivilligheitsmeldinga hadde mellom anna ei meir eller mindre komplett oppramsing av dei ulike sektorane innanfor frivilligheita<sup>6</sup> (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2007, s. 109-170). Den andre, og førebels siste, frivilligheitsmeldinga, som kom i 2018 (Kulturdepartementet, 2018a), valde ei anna tilnærming. I meldinga peikar Kulturdepartementet ut det overordna frivilligheitspolitiske målet (Kulturdepartementet, 2018a, s. 7):

*Det er eit overordna frivilligheitspolitisk mål å auke deltakinga i frivillige organisasjonar og frivillig arbeid. Fordi høg frivillig deltaking er avgjerande for den tilliten vi har i samfunnet vårt. Fordi deltaking i frivillig aktivitet hindrar utanforskap og fremjar inkludering. Fordi organisasjonane er dei beste skulane i demokrati. Fordi frivillige organisasjonar avdekkjer behov og finn nye løysingar. Fordi frivillig innsats er ein heilt avgjerande del av den norske beredskapsmodellen. Fordi frivillig innsats bidreg til å sikre den felles kulturarven vår. Fordi frivillig innsats er viktig for å sikre folkehelsa.*

For det offentlege er det eit mål med ein stor frivillig sektor i seg sjølv, uavhengig av kva organisasjonane vel å jobbe med. For samfunnsrolla frivillig sektor har, kan ifølgje departementet ikkje bli fullt ut teken over av den offentlege eller den marknadsbaserte sektoren (Kulturdepartementet, 2018a, s. 15): For det første utgjer frivillig sektor «ein sosial arena som består av organisasjonar og aktivitetar som deltakarane er med på å skape og etablere sjølve. For det andre «løyser sektoren samfunnsoppgåver med verdiar og profilar

---

<sup>6</sup> Meldinga vier eigne delkapittel til desse sektorane innanfor frivilligheita: idrett, det frivillige kulturlivet, dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane, religion og livssyn, velferdsorganisasjonar med meir, solidaritet og bistand, minoritetsorganisasjonar, politiske parti og interesseorganisasjonar, og beredskapsorganisasjonar (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2007, s. 109-170).

som er viktige alternativ til det offentlege og kommersielle tilbodet». Det blir her poengtert at det ikkje berre er snakk om offentlege tenester som er utkontrakterte, men også tenester som frivillige organisasjonar gjer i eigen regi. Dei frivillige organisasjonane har ei historisk rolle i å avdekkje nye behov og utvikle nye løysingar. For det tredje har frivillige organisasjonar ei samfunnsrolle «gjennom å vere kanalar for deltaking i politikkkutforminga, styrking av sivile rettar og utvikling av normer og verdiar når samfunnet». Frivilligheita blir skildra som viktige som ein demokratisk infrastruktur der dei som deltek, får erfaringar med å vere aktørar i eit demokrati.

Den verdien frivilligheita har for samfunnet og demokratiet, har brei politisk oppslutnad. I samband med handsaminga av frivilligheitsmeldinga i 2019 skreiv familie- og kulturkomiteen samrøystes i innstillinga si (Familie- og kulturkomiteen, 2019, s. 3):

*Komiteen er samd i at frivilligheita er avgjerande for eit fritt og demokratisk samfunn for alle, med fungerande fellesskap. Mange av dei viktigaste velferds- og fellesskapsinstitusjonane me har i dag, var opphavleg komne på og drivne av frivillige. I dag står «dugnad» framleis sentralt i nabolag og lokalsamfunn landet over. Men frivilligheita er òg organisert. Komiteen meiner at frivillige organisasjonar skapar aktivitet der folk bur, fyller fritid og kvardag med meining, er relevante og lyfter saker som ikkje alltid står på politikarane sin dagsorden. Dei frivillige organisasjonane fyller dei hola som staten ikkje rekk å fylle, og vert sjølve bygde nedanifrå.*

Frivilligheita og dei frivillige organisasjonane møter med andre ord stor politisk anerkjenning for den samfunnsrolla dei har. Mange av oss vel å ta del i frivilligheita: I 2019 hadde 63 prosent av oss gjort frivillig arbeid, ifølgje tal frå Frivillighet Norge og Kantar (2019, s. 7). Dei frivillige organisasjonane var eit nytt, stort og viktig fenomen i Noreg då dei oppstod på 1800-talet (Myhre, 2020), og sjølv om vi i dag kanskje ikkje kan seie at dei representerer noko nytt, så er dei frivillige organisasjonane i høgste grad framleis eit stort og viktig fenomen for Noreg.

## 2.2 Forsøk på definisjonar

Som vi såg i kapittel 1 er ikkje det å skulle definere kva ein frivillig organisasjon er berre enkelt. For å bli litt klokare skal vi sjå på dei ulike forsøka som er blitt gjort på å definere frivillige organisasjonar, og gjennom det også få innsikt i kva som kjenneteiknar frivillige organisasjonar.

I april 2017 annonserte dåverande kulturminister Linda Hofstad Helleland at Solberg-regjeringa hadde byrja arbeidet med ei ny frivilligheitsmelding. Det var då ti år sidan det var kome ei stortingsmelding om frivilligheitspolitikken (NTB, 2017). Ei lang rekkje organisasjonar og aktørar gav skriftlege innspel til meldinga (Kulturdepartementet, 2018b), deriblant Frivillighet Norge (Frivillighet Norge, u.å.). Eit av innspela frå samarbeidsforumet til frivilligheita var at frivilligheitsmeldinga burde rydde opp i definisjonane av kva som er å rekne som ein frivillig organisasjon (Frivillighet Norge, 2018, s. 6):

*Ulike lover som Skatteloven, Lotteriloven og Merverdiavgiftsloven opererer med ulike definisjonar av "frivillig organisasjon". Begreper som «allmennyttig» og «samfunnsnyttig» brukes av det offentlige som avgrensninger, men tolkningen av begrepene er skjønnspreget. Det har også vært eksempler på ulike regler i ulike departement, for eksempel krever Klima- og miljødepartementets statsautorisert revisor for lokallag. Det gjør lovverket utilgjengelig og lite forutsigbart for frivillige organisasjoner.*

Frivillighet Norge peika med andre ord på at det ikkje er eintydig i statlege regelverk kva som er ein frivillig organisasjon. Organisasjonen meinte vidare på at det er ei utfordring at frivilligheitsomgrepet blir vatna ut når omgrepet og frivillige blir nytta av stiftingar, enkeltpersonføretak, føretak og kommunar. Inkluderinga av sosialt entrepenørskap i ulike ordningar for frivilligheita fører òg til ei uthøling av definisjonen på kva som er ein frivillig organisasjon, ifølgje Frivillighet Norge (Frivillighet Norge, 2018, s. 6). Samarbeidsforumet ønskte at frivilligheitsmeldinga skulle skildre ulike definisjonar innanfor for frivilligheitsfeltet og korleis dei skal bli tolka, og at målet på sikt må vere ein overordna definisjon av kva som er ein frivillig organisasjon. Den ordna definisjonen burde ta utgangspunkt i Frivillighetsregisteret (Frivillighet Norge, 2018, s. 7).

Frivilligheitsmeldinga til regjeringa Solberg blei lagd fram i statsråd 7. desember 2018 med tittelen «Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig» (Statsministerens kontor, 2018). I meldinga viser regjeringa til det at fleire har ønskt at dei skal definere kva som er frivillige organisasjonar og frivillig sektor, men ei slik avklaring ønskjer regjeringa ikkje å gi (Kulturdepartementet, 2018a, s. 15-16):

*Regjeringa anerkjenner det mangfaldet som utgjer sivilsamfunnet og frivilligheita, og ser det ikkje som si oppgåve å definere kva som er sivilsamfunnet, og kva som er ein frivillig organisasjon. Det er ein viktig føresetnad i demokratiet vårt at sivilsamfunnet får definere seg sjølv, sine ulike roller og sine ulike aktørar. Dette inneber at det er den konkrete aktiviteten, ikkje statlege ordningar eller definisjonar i desse, som skal avgjere kva for organisasjonsform ein vel.*

Trass i ønske frå frivilligheita om ein definisjon frå det offentlege av kva ein frivillig organisasjon er, ønskte altså ikkje Solberg-regjeringa å kome med ein slik definisjon. Andre regjeringar har derimot tidlegare forsøkt å definere kva som er ein frivillig organisasjon og kva som er frivillig sektor, og desse forsøka skal vi no sjå nærare på.

Ved kongeleg resolusjon 30. august 1985 blei det oppnemnt eit utval om frivillige organisasjonar. Utvalet var ei oppfølging av Langtidsprogrammet 1986–1989, som konkluderte med at det offentlege «har i stadig større grad overtatt oppgaver fra de frivillige organisasjonene. Det er behov for en grenseoppgang av den framtidige ansvars og oppgavefordelingen mellom frivillige organisasjoner og offentlige myndigheter» (NOU 1988: 17, 1988, s. 13). I tillegg til at utvalet skulle vurdere forholdet mellom organisasjonane og det offentlege, fekk dei i mandat å lage ei skjematisk oversikt over frivillige organisasjonar, vurdere rettane og pliktene til organisasjonane som driv helse- og sosialtenester, foreslå tiltak som kan betre samarbeidet mellom offentlege organ og frivillige organisasjonar, og greie ut dei økonomiske og administrative konsekvensane av tiltak dei måtte foreslå. Fylkesmann og tidlegare statsminister Lars Korvald fekk oppdraget med å leie utvalet, som elles var sett saman av representantar for ulike frivillige organisasjonar, forskarar og embetsfolk frå ulike departement (NOU 1988: 17, 1988, s. 13-14). Innstillinga til

utvalet blei publisert som ein NOU i juni 1988, og bar tittelen «Frivillige organisasjonar» (NOU 1988: 17, 1988).

Arbeidet til utvalet omfatta «de allmenntytige og ikke økonomiske (ikke-ervertsmessige) organisasjonar, som ofte også kallas ideelle organisasjonar». Organisasjonar som fall utanfor mandatet, var nærings-, yrkes, og arbeidslivsforeiningar (inkludert fagforeiningar), dei politiske partia og partitilknytte organisasjonar, forskings- og vitskapsorganisasjonar og elev-/studentorganisasjonar, samvirkerørsla og bustadkooperasjon (NOU 1988: 17, 1988, s. 17). Ifølgje utvalet er det stor variasjon og stort mangfald blant dei allmenntytige organisasjonane når det gjeld struktur, storleik, medlemsmasse, arbeidsforhold og kva relasjon ein har til det offentlege. Basert på dei primære verksemds- eller arbeidsområda til organisasjonane laga utvalet ein organisasjonstypologi med ti kategoriar (NOU 1988: 17, 1988, s. 17):

- 1. Humanitære og sosiale organisasjonar*
- 2. Kvinneorganisasjonar og kvinnesaksforeiningar*
- 3. Idrettsorganisasjonar, idrettslag*
- 4. Kulturorganisasjonar, kulturvernorganisasjonar og natur/friluftsmiljøvernorganisasjonar*
- 5. Hobbyforeiningar*
- 6. Religiøse organisasjonar og livssynsorganisasjonar*
- 7. Internasjonalt orienterte organisasjonar, menneskerettighetsorganisasjonar og solidaritetsorganisasjonar*
- 8. Velforeiningar, grendelag, nærmiljøorganisasjonar, borettslag (eksklusive eiendomsforvaltning)*
- 9. Spontane aksjonsgrupper, ad hoc-bevegelser*
- 10. Andre foreiningar, lag.*

Vidare fann Korvald-utvalet det tenleg å definere dei allmenntytige organisasjonane innanfor ein «tredje sektor». Dette omgrepet skildrar verksemd som korkje høyrer til den private marknaden (den første sektoren) eller den offentlege sektoren (den andre sektoren) (NOU 1988: 17, 1988, s. 19). Sjølv om grensene mellom sektorane tidvis kan vere uklare, argumenterer utvalet for at ei slik inndeling bidreg til ei meir presis og nyansert forståing av



ulike typar samfunnsverksemd (NOU 1988: 17, 1988, s. 20).

Spørsmålet om definisjon av frivillige organisasjonar blei diskutert av utvalet: «I dagligtale brukes betegnelse som sammenslutninger, foreninger, lag, klubb, forbund, selskap, gruppe, bevegelse, samfunn osv. om det vi upresist forstår ved en «frivillig organisasjon».» Ifølgje utvalet eksisterte det ikkje nokon tilfredsstillande, klar og eintydig definisjon korkje i nasjonal eller internasjonal og litteratur (NOU 1988: 17, 1988, s. 57). Korvald-utvalet valde å leggje nokre kjenneteikn for frivillige organisasjonar til grunn. Utvalet la til grunn at frivillige organisasjonar (NOU 1988: 17, 1988, s. 57):

- er en gruppe individer eller sammenslutninger av individer som*
- organiserer seg for å fremme visse formål/interesser*
- oftest er startet av private*
- styres privat og frivillig*
- ikke har fortjeneste som målsetting*
- ofte baserer viktige sider ved virksomheten på ulønnet innsats fra medlemmene*

Utvalet skreiv vidare at ein frivillig organisasjon ofte vil ha registrerte medlemskap, og formelle rammer som vedtekter, føremålsparagraf, årsmøte, styre og liknande. Men utvalet peikar også på at ein har organisert aktivitet i einingar som ikkje har ein slik formell struktur, som ein kan omtale som adhocbasert og relativt uformell (NOU 1988: 17, 1988, s. 57-58). Grenseoppgangane mellom kva som er ein frivillig organisasjon, og kva som er løyst organisert, og mellom kva som er i frivillig regi og i offentleg, byr på mange utfordringar. Utvalet gjekk ikkje nærmare inn på dei vanskelege drøftingane, men viste til typologiseringa dei hadde laga for å vise korleis utvalet oppfatta mandatet sitt. Vidare om spørsmålet om definering av ein frivillig organisasjon valde utvalet å sitere ei tilsvarande utgreiing frå Storbritannia: «We decided that as a general guideline commonsense or common parlance must prevail over verbal consistency or logical precision...» (NOU 1988: 17, 1988, s. 58).

I 1995 vedtok Stortinget samrøystes å be regjeringa om å leggje fram ei stortingsmelding om arbeidsvilkår for dei frivillige organisasjonane på bakgrunn av utgreiinga til Korvald-utvalet (Kulturdepartementet, 1997, s. 5). Stortingsmeldinga, som fekk tittelen *Om statens forhold til frivillige organisasjoner*, blei lagd fram av regjeringa Jagland i 1997 (Kulturdepartementet,

1997). I meldinga fall følgjande innanfor definisjonen av frivillige organisasjonar (Kulturdepartementet, 1997, s. 15-16):

*1. Organisasjoner som kjennetegnes ved at de*

*– har et allmennyttig siktemål*

*– bygger på medlemskap av individer og/eller organisasjoner*

*– har en demokratisk styringsstruktur*

*2. Virksomheter som eies eller drives av en organisasjon som faller inn under pkt.1, f.eks.*

*behandlingsinstitusjoner i helse- og sosialsektoren, skoler, barnehager,*

*bistandsorganisasjoner, kampanjer, tidsskrift, prosjekter mv.*

*3. Stiftelser med allmennyttig formål*

*4. Økonomisk samvirke som ikke har fortjeneste som formål, f.eks. foreldredrevne*

*barnehager*

*5. Trossamfunn og livssynsorganisasjoner*

Organisasjonane som fall innanfor avgrensinga, er i stor grad samanfallande med Korvald-utvalet (NOU 1988: 17, 1988), eit unntak er foreldredrivne barnehagar. Elles er det verdt å nemne at ei organisasjonsform blir eksplisitt nemnd, nemleg stiftingar, men dei må til gjengjeld ha eit «allmennyttig formål» for å bli rekna med. Stortingsmeldinga skisserte vidare tre former for frivillig virke, med følgjande kjenneteikn (Kulturdepartementet, 1997, s. 27):

- Medlemsbasert virke: individ som går saman om aktivitet, interesse, problemløysing eller på anna vis har eit forhold til ei kollektiv sak.
- Verdibasert samverke: eigenart, ressursar og verdigrunnlag er synleg gjennom måten ein er organisert på.
- Fortenestefri tenesteproduksjon: tenester som blir drivne av organisasjonar utan føremål om profitt.

Dei tre formene for frivillig virke er meint å reflektere tre ulike grunnsyn om kva frivillige samanslutningar bidreg med i samfunnet, som kan bli lagde til grunn for den statlege tildelingspolitikken (Kulturdepartementet, 1997, s. 27). Støtte frå staten til medlemsbasert virke handlar om å realisere overordna mål om demokrati, tilhøyrse og fellesskap. Støtte frå staten til verdibasert virke handlar gjerne om å løyse ut dei særeigne bidraga frå organisasjonen eller støtte opp under dette arbeidet. Fortenestefri tenesteproduksjon handlar

om at staten kjøper ytingar som vanlegvis er baserte på fagleg kompetanse, krav til effektivitet og målretta verksemd (Kulturdepartementet, 1997, s. 27).

I 2007, ti år etter stortingsmeldinga utarbeidde Stoltenberg II-regjeringa stortingsmeldinga *Frivillighet for alle* (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2007). Under overskrifta «Nærmere om frivillighetsbegrepet» viste regjeringa til avgrensingane som blei gjorde i den tidlegare omtala utgreiinga til Korvald-utvalet (NOU 1988: 17, 1988) og stortingsmeldinga *Om statens forhold til frivillige organisasjoner* (Kulturdepartementet, 1997). Regjeringa meinte at det ikke var «naturlig at staten skal definere hva som er frivillig virksomhet, men det er behov for å trekke opp hvem som skal omfattes av rettigheter og plikter i ulike lover og regelverk» (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2007, s. 14). Som vi skal sjå i neste delkapittel, har tilgangen til ulike tilskotsordningar vore ein av dei tinga som indirekte har vore med på å definere den frivillige sektoren.

Trass i at Solberg-regjeringa ikkje ønskjer å definere kva som er ein frivillig organisasjon, anerkjenner regjeringa i frivilligheitsmeldinga si at staten meir eller mindre har vore med på å definere kva som utgjer frivillig sektor, indirekte. Konkret har dette skjedd på tre måtar: gjennom etableringa av Frivilligheitsregisteret, gjennom satellittrekneskapen for ideelle og frivillige organisasjonar til Statistisk sentralbyrå og gjennom avgrensinga av målgrupper og mål i tilskotsordningar (Kulturdepartementet, 2018a, s. 16). Desse tre indirekte inngangane til definering av frivillig sektor og frivillige organisasjonar skal vi no sjå nærare på.

## 2.3 Indirekte definering av sektoren

Den første måten staten indirekte har definert frivillig sektor på, er gjennom Frivilligheitsregisteret, som blei oppretta i 2009 etter initiativ frå frivillige organisasjonar. Føremålet er å gjere samarbeidet mellom frivillige organisasjonar og offentlege myndigheiter betre og enklare (Brønnøysundregistra, 2018). Ifølgje regjeringa var mykje av målet med å etablere registeret å ramme inn frivilligheita og anerkjenne ho som ein sjølvstendig sektor i samfunnet på linje med næringslivet (Kulturdepartementet, 2018a, s. 16). Registreringsrett i registeret følger av frivilligheitsregisterlova (2007), og følgjande einingar har høve til å registrere seg dersom dei driv frivillig verksemd (§ 4 *Registreringsenheter*):

- a) ikke-økonomisk (ideell) forening,*
- b) alminnelig stiftelse som ikke foretar utdelinger, eller som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet,*
- c) næringsdrivende stiftelse som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet,*
- d) aksjeselskap som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet.*

Frivillig verksemd blir i lova definert slik i § 3 Registreringsrett. *Frivillig virksomhet* (Frivillighetsregisterloven, 2007):

*Frivillig virksomhet er aktiviteter som ikke er fortjenestebasert.*

*Følgende aktiviteter regnes ikke som frivillig virksomhet:*

- a) aktiviteter organisert av det offentlige,*
- b) aktiviteter basert på samvirkeprinsipper og som omfattes av lov om samvirkeforetak (samvirkeoven).*

*Frivillig virksomhet som ikke anses allmenntilgjengelig, kan nektes registrering i særskilte tilfeller.*

I praksis seier ikkje frivillighetsregisterlova noko om kva frivillig verksemd er; ho seier kva frivillig verksemd ikkje er: aktivitetar som er fortjenestebaserte, organiserte av det offentlege og baserte på samvirkeprinsipp og samvirkeova. Frivillighetsregisteret har ei brei tilnærming til frivilligheit, og med unntak av samvirkeforetak kan alle organisasjonsformer registrere seg (Kulturdepartementet, 2018a, s. 17). Dette betyr at frivillighetsregisterlova ikkje gir nokon definisjon på kva ein frivillig organisasjon er; ho nøyer seg med å seie kva juridiske einingar som har rett til å registrere seg dersom dei driv frivillig verksemd, og kva slik verksemd ikkje er. Vi skal kort sjå på kvifor det er slik.

I 2005 oppnemnde det dåverande Kultur- og kyrkjedepartementet ei arbeidsgruppe for å greie ut etableringa av eit frivillighetsregister (NOU 2006: 15, 2006, s. 7). Ifølgje mandatet skulle arbeidsgruppa mellom anna «foreslå definisjon av avgrensning av frivillighetsbegrepet som skal ligge til grunn for registeret» (NOU 2006: 15, 2006, s. 7). Ifølgje arbeidsgruppa eksisterer ikkje omgrepet frivillig organisasjon i norsk juridisk språkbruk, og frivillig verksemd blir «i all hovudsak organisert som foreningar eller stiftelser» (NOU 2006: 15, 2006, s. 23).

På bakgrunn av at det i daglegtalet, samfunnsvitskapen og jussen ikkje ligg føre ein eintydig definisjon av frivillig organisasjon, såg ikkje arbeidsgruppa det som naturleg å nytte omgrepet som kriterium for registrering i det nye registeret (NOU 2006: 15, 2006, s. 24). Arbeidsgruppa viser til at det i offentlege dokument er gjort enkelte forsøk på å kvalifisere «frivillige organisasjonar» ved bruk av ideologiske omgrep, som «ideell» og «allmennyttig». Dette gjer ifølgje arbeidsgruppa ikkje saka noko klarare når ein skal setje juridiske og forvaltningsmessige avgrensingar, og gruppa såg ikkje på det som naturleg å setje grensa utifrå den juridiske eininga foreining (NOU 2006: 15, 2006, s. 24):

*Som en definisjon av foreningsbegrepet i norsk rett er ideell forening tradisjonelt lagt til grunn som ensbetydende med ikke-økonomisk forening, og disse avgrensingsmarkørene vil fortsatt ha sin berettigelse og gyldighet ved bedømmelsen av hva som er en forening. Dette er imidlertid noe ganske annet enn at begreper som ideell og allmennyttig skal danne grunnlag for en avgrensning av hele området for frivillige aktiviteter. Frivillig sektor har tradisjonelt blitt oppfattet å omfatte «foreningslivet». Det er imidlertid opplagt at en registrering utelukkende av enheter som kan defineres som forening i juridisk forstand, vil gi et skjevt bilde av frivillig sektor slik denne fremstår i dag. Sektoren er i sterk utvikling og endring og flere organisasjonsformer er representert.*

Med andre ord er det ikkje slik at berre foreiningar er å rekne som frivillige organisasjonar, slik vi var inne på i kapittel 1. Arbeidsgruppa landa på at registrering i registeret bør vere ein rett for juridiske personar som driv frivillig verksemd, altså aktivitetar som ikkje er fortenestebaserte, organisert av det offentlege eller baserte på samvirkeprinsipp. (NOU 2006: 15, 2006, s. 24). Ei tilråding frå arbeidsgruppa var at aktivitets- og verksemdsområdet til eininga blei underlagd registreringsplikt, og skulle bli registrert med kategori. Denne klassifiseringa av dei registrerte einingane i registeret skulle ta utgangspunktet i eit klassifikasjonsskjema frå *The Johns Hopkins Comparative Nonprofit Sector Project* som heiter «International Classification of Nonprofit Organizations» (ICNPO) (NOU 2006: 15, 2006, s. 44). Det internasjonale prosjektet har som føremål å kartleggje frivillig sektor, og i Noreg har store delar av datainnhentinga blitt gjort i samarbeid med Statistisk sentralbyrå (SSB) (NOU 2006: 15, 2006, s. 45). Som vi skal sjå i neste del, har innhenting av statistikk

frå det offentlege om frivillige organisasjonar bidrege til ei innramming av sektoren.

Den andre måten staten indirekte har definert frivillig sektor på, er gjennom satellittrekneskapen for ideelle og frivillige organisasjonar som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (2019). Satellittrekneskapen blei etablert som ei oppfølging av stortingsmeldinga «Frivillighet for alle» (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2007) for å få auka kunnskap og merksemd om ideell og frivillig sektor. (Dam & Westberg, 2012, s. 6). I arbeidet med satellittrekneskapen baserer Statistisk sentralbyrå seg på SN-handboka *Handbook on Non-Profit Institutions in the System of National Accounts* (United Nations, 2003), som gir definisjonar og retningslinjer for korleis ein skal handsame frivillige organisasjonar innanfor eit nasjonalrekneskapssystem (Dam & Westberg, 2012, s. 6).

Med utgangspunkt i SN-handboka består sektoren som satellittrekneskapet dekkjer, av einingar som har følgjande kjenneteikn (Statistisk sentralbyrå, 2019):

- Organisasjon: Einingane har ein viss grad av intern organisasjonsstruktur, og aktivitetar, struktur og føremål er varige eller felte ned i vedtekter. Mellombelse grupperingar og adhocgrupper er ekskluderte, men uformell aktivitet kan likevel bli inkludert sjølv om det manglar juridisk status.
- Ikkje fortenebasert: Organisasjonen har ikkje økonomisk vinning som føremål, og ein utbetaler ikkje overskot. Eventuelt overskot går attende til drifta av organisasjonen.
- Institusjonelt skild frå staten: Organisasjonen er ikkje ein del av det offentlege og har ikkje utøvande makt. Verksemda kan likevel vere finansiert gjennom offentlege midlar.
- Sjølvstyrt: Eininga har råderett over eigne aktivitetar, og kan på eget initiativ endre føremål, vedtekter eller leggje seg sjølv ned.
- Frivillige: Medlemskap eller deltaking er ikkje påbode, obligatorisk eller lovpålagt.

Som i Frivillighetsregisteret blir klassifikasjonssystemet International Classification of Non-Profit Organizations (ICNPO) nytta (Dam & Westberg, 2012). Satellittrekneskapen blei for første gong publisert som ein artikkel i SSBmagasinet i 2010 og blir no publisert årleg. Frå og med 2011 inngår inntektene til dei frivillige organisasjonane som ein del av satellittrekneskapen, som då representerer eit fullstendig rekneskapssystem for den frivillige

sektoren. Som vi skal sjå, har også inntektene til dei frivillige organisasjonane frå det offentlege bidrege til ei innramming av sektoren. Frå og med 2011 omfattar satelittrekneskapet også inntektene til organisasjonane og representerer dermed eit fullstendig rekneskapsystem for den frivillige sektoren (Statistisk sentralbyrå, 2019). I 2017 blei verdien av det frivillige arbeidet til organisasjonane gjennom satelittrekneskapet vurdert til å utgjere 136 milliardar, som tilsvarer fire prosent av bruttonasjonalprodukt (Nickelsen, 2019).

Den tredje måten staten indirekte har definert frivillig sektor på, er gjennom statlege tilskotsordningar. Eit viktig verkemiddel i den statlege frivilligheitspolitikken er forvaltning av tilskot (Kulturdepartementet, 2018c, s. 41), og på statleg nivå eksisterer det over 50 tilskotsordningar retta mot frivillige organisasjonar eller som frivillige organisasjonar kan søkje på (Berge et al., 2018; Kulturdepartementet, 2018d). Reglementet for økonomistyring i staten krev at eit departement som vil opprette ei tilskotsordning skal tydeleggjere kva som er føremålet og kven som er målgruppa for ordninga, og det skal bli utarbeidd tildelingskriterium som skal gi grunnlag for å avgrense kven som er potensielle tilskotsmottakarar (Finansdepartementet, 2019, s. 100).

Som vi har sett ovanfor, har frivilligheita peika på utfordringar med at frivillige organisasjonar bli praktisert og handtert ulikt i ulike lov- og regelverk. Staten har tilsynelatande ei lite heilskapleg tilnærming når det gjeld forvaltning av tilskot til frivilligheita: ei ekspertgruppe som var sett ned av Kulturdepartementet for å vurdere korleis tildeling av statlege tilskot kan bli gjort enklare, opnare og meir koordinert, skildra situasjonen på feltet som «et lappeteppa med store variasjoner av tilskudd til frivillige organisasjonar. [...] Landskapet er uoversiktlig og ressurskrevende å forholde seg til for organisasjonar som søker flere ordningar, og det gjør de fleste.» (Berge et al., 2018, s. 1).

Staten har gjort enkelte tiltak i eit forsøk på å forenkle og samordne tilskotsordningane. Kulturdepartementet, som er ansvarleg for å koordinere den statlege frivilligheitspolitikken, har utarbeidd rettleiinga «Forenkling av statlege tilskuddsordningar for frivillige organisasjonar» (Kulturdepartementet, 2017). Rettleiinga inneheld forslag til felles definisjonar av sentrale omgrep som gjerne blir nytta i tilskotsordningar for frivillige organisasjonar, deriblant samordna definisjonar på kva ein teljande medlem er, og kva eit

teljande lokallag er (Kulturdepartementet, 2017, s. 21-23). Talet på medlemar og lokallag i ein organisasjon er vanlege utmålingskriterium i statlege tilskotsordningar, som betyr at desse tala har tyding for storleiken på tilskotet ein får.

Rettleiaren gir ingen forslag på felles definisjon av ein frivillig organisasjon, og argumenterer for at det ville det vore problematisk at staten gjorde det (Kulturdepartementet, 2017, s. 10). Derimot skildrar rettleiaren nokre kjenneteikn, kategoriar og særtrekk ved frivillige organisasjonar som det er naturleg å sjå nærare på.

Ifølgje den departementale rettleiinga er dei viktigaste kjenneteikna ved frivillige organisasjonar at dei ikkje er organiserte av det offentlege, og at dei ikkje er fortenestebaserte. Departementet peikar på at dette er i tråd med det som blir rekna som frivillig verksemd i Frivillighetsregisteret (Kulturdepartementet, 2017, s. 10). Frivillig innsats vil ifølgje departementet som regel utgjere ein viktig del av verksemda i frivillige organisasjonar. Departementet skriv at frivillig verksemd i all hovudsak vil ha organisasjonsforma foreining/lag/innretning eller stifting, men at det kan vere unntak (Kulturdepartementet, 2017, s. 10).<sup>7</sup>

Vidare peikar departementet på kjenneteikna som ein finn i SN-handboka (United Nations, 2003) som eg har gjort greie for i samband med satellittrekneskapen til Statistisk sentralbyrå, og definisjonen som Frivillighet Norge opererer med (Kulturdepartementet, 2017, s. 11):

*En frivillig organisasjon er en sammenslutning av personer eller virksomheter som driver virksomhet på ikke-fortjenestebasert og ikke-offentlig basis, jf. definisjonen i Frivillighetsregisterloven §3 og 4. En frivillig organisasjon baserer en vesentlig del av driften på medlemskontingenter, gaver, innsamlede midler og/ eller frivillig arbeidsinnsats. En frivillig organisasjon kan være forening, lag, stiftelse, ideelt aksjeselskap, forbund, nettverk eller en paraplyorganisasjon.*

---

<sup>7</sup> Departementet peikar på til dømes at eit ideelt aksjeselskap eller ei stifting som utelukkande føretekt utdelingar til frivillig verksemd (Kulturdepartementet, 2017, s. 10).



Departementet skriv at dersom ein ønskjer å avgrense ei ordning til medlemsbaserte organisasjonar, bør ein skrive dette eksplisitt i regelverket for og kunngjeringa om ordninga. Medlemsbaserte organisasjonar blir definert som at dei har «oppbygning med sentralledd, regionalt ledd og lokallag. Tilknytningsforhold mellom sentralledd og regional- og/eller lokalledd med felles formål kan registreres i Frivillighetsregisteret av sentralleddet» (Kulturdepartementet, 2017, s. 11).

Frivillige organisasjonar i Noreg har tradisjonelt vore demokratisk oppbygde, og kjenneteikna som ein demokratisk organisasjon blir definert ved, er «at alle medlemmer fra og med 15 år har fullverdige demokratiske rettigheter i organisasjonen, dvs. stemmerett, lik møte-, tale- og forslagsrett og rett til å la seg velge som representant» (Kulturdepartementet, 2017, s. 25). Departementet skriv at forvaltaren må vurdere om ein skal stille krav om demokrati i ei ordning; det er til dømes viktigare i ordningar der demokrati er ein del av føremålet (Kulturdepartementet, 2017, s. 25).

Til sist peikar departementet på nokre særtrekk for frivillige organisasjonar, både nokre generelle og nokre som er spesifikke for barne- og ungdomsorganisasjonar. Her siterer eg det som er dei generelle særtrekka (Kulturdepartementet, 2017, s. 11-12):

- *De fleste av organisasjonene har en årlig syklus med årsrapport og årsregnskap som godkjennes av et årsmøte etter forutgående internkontroll.*
- *De som ansettes/velges i sentrale verv er ofte valgt på grunn av interesse for og kompetanse innen organisasjonens formål, mer enn sin administrative og økonomiske kompetanse.*
- *Det er ofte stor utskifting, både blant tillitsvalgte og de med administrative oppgaver.*
- *Frivillige organisasjoner representerer egenorganisering av interesser medlemmene trives med: innsatsen er lystbetont.*
- *Medlemsbaserte organisasjoner er ofte landsomfattende og organisert gjennom lokallag og ev. regionalledd tilknyttet et sentralledd.*
- *Mange organisasjoner er uten betalte ansatte og med små økonomiske ressurser. Regionale og sentrale ledd kan også være uten fast ansatte.*

Vi har no sett på korleis det offentlege meir eller mindre direkte definerer frivillige organisasjonar, og kva kjenneteikn og særtrekk dei legg vekt på. Med utgangspunktet i dette skal eg no gjere eit forsøk på definere frivillige organisasjonar med føremål om å gjere retoriske studium.

## 2.4 Ein praktisk definisjon

Ettersom føremålet mitt er å studere frivillige organisasjonar retorisk har eg ein lettare jobb når det gjeld å definere kva som kan bli rekna som ein frivillig organisasjon, då definisjonen ikkje skal bli nytta i juridiske regelverk for å vurdere om ei eining er utanfor eller innanfor. Eg kan difor gjere ein meir praktisk definisjon, og, basert på gjennomgangen i dei to førre delkapitla, har eg vald å definere ein frivillige organisasjon slik:

1. Ein frivillig organisasjon har
  - a) eit definert føremål, som er allmennyttig
  - b) ei form for struktur og organisatorisk oppbygging
  - c) sjølvstyre, og er sjølveigande
  - d) vedtekter som regulerer styringa av organisasjonen
2. Ein frivillig organisasjon vil ofte
  - a) vere registrert som ei foreining
  - b) vere basert på medlemskap
  - c) ha ein demokratisk styringsstruktur
  - d) ha ulønt innsats som ein viktig del av verksemda
3. Ein frivillig organisasjon er ikkje
  - a) fortenestebasert
  - b) basert på samvirkeprinsipp
  - c) organisert av det offentlege

Gjennomgåande i dei ulike forståingane av frivillige organisasjonar vi har sett, er det at organisasjonane har eit føremål, og at det er allmennyttig. Allmennyttig er forstått breitt – frå ein organisasjon som har til føremål å dele ut mat til dei som treng det, til ei velforeining som vil betre buforholda i eit nabolag. Vidare er det gjennomgåande at frivillige organisasjonar har ein struktur og ei organisatorisk oppbygging. Denne kan vere veldig enkel i små, lokale

organisasjonar, eller svært omfattande i nasjonale organisasjonar med ulike organisasjonsledd. Det viser seg å vere eit grunnleggjande prinsipp at frivillige organisasjonar styrer seg sjølve, og er sjølvvegande. Det vil seie at det ikkje er nokon som har eigarinteresser i frivillige organisasjonar, med ideelle aksjeselskap som eit unntak. Den siste skansen eg introduserer for å avgrense kva som minimum må vere på plass for å kalle noko ein frivillig organisasjon, er vedtekter som regulerer styringa av organisasjonen.

Når det gjeld kjenneteikn som ofte er å finne i ein frivillig organisasjon, er det første at den frivillige organisasjonen vil vere registrert i Einingsregisteret som ei foreining. Sjølv om dette ser ut til å vere den mest vanlege juridiske forma for frivillige organisasjonar, kan frivillige organisasjonar ha andre juridiske former – til dømes stifting. Frivillige organisasjonar i Noreg har ein tradisjon for å vere baserte på medlemskap (Strømsnes, 2002, s. 13). Det vil seie at ein kan melde seg inn fritt og individuelt. Frå ein er 15 år, kan ein sjølv ta avgjerder om medlemskap i frivillige organisasjonar (Barnelova, 1981, §32). Medlemsbaserte organisasjonar har gjerne ei demokratisk styreform der medlemskapet inneber at ein får demokratiske rettar i organisasjonen. Det siste kjenneteiknet som er vanleg blant frivillige organisasjonar, er at ulønt innsats er ein viktig del av verksemda, til vanleg ofte kalla frivillig arbeid.

Til sist har vi sett at frivillige organisasjonar blir definerte negativt etter kva det ikkje er: Dei har ikkje fortjeneste eller profitt som føremål, dei er ikkje baserte på samvirkeprinsipp, og dei er ikkje organiserte av det offentlege.

Innramminga ovanfor av kva som er eller kjenneteiknar frivillige organisasjonar, gir oss ein tenleg inngang for å gå vidare i denne oppgåva og sjå på korleis ein kan studere frivillige organisasjonar retorisk. Innramminga gir også mogelegheit til å trekkje nokre skiljelinjer innanfor den store floraen som utgjer norsk frivilligheit. Til dømes vil det kunne vere interessant å sjå på forskjellar mellom frivillige organisasjonar som er demokratiske og medlemsbaserte, og dei som ikkje er det. Vidare eksisterer det frivillige organisasjonar som har andre former for medlemskap enn det personlege og individuelle: Ein finn frivillige organisasjonar som er baserte på kollektivt medlemskap, eller der det er andre frivillige organisasjonar som kan melde seg inn. Det siste blir omtala som paraplyorganisasjonar (Arnesen, 2018, s. 9-10)

Omgrepet frivillige organisasjonar blir ofte nytta tett saman med omgrepa frivillig sektor og frivilligheita. Desse to skal eg berre skildre kort: Frivillig sektor forstår eg i denne oppgåva på linje med Korvald-utvalet (NOU 1988: 17, 1988), det vil seie som den sektoren som eksisterer i samfunnet mellom den private marknaden og den offentlege sektoren. Frivilligheita forstår som eit samleomgrep for alt som er basert på verksemd som er tufta på ulønt innsats eller allmennyttige føremål, altså dei frivillige organisasjonane og alle grupperingar som ikkje fell inn under organisasjonsomgrepet, og dessutan den frivillige innsatsen som skjer i frivillige organisasjonar og andre stader.

Omgrepet frivillig organisasjon rommar mange måtar å organisere og drive frivillig verksemd på. Sjølv om mykje kan vere ulikt på tvers av ulike frivillige organisasjonar, så er det mykje som kan vere likt. Dette er noko som kan gjere det krevjande å skulle kome fram til ei retorisk tilnærming for å skulle studere frivillige organisasjonar. I neste kapittel skal vi sjå på fire retoriske perspektiv som eg meiner gir gode, teoretiske inngangar til retoriske studium av frivillige organisasjonar.

## 3 Fire retoriske perspektiv

I dette kapitlet vil eg ta for meg fire retoriske perspektiv som eg meiner er relevante for studiet av frivillige organisasjonar. Dei to første, politisk retorikk og retorisk medborgarskap, gir kvar for seg ei ramme vi kan studere frivillige organisasjonar innanfor. Dei to siste, organisasjonsretorikk og retorisk sjangerteori, tilbyr måtar å studere frivillige organisasjonar på. Dei fire perspektiva vil saman hjelpe meg til å kunne vise kvifor ein bør og korleis ein kan studere frivillige organisasjonar retorisk. Først ut er politisk retorikk.

### 3.1 Politisk retorikk

Demokratiet og retorikken og har ei lang historie saman, og denne historia vil eg sjå nærare på i dette delkapitlet. Først vil eg sjå på det antikke opphavet til den politiske retorikken, og vidare vil eg sjå på stillinga til politisk retorikk innanfor moderne retorikkforskning.

Framveksten av demokrati i dei greske byområda rundt 500 f.Kr. var viktig for at retorikken oppstod som fag (Vestrheim, 2018, s. 13). Dei antikke demokratia var direktedemokrati, og ikkje representative slik dei fleste er i dag: Avgjerder blei ikkje tekne av representantane til folket, men i ei folkeforsamling der alle borgarar hadde møte-, tale- og røysterett (Vestrheim, 2018, s. 20). Innanfor omgrepet «alle borgarar» fann ein dei fleste vaksne menn, men ikkje kvinner, innvandrarar og borna deira, og ikkje slavar (Vestrheim, 2018, s. 20). Ein aktiv deltakar i folkeforsamlinga blei kalla *rhetor*, for politikarar var talarar (Andersen, 1995, s. 279), og det er adjektivet av dette ordet som har blitt til ordet retorikk som vi nyttar i dag (Andersen, 1995, s. 11). Å tale godt for seg var ein føresetnad for å skulle ha politisk innverknad slik det athenske demokratiet var organisert, ifølgje Vestrheim (2018, s. 20):

*Dette var et system som levnet lite rom for lobbyvirksomhet, tvert imot var det utformet for å forhindre sterke personer eller interessegrupper å skulle skaffe seg permanent innflytelse over beslutningsprosessen. Den som ville vinne fram med sitt syn, var nødt til å gjøre det ved å overtale forsamlingen, og det å kunne tale godt ble dermed en avgjørende ferdighet for en politiker – langt viktigere enn i dag.*

Utviklinga av demokratiet førte til utviklinga av retorikken, og politikk var difor noko heilt grunnleggjande i retorikkfaget frå byrjinga: Aristoteles delte dei retoriske talane inn tre typar: rettstalar, epideiktiske talar/lovtalar og politisk-rådgivande talar (Aristoteles, 2006, s. 35). Den politisk-rådgivande talen skulle anten tilråde eller rå ifrå noko, for anten ein gav råd privat eller heldt ein politisk tale, gjorde ein alltid det eine eller det andre, meinte Aristoteles (2006, s. 35).

I om lag hundre år fekk retorikken utfalde seg for fullt i det athenske politiske systemet (Andersen, 1995, s. 279), og retorikken spreidde seg også til Romarriket, der Cicero utmerka seg både som retorisk teoretikar og praktikar (Vestrheim, 2018, s. 33). Men etter at dei greske byområda blei erobra og den romerske republikken fall til fordel for eit eineveldig keisardømme, forsvann grunnlaget for mykje av det opphavlege grunnlaget for den retoriske kulturen (Vestrheim, 2018, s. 33). Retorikken levde likevel vidare<sup>8</sup>, og Berge (2014) skriv i artikkelen «Hva er politisk retorikk?» at normene frå antikken for den rådgivande talesjangeren har forma forståinga «av hvordan politiske taler og talekunst skulle og skal utformes i den europeiske kulturkretsen helt fram til vår tid» (Berge, 2014, s. 12). Vi skal no sjå på politisk retorikk innanfor moderne retorikkforskning.

Demokratiet og politikken har endra seg mykje sidan antikken, og det same har tilnæringsmåten til den politiske retorikken gjort. I den nemnde artikkelen av Berge (2014) presenterer forfattern ei samla tilnærming til politisk retorikk, som er tredelt (Berge, 2014, s. 22): For det første må politisk retorikk bli forstått komplekst som «noe som utøves i alle kulturkontekster i samfunnet som av samfunnets deltakere forstås som politiske». Studiet av politisk retorikk må ikkje avgrense seg til å studere ytringane i dei politiske institusjonane, som til dømes kommunestyret eller Stortinget, men også alle andre arenaer der det skjer ytringar som bidreg til politisk handling i eit samfunn. For det andre inneber politisk retorikk at ein forsøker å utøve politikk «ved hjelp av og gjennom alle tilgjengelige semiotiske ressurser – ytringer, tekster, genrer, medier, formater – som kan virke overtalende og styrende på samfunnets deltakere». Berge omtaler desse semiotiske ressursane som retoriske tradisjonar, praksisar og sjangrar, og desse skal vi snart kome attende til. For det tredje bør politisk retorikk bli definert som «politikkens semiotisk medierte iscenesettelse». (Berge,

---

<sup>8</sup> For ei kortfatta retorikkhistorie, sjå Vestrheim (2018, s. 37-45) og Kjeldsen (2009, s. 40-50).

2014, s. 22). Politikken er situasjonell og tilgjengeleg anten direkte eller mediert gjennom medium.

Slik Berge (2014, s. 12) ser det så er politikk i den retoriske tanketradisjonen retorikk i praksis:

*Ved hjelp av politisk retorikk avveies det av folket, eller gjennom folkets ombudsmenn, hvilke handlinger som samfunnet skal gjennomføre i framtiden, og hvilke lover og regler som gjelde [sic] for mellommenneskelig samkvem. Forstått på denne måten er den politiske retorikken et språklig redskap som anvendes for å organisere samhandling gjennom åpne diskusjoner og fellesskapsforankrede beslutninger.*

Kjeldsen (2015, s. 79) legg også vekt på at politisk retorikk ikkje handlar om å overtale, men derimot å vege alternativ opp mot kvarandre: «Det handler om å vurdere mulige politiske handlinger mot hverandre for å kunne beslutte seg for den best mulige handlingen i en bestemt situasjon». Han peikar vidare på nokre trekk som er relevante for studiet av politisk retorikk (Kjeldsen, 2015, s. 80): For det første er den politiske retorikken oppteken av det situasjonelle og det konkrete. Dette skil seg frå til dømes politisk filosofi, som tek opp spørsmål som er uavhengige av tid og stad. Det andre er at forskarar i politisk retorikk primært ikkje er opptekne av kausale forhold mellom ytringar og effekt, men snarare korleis politisk retorikk verkar, og kva form for politisk retorikk som formar samfunnet. Det tredje er at sjølv om den deliberative retorikken historisk og institusjonelt er knytt til politikarar og politikk, avgjerder og demokrati, så er dette ein type retorikk vi alle utfører: Det er ein grunnleggjande del av det å vere menneske å argumentere for bestemte val.

Berge (2014) diskuterer også rammevilkåra for politisk retorikk i Noreg, og peikar på tre konstituerande trekk ved det norske politiske systemet: Grunnlova og maktfordelingsprinsippet, parlamentarismen og ytringsfridomsparagrafen (§ 100) i Grunnlova (Berge, 2014, s. 23). Berge (2014, s. 25-27) tek vidare opp kva retoriske praksisar og sjangrar det er innanfor politikken i Noreg, og eg vil her trekkje fram det Berge peikar på som er av særleg relevans for studiet vårt av frivillige organisasjonar: Etableringa og utviklinga av dei mange motkulturelle folkerørslene la til rette for utviklinga av dei politiske partia og parlamentarismen, som blei innført i 1884. Med innføringa av parlamentarismen

blei partiorganisasjonane vegen til makt og politiske verv, og dette hadde konsekvensar for utviklinga av den politiske retorikken. Berge (2014, s. 27) understrekar den verdien organisasjonane hadde i myndiggjeringa av folket innanfor ulike former for politisk retorikk, og skriv at i «det moderne nordiske demokratiet er derfor organisasjonssamfunnets retoriske praksiser og genrer blant de viktigste og mest innflytelsesrike ytringskulturene». Dette er eit viktig poeng, difor er det synd at praksisane og sjangrane til organisasjonane ikkje blir grundigare handsama i «Hva er politisk retorikk?»: Organisasjonsretorikken blir av Berge (2014, s. 28) har hos Berge ein retorisk praksis, «håndboken», som har propaganda, møteprosedyrar og førelesingar som «genrer i moderne politikk». Dette er slik eg ser det, ei snever skildring av dei retoriske sjangrane i dei frivillige organisasjonane, og eg vil kome attende til dette i kapittel 5.

Stoda for dei frivillige organisasjonane i Noreg blir av Berge skildra slik (Berge, 2014, s. 27):

*I dag er de tradisjonelle folkebevegelsene sterkt svekket. I moderne tid er ulike organisasjonsretoriske former tatt i bruk av interesseorganisasjonene for leger, lærere, akademikere, forfattere også videre, og ikke minst fagforeninger som LO og YS. Det er helt vesentlig å forstå den politiske retorikken og de retoriske arenaene som utvikles av interesseorganisasjoner og fagforeninger. I statsråders politiske arbeid er taler og debatter med slike organisasjoner en viktig del.*

Diagnosen Berge stiller for folkerørslene er nok påverka av konklusjonane til makt- og demokratiutgreiinga, som vi i kapittel 2.1 har sett at har blitt utfordra i nyare tid. Eg vil gå endå lenger enn Berge og seie at det er vesentleg å skulle forstå den politiske retorikken og dei retoriske arenaene til alle typar frivillige organisasjonar, ikkje berre interesseorganisasjonane og fagforeningar. Dette vil eg kome attende til i neste kapittel.

Til sist vil eg med hjelp frå Kjeldsen (2015, s. 83-84) peike på to hovudtendensar innanfor forskinga på politisk retorikk. Den første tendensen er ei retorisk re-orientering innanfor teoriar om deliberasjon og offentlegheitsteori (sjå til dømes Garsten, 2011; Chambers, 2009; Dryzek, 2010). Tradisjonelle tenkjarar har her hatt eit kritisk syn på retorikken, medan det har vore ein retorisk renessanse og større interesse det siste tiåret. Den andre tendensen er utbreiinga av retoriske offentlegheitsstudium og ein aukande interesse for deliberativ teori og



medborgar-retorikk. Som ein del av denne utviklinga har vi fått omgrepet retorisk medborgarskap, og det er dette omgrepet vi skal sjå nærare på i neste delkapittel.

## 3.2 Retorisk medborgarskap

I førre delkapittel såg vi at politikk og retorikk blei knytt nær til det å vere ein borgar. Kva det vil seie å vere ein medborgar retorisk, er skal vi sjå på i dette kapittelet, gjennom å utforske omgrepet retorisk medborgarskap.

I ein introduksjonsartikkel om retorisk medborgarskap i *Rhetorica Scandinavica* skriv Lisa Storm Villadsen (2008, s. 39): «Begrebet 'retorisk medborgerskab' er en nyskabelse. Det henviser ikke til en bestemt type retorik og er ikke knyttet til en bestemt teori, men er derimod bevidst tænkt som en tværfaglig ramme for undersøgelser af retorikkens rolle på samfundsplan». Villadsen presenterer i artikkelen eit forskingsnettverk i regi av ho sjølv og Christian Kock, som hadde til overordna føremål å utforske retorisk medborgarskap som eit retorisk-kommunikativt fenomen, der det å vere borgar blir forstått og vurdert frå ein retorikkfagleg vinkel. Saman har Villadsen og Kock vore sentrale i etableringa av retorisk medborgarskap som eit omgrep og teoretisk konsept, mellom anna gjennom utgivinga av to redigerte bøker (Kock & Villadsen, 2012; 2014).

Retorisk medborgarskap kan bli forstått som svar på kritikk mot innvendingar mot deliberativ demokratiteori og som manglande merksemd rundt dei kommunikative sidene ved det å vere ein medborgar. Ivie (2002, s. 277) argumenterer for at demokratisk deliberasjon er på sitt beste når han primært er retorisk. Retorisk deliberasjon vil ifølgje Ivie ofte vere ein «rowdy affair», og reflekterer at det i eit demokrati vil vere usemje og fleire syn. Dette skil seg frå uoppnåelege ideal om å diskutere seg fram til konsensus, som ein finn i deliberativ demokratiteori (Ivie, 2002, s. 278). Hauser og Benoit-Barne (2002, s. 261) meiner at dei retoriske dimensjonane har blitt utelatne i diskusjonane rundt deliberativt demokrati, som igjen gjer at diskusjonen får manglar rundt korleis demokratiet faktisk verkar, og korleis ein kan forbetre det. Ei retorisk tilnærming vil gi ein meir omfattande og ein meir moden deliberativ demokratiteori (Hauser & Benoit-Barne, 2002, s. 262). Ein slik teori må rette søkjelyset mot demokratisk deltaking og sjå forbi dei demokratiske institusjonane: Forfattarane trekkjer særleg fram sivilsamfunnet som ein viktig del av eit deliberativt

demokrati (Hauser & Benoit-Barne, 2002, s. 266). Asen (2004) har teke til orde for ei diskursiv tilnærming til medborgarskap. Han viser til at det over tid har vore ei uro over ei dalande utvikling når det gjeld deltaking i samfunnslivet i USA, men kritiserer at medborgarskap har blitt redusert til å telje ulike aktivitetar (Asen, 2004, s. 189-190). Dette meiner Asen ikkje gir eit reelt bilete av kva som er den demokratiske deltakinga, og han argumenterer for at ein i staden bør sjå på korleis ein utøver medborgarskap, som bør bli anerkjent som ein prosess (Asen, 2004, s. 191).

I ein artikkel i *Citizenship Studies* viser Kock og Villadsen (2017) til at Joppke etter ein gjennomgang av ti år med tidsskriftet har identifisert tre dimensjonar ved medborgarskap (Kock & Villadsen, 2017, s. 570): Det første er medborgarskap som status, det andre er medborgarskap som rettar, og det tredje er medborgarskap som identitet. I artikkelen argumenterer Kock og Villadsen (2017) for at retorisk medborgarskap kan bli forstått som ein fjerde dimensjon ved medborgarskap. I tillegg til å sjå på retorisk medborgarskap som eit teoretisk konsept ser dei på retorisk medborgarskap som noko ein kan utøve, og med andre ord er det også ein praksis og studiet av denne praksisen. Eller med andre ord: Retorisk medborgarskap er både *rhetorica utens* og *rhetorica studens*.

Med retorisk medborgarskap ønskjer ein å setje søkjelys på dei retoriske og kommunikative sidene ved det å vere ein medborgar. Ifølgje Villadsen (2008, s. 38) ligg det i ordet medborgar «en normativ og præsriktiv forventning om at vi som medlemmer af samfundet alle har adgang til at påvirke kollektive beslutninger». Kjeldsen (2008, s. 42) meiner at jo betre vi forstår føresetnader og omstende for offentleg politikk, dess betre er vi i stand til «at skabe rammer som giver alle borgere evne og mulighed for retorisk deltagelse i samfundet – både som modtagere og skabere af kommunikation». Retorisk medborgarskap byr på moglegheiter til å studere kva rolle dei frivillige organisasjonane spelar når det gjeld utvikling og praktisering av retorisk medborgarskap.

Det er framleis ein open og pågåande diskusjon om kva retorisk medborgarskap er, og korleis vi kan nytte omgrepet. Svensson (2017) meiner at det er ein styrke ved omgrepet at det «innsnevrer det uoversiktlige begrepet 'borgerskap' og lar oss studere en spesifikk del: betingelsene for å være medborger gjennom å delta i ordskiftet.» Han peikar på tre aspekt av retorisk medborgarskap, som eg finn det interessant å ha med vidare (Svensson, 2017, s. 31-

32): For det første kan retorisk medborgarskap vere eit utgangspunkt for undersøking av kva moglegheit medlemmar i eit demokratisk samfunn har til å påverke. For det andre legg retorisk medborgarskap som omgrep vekt på usemje som normalt og verdifullt. For det tredje utforskar retorisk medborgarskap forholdet mellom institusjonell retorikk og ein meir kvardagsleg, vernakulær, retorikk.

Det er klart at den politiske retorikken og retorisk medborgarskap overlappar med kvarandre når det både gjeld teori, tenkjarar og tankegods. Like fullt ser eg på det som nyttig å ha med dei to ulike retoriske perspektiva: Medan politisk retorikk lét oss studere politiske verksemd og kommunikasjon, og dei samfunnsmessige rammene for dette, interesserer retorisk medborgarskap seg både for korleis samfunnet legg til rette for at den enkelte borgar skal bli ein god retorisk medborgarar, og for korleis borgarane utøver retorisk medborgarskap i praksis. Denne praksisen treng ikkje å vere avgrensa til politisk verksemd. Han treng heller ikkje vere knytt til kvar enkelt borgar: Hoff-Clausen og Ihlen (2015) har undersøkt korleis retorisk medborgarskap blir utøvd av korporasjonar, eller organisasjonar, om ein vil. Organisasjonsretorikk vil vi sjå nærare på i det neste delkapittelet.

### 3.3 Organisasjonsretorikk

I dette delkapittelet skal vi sjå på organisasjonsretorikk, eller *organizational rhetoric* som det blir omtala som på engelsk. Organisasjonar i denne samanhengen må bli forstått som organisasjonar i samfunnsvitskapleg forstand, som «kollektiv som er bygd opp for å fremme ett eller flere formål, eller sett av verdier» (Berg, 2014). Frivillige organisasjonar vil falle innanfor rammene av organisasjonsomgrepet, men det same vil andre typar verksemdar – til dømes føretak.

Denne oppgåva byrja med å vise til ein artikkel av Ihlen (2005), der retorikken til organisasjonar blir omtala som eit «forsømt forskingsfelt». Ihlen viser til at det med nokre få heiderlege unntak har vore sparsamt med artiklar i retorikkfaglege tidsskrift som eksplisitt har konsentrert seg om kommunikasjonen til organisasjonar. I artikkelen argumenterer Ihlen for at den multinasjonale korporasjonen er viktig å studere, fordi han av fleire blir sett på som den dominerande samfunnsinstitusjonen. Ihlen meiner at den aukande makta til

organisasjonar må bli legitimert gjennom retorikk, og at organisasjonar nyttar det i ei rekkje andre samanhengar, til dømes lobbyverksemd og mediespinn (Ihlen, 2005, s. 35-36).

Ihlen diskuterer kva som kjenneteiknar kommunikasjonssituasjonen til ein organisasjon samanlikna med ein individuell talar (Ihlen, 2005, s. 44-46), og peikar konkret på fire område: Det første er retoren. I utgangspunktet er retorikken individuelt orientert, men i dag omgir vi oss først og fremst til organisasjonar eller personar som representerer andre eller noko. Det at retoren er ein organisasjon, kan gjere at det blir meir uklart kven budskapet kjem frå. I sum meiner Ihlen at dette gjer det til ein kompleks affære å analysere etos samanlikna med etosen hos ein enkelttalar. Det andre er publikummet, som er stort og samansett, og ikkje til stades for «talaren». Dette er trekk som gjeld for alle moderne retorarar, men Ihlen peikar på at ein organisasjon gjerne vil ha fleire interessentar enn ein enkeltperson. Det tredje er kanalar, for ein organisasjon har ei rekkje kanalar til disposisjon for å kommunisere: nettstader, pressemeldingar, årsrapportar, reklameplakatar, logo eller bygget ein held til i. Det fjerde er budskap/tekstar: Den moderne retoren kan ikkje ta referanserammene til publikummet for gitt, ettersom publikummet er større og meir samansett enn i en tradisjonell kommunikasjonssituasjon.

Slik Ihlen (2005, s. 36) ser det, har retorikkforskarar i all hovudsak «overlatt studiet av organisasjoners strategiske kommunikasjon til spesialiserte disipliner som informasjon & samfunnskontakt ('public relations') og organisasjonskommunikasjon ('organizational communication')». Han viser døme på korleis retorikk har blitt nytta innanfor fagfelte informasjon og samfunnskontakt, og organisasjonskommunikasjon.

Når vi så spolar tretten år fram i tid, viser det seg at det framleis er mykje ugjort når det gjeld retorisk forskning på organisasjonar. I ein introduksjonsartikkel i *Rhetorica Scandinavica* gir Ihlen saman med Gabrielsen og Falkman (2018) eit riss av forskinga på det dei kallar verksemdsretorikk, som også er temaet for nummeret dei har redigert saman.

Verksemdsretorikk blir definert til å skildre «retorikken til ulike kommersielle foretak. Betegnelsen tar opp i seg det som kalles 'organizational rhetoric' samt ulike tilnærmingar til strategisk kommunikasjon hos organisasjonar, ofte bedrifter» (Ihlen et al., 2018, s. 7). Denne definisjonen meiner eg det er verdt å stille seg kritisk til.

Ved å forstå verksemdar berre som kommersielle føretak ekskluderer Ihlen et al. (2018) ei rekkje typar organisasjonar som ikkje er kommersielle føretak, til dømes frivillige organisasjonar. Denne avgrensinga vurderer eg som lite naudsynt då det er mykje av det dei skriv om verksemdsretorikk, som også er relevant for andre typar organisasjonar. Det er heller ikkje ei avgrensing som blei gjort i invitasjonen om bidrag til temanummeret, der det stod at alle verksemdar «kommuniserer, enten de er korporasjonar, små selskap, frivillige organisasjonar eller myndigheter» (Retorikförlaget, 2015). Om det er slik at ein forstår verksemdsretorikk snevert som berre føretak, vil eg hevde det er meir korrekt å skildre verksemdsretorikken som ein del av organisasjonsretorikken enn andre vegen.<sup>9</sup> Men eg deler vurderinga til Ihlen et al. (2018, s. 8) om at det er behov for ei eiga tilnærming til verksemdsretorikk, på same måte som eg meiner det er behov for ei eiga tilnærming til retorikken til frivillige organisasjonar.

Ihlen et al. (2018, s. 9) grunnir kvifor det er viktig at det blir forska meir på verksemdsretorikk, med at retorikk «trengs for å forklare hvordan virksomheter jobber strategisk med å framstille seg selv, ikke bare som en form for markedsføring, men også med tanke på identitet og virksomhetens kjerne. Virksomheter forsøker å påvirke hvordan vi skal forstå verden». Ihlen et al. (2018, s. 8) påpeikar også, som Ihlen (2005) gjorde noko før, at retorikarar i veldig liten grad har interessert seg for kommunikasjonen til organisasjonar og verksemdar. Dei skriv at i Google Books finn ein berre tre treff på bøker som har «organizational rhetoric» i tittelen (Hoffman & Ford, 2009; Conrad, 2011; Ihlen & Heath, 2018b). Det same er tilfellet no litt over to år seinare<sup>10</sup>. La oss kort sjå på kva som blir trekt fram som grunnivinga for å studere retorikken til organisasjonar i desse tre verka.

Conrad (2011, s. 14) peikar på den påverknaden som organisasjonsretorikk har på samfunnet:

*[...] organizational rhetoric influences public policies, both directly and indirectly. Equally important, organizational rhetoric also influences popular attitudes and beliefs, even to the extent of molding the core taken-for-granted assumptions that guide and constrain our actions and interpretations of reality.*

---

<sup>9</sup> Med ei breiare forståing av kva som går inn i omgrepet verksemdretorikk kunne like så godt dette delkapittelet hatt verksemdsretorikk og ikkje organisasjonsretorikk som overskrift.

<sup>10</sup> Søk på Google Books 23. mai 2020, for arkivert versjon av søket sjå <https://perma.cc/SJ9L-MUUY>.

Han poengterer at ikkje berre har amerikanske organisasjonar hatt innverknad på politikken i USA lenge; på grunn av globaliseringa har også dei same organisasjonane massiv effekt på livet til menneske på andre sida av kloden (Conrad, 2011, s. 14). For Conrad inneber studiet av organisasjonsretorikk grunnleggjande spørsmål rundt naturen til samfunnet og systema som utgjer det Conrad (2011, s. 31). I læreboka *Organizational Rhetoric: Situations and Strategies* skriv Hoffman og Ford (2009) at dei som studerer organisasjonsretorikk gjer det for å nå eit av fire mål (Hoffman & Ford, 2009, s. 17): For det første kan ein vurdere om retorikken til ein organisasjon er effektiv eller ikkje, eller korleis han kunne ha vore meir effektiv. For det andre kan ei vurdering av retorikken til ein organisasjon verke avslørande, særleg med tanke på kva verdiar organisasjonen påstår å føre vidare. For det tredje kan ein forstå og vurdere den rolla og makta organisasjonar har i samfunnet. For det fjerde kan ein få ei forbetra forståing av organisasjonsretoriske teoriar. I boka presenterer Hoffman og Ford fleire framgangsmåtar for å studere retorikken til organisasjonar i praksis. Den siste boka, (Ihlen & Heath, 2018b), refererer Ihlen et al. (2018) frå i arbeidet med å gi eit riss av verksemdsretorikk, så hovudpoenga derfrå kjem vi attende til om litt.

Forfattarane som har lansert verksemdsretorikken som felt, poengterer at feltet er komplekst på grunn av dei mange relasjonane internt: forhold mellom verksemder og offentlegheit, mellom leiarar og medarbeidarar, leiarar og organisasjonskultur, mellom næringslivet og politikken og så vidare (Ihlen et al., 2018, s. 9). Det same nivået av kompleksitet finn vi slik eg ser det, også hos dei frivillige organisasjonane. For å ta omsyn til denne kompleksiteten har Crable (hos Ihlen et al., 2018) lansert ideen om retorikken til organisasjonar som eit fjerde system innanfor Ehningers periodisering av vestleg retorikk (Ihlen et al., 2018, s. 9). Som Ihlen (2005) har vist tidlegare, gir vurdering av retorikken til verksemder litt andre utfordringar enn den individuelle retorikken. Ihlen et al. (2018, s. 10) meiner dette gir både utfordringar og moglegheiter for verksemdsretorikk, og viser til konklusjonane i avslutningskapittelet til Ihlen og Heath (2018a), og presenterer fire hovudpoeng for verksemdsretorikken (Ihlen et al., 2018, s. 10-13):

For det første må verksemdsretorikken *gå forbi det instrumentelle*: Verksemdsretorikken må studere korleis verksemder skaper retoriske situasjonar i konkrete tilfelle på det sosiale og kulturelle nivået (Ihlen et al., 2018, s. 10-11). Som Hoffman og Ford (2009) meiner

forfattarane at studiet av organisasjonar kan trekkje inn perspektiv frå kritisk teori og maktstudium. Ihlen et al. (2018, s. 11) meiner verksemdsretorikk kan bli nytta til å studere «klasseforskjeller, økonomiske forskjeller, politisk stil, ideologiproduksjon, globalisering, demokrati, samt meninger om så vel teknologi som miljø», samstundes som verksemdsretorikken også burde kunne by på praktiske råd, og dermed både ta for seg retorisk praksis og teori. For det andre er verksemdsretorikk *konstituerande*: Retorikk kan skape tillit, sosial verdsetjing og koordinere interesserer, og retorikk konstituerer også identitet; inntrykka av og relasjonane vi menneske har til omgivnadene, blir forma av retorikk (Ihlen et al., 2018, s. 11). For det tredje er verksemdsretorikk *politisk*. Verksemdsretorikken blir politisk ved at han skaper meining (Ihlen et al., 2018, s. 11). For det fjerde handlar verksemdsretorikk om *forhandling, konflikt og dialog*: Ei verksemd nyttar såkalla «Corporate Social Responsibility» for å få lov til å halde fram med verksemda si, og den politiske dimensjonen impliserer konflikt om interesser og verdiar (Ihlen et al., 2018, s. 12).

Forfattarane peikar vidare på nokre område der dei meiner det trengst meir forskning, som leiartalan i verksemdar og verksemdsretorikk som leiing (Ihlen et al., 2018, s. 13-17). Eit område som dei peikar på er den retoriske situasjonen til verksemdar (Ihlen et al., 2018, s. 14): «Ved å analysere det retoriske problemet, publikum, føringar, men også muligheter i situasjonar, vil det være mulig å si noe om hvorfor en retorisk strategi ble utformet på den ene eller andre måten. Eller hvordan en retorisk strategi kunne vært utformet.»

Organisasjonsretorikk byr på viktige dimensjonar i retoriske studium av organisasjonar, som også er relevant for retoriske studium av frivillige organisasjonar. For det første er kommunikasjonssituasjonen til ein frivillig organisasjon meir kompleks enn for ein individuell talar. Det kan vere meir uklart kven som er avsendar, og publikum er større og meir samansett. For det andre kan retoriske studium av frivillige organisasjonar bli nytta til å studere ei rekkje spørsmål, og det kan både vere teoretisk og praktisk orientert. For det tredje ser organisasjonsretorikken på viktige spørsmål rundt rolla og samhandlinga til organisasjonane med verda rundt seg, og her er det fleire spørsmål som er interessante å utforske når det gjeld frivillige organisasjonar. For det fjerde erkjenner organisasjonsretorikken at retorikk er ein føresetnad for at organisasjonar skal eksistere, og at det er viktig for å byggje fellesskap og identitet. Dette gjeld også for frivillige organisasjonar.

Ein tradisjon som hentar innsikt frå retorikken, og som handsamar primært kommunikasjonen til organisasjonar er krisekommunikasjon. Eg har valt ikkje å sjå til krisekommunikasjonsteori i denne oppgåva då eg ønsker ei brei tilgang til retoriske studium av frivillige organisasjonar, og at han ikkje skal vere avgrensa til ein gitt type situasjonar for organisasjonane. Men det er definitivt potensiale for studium av kommunikasjonen til frivillige organisasjonar i krisar.

Utfordringa som blei gitt om meir forskning på retoriske situasjonar og organisasjonar, skal eg følge opp, og den retoriske situasjonen vil bli diskutert i det neste delkapittelet, som handlar om retorisk sjangerteori.

### 3.4 Retorisk sjangerteori

I dette delkapittelet skal eg sjå på retorisk sjangerteori, der ei viktig innsikt er at kvar situasjon er unik, men at situasjonane alltid vil likne andre situasjonar. Først skal eg ta for meg den retoriske situasjonen og innvendingane mot han. Vidare skal eg sjå på korleis retoriske sjangrar kan bli forstått som handling, og diskutere kva relevans dette har for retoriske studium av frivillige organisasjonar.

Eit sentralt namn innanfor retorisk kritikk er Edwin Black, som med verket *Rhetorical Criticism. A study in method* frå 1965 kritiserte neo-aristotelismen for å vere alt for oppteken av det unike. (Kjeldsen, 2014b, s. 85). Black meinte at ein retorisk analyse burde ta utgangspunkt i tre grunnsetningar: Den første er at ein retorikar kan vere i eit avgrensa tal situasjonar. Den andre er at det eksisterer eit avgrensa tal måtar for korleis ein kan og vil respondere retorisk på ein kvar situasjon. Den tredje er at gjennom historia vil tilbakevendande situasjonar gi den retoriske kritikaren informasjon om mogelege responsar (Kjeldsen, 2014b, s. 86). Tre år seinare publiserte Blacks kollega Lloyd F. Bitzer ein artikkel som ein må kunne seie var eit svar til den neo-aristoteliske kritikken.

Artikkelen til Bitzer (1997) om den retoriske situasjonen er å rekne som ein moderne klassikar og var allereie med i det tredje nummeret av *Rhetorica Scandinavica*. Teorien, som hadde til hensikt å vekke til live det retoriske situasjonsomgrepet (Bitzer, 1997, s. 10), er mykje nytta i retorisk analyse og kritikk, og er grundig skildra i innføringsbøker i retorikk



(sjå til dømes Kjeldsen, 2009, s. 79-92). Her vil eg berre gjere greie for dei sentrale delane i teorien i korte trekk, og så vil eg kome attende til teorien i kapittel 5.

For Bitzer er det grunnleggjande at retorikk er noko situasjonelt (Bitzer, 1997, s. 10), og han meiner at vi bør sjå på situasjonane som sjølve grunnlaget for retorisk aktivitet. Den retoriske situasjon blir definert slik (Bitzer, 1997, s. 12):

*Den retoriske situation kan defineres som en sammensat enhed af personer, hændelser, genstande og relationer som udgør et faktisk eller potentielt påtrængende problem (exigence) som helt eller delvist kan afhjælpes hvis den diskurs som indføres i situationen kan fremtvinge menneskelig beslutning eller handling i en sådan grad at det påtrængende problem afhjælpes væsentligt.*

Ein retorisk situasjon har tre konstituerande element (Bitzer, 1997, s. 12): Det påtrengjande problemet (exigence), retorisk publikum<sup>11</sup> (audience) og dei retoriske vilkåra<sup>12</sup> (constraints). *Eit påtrengjande problem* er «en ufuldkommenhed som presser sig på; det er en fejl, en hindring, noget som venter på at blive gjort, noget som ikke er som det burde være». Ein føresetnad for at problemet kan vere det påtrengjande problemet i ein retorisk situasjon er at problemet kan løysast til det betre anten heilt eller delvis ved hjelp av retoriske ytringar (Bitzer, 1997, s. 12). *Det retoriske publikummet* består ikkje av alle som kan høyre dei retoriske ytringane, men består berre av dei som kan bli påverka av retoriske ytringar, og som kan formidle forandringa som det påtrengjande problemet krev (Bitzer, 1997, s. 13). *Dei retoriske vilkåra* er ifølgje Bitzer utgjorde av «personer, hændelser, genstande og relationer som er dele af situationen fordi de har magt til at afgrænse og fremtvinge de beslutninger og handlinger som er nødvendige for at afhjælpe det påtrængende problem» (Bitzer, 1997, s. 13).

---

<sup>11</sup> Eg nyttar omgrepet «retorisk publikum» då Jens E. Kjeldsen (2009, s. 83) har nytta det i seinare omtale av den retoriske situasjonen, og fordi det tydeleggjer at det ikkje er snakk om alle som kan høyre dei retoriske ytringane.

<sup>12</sup> I 1997-omsettjinga av Bitzers artikkel nyttar Jens E. Kjeldsen omgrepet «tvingende omstændigheder» om constraints. I seinare omtala har Kjeldsen valt å nytte omgrepet «retoriske vilkår», sjå fotnote 25 i Kjeldsen (2009, s. 339-340).

Bitzers teori har vore gjenstand for diskusjon og kritikk, og den kanskje mest framstående kritikaren har vore Vatz (2000) med artikkelen «Myten om den retoriske situation», der Vatz er klar på at retorikk er ei årsak til meining og ikkje ein verknad, og at det er retoren som vel å gjere situasjonen viktig (Vatz, 2000, s. 12). Båe perspektiv har nok sider ved seg som gir oss moglegeheita til å vektleggje ulike ting ved situasjonen. Bitzers retoriske situasjon gir oss slik eg ser det eit omgrepsapparat som er eigna for retorisk kritikk og analyse, gjennom å stille spørsmål ved kva val retoren gjorde og kva føringar som var gjeldande i ein situasjon, for å kunne vurdere kva ein kunne gjort annleis. Vidare har den retoriske situasjonen har også vore viktig for etableringa av retorisk sjangerteori (Kjeldsen, 2009, s. 93).

Sjanger handlar om kategorisering eller klassifisering av ytringar, der to krav må vere oppfylte: For det første må det som blir klassifisert saman, likne, og for det andre må det skilje seg frå andre einingar og grupperingar (Kjeldsen, 2014b, s. 87). Ifølgje Campbell og Jamieson (hos Kjeldsen, 2014b, s. 88) er retorisk sjanger meir enn berre einsarta former:

*For det første er en genre en gruppering af responser eller ytringer, som har situasjonelle, indholdsmæssige og stilistiske karakteristika tilfælles. For det andet er disse karakteristika bundet sammen i et bestemt internt dynamisk forhold. De er forenet i en særegen konfigurasjon.*

Ein retorisk sjanger består dermed av tre dimensjonar: Det første er situasjonelle krav, det andre er innhaldsmessige og stilistiske eigenskapar, og det tredje er ein særeigen konfigurasjon av dei (Kjeldsen, 2014b, s. 88). Sjangrar hjelper oss til å finne ut korleis vi skal kommunisere i bestemte situasjonar (Kjeldsen, 2014b, s. 90), og dei hjelper oss med å handle: Miller (2001, s. 20) kopljar sjangeromgrepet til sosiale handlingar. Retoriske sjangrar blir av ho forstått som dei diskurskonvensjonane som samfunnet har etablert for å skulle samhandle (Miller, 2001, s. 20). Retoriske sjangrar hjelp oss med å organisere oss som samfunn, og er også viktig for organiseringa av og samhandlinga i ein frivillig organisasjon. Sjølv om Miller (2001, s. 32) skriv at sjanger ikkje er noko statisk og at sjangrar er i kontinuerleg endring, meiner eg det vil vere fordelaktig å skulle forsøkje å identifisere nokre sentrale retoriske sjangrar innanfor dei frivillige organisasjonane. Dette skal eg gjere i kapittel 5.

Eit retorisk sjangerperspektiv kan hjelpe oss til å setje eit analyseobjekt inn i ein større samanheng, og ein retorisk sjangeranalyse kan hjelpe oss med å sjå det generelle i det konkrete og det konkrete i det generelle (Kjeldsen, 2014b, s. 96). Retoriske sjangrar hjelper oss med å organisere oss som samfunn og å samhandle gjennom å identifisere situasjonar som kjem att og att. Det blir nyttig når vi no skal gå vidare for å diskutere kvifor ein bør studere frivillige organisasjonar retorisk.

## 4 Kvifor bør ein studere frivillige organisasjonar retorisk?

I førre kapittel presenterte eg fire retoriske perspektiv som eg meiner er relevante for å gjennomføre retoriske studium av frivillige organisasjonar. I dette kapitlet vil eg argumentere for kvifor retorikkvitskapen bør interessere seg for og studere frivillige organisasjonar. Først vil eg sjå på behovet for ei eiga tilnærming til frivillige organisasjonar innanfor retorikkvitskapen. Vidare vil eg først sjå på dei demokratiske funksjonane til dei frivillige organisasjonane i Noreg, før eg diskuterer korleis frivillige organisasjonar er retoriske og kan bli forstått som retorikk.

### 4.1 Behovet for ei eiga tilnærming

Er det behov for ei eiga tilnærming for retoriske studium av frivillige organisasjonar, eller med andre ord ein retorikk for frivillige organisasjonar? Dette spørsmålet vil eg sjå nærare på i dette delkapitlet. Overordna sett tek spørsmålet opp i seg kva retorikk som forskings- og undervisningsfag skal vere. Eg vil gi mitt syn på dette, før eg ser på det særigne ved frivillige organisasjonar versus andre typar organisasjonar, før eg til sist diskuterer kva som gjer frivillige organisasjonar til særleg interessante studieobjekt for retorikkvitskapen.

Trass i den antikke historia til retorikken blei ikkje retorikk etablert som eit forskings- og undervisningsfag før på 2000-talet: Universitetet i Oslo byrja hausten 2002, og Universitetet i Bergen følgde etter eit år seinare (Kjeldsen & Grue, 2011b, s. 20). I hovudstaden blir det hevda at faget kom ridande på «en interessebølge, båret oppe av en blanding av dårlig samvittighet og akademisk respekt og ekte nysgjerrighet – og av kremmerinstinkt» (Andersen & Berge, 2003, s. 141). Ifølgje Øivind Andersen og Kjell Lars Berge, som var viktige bidragsytarar til etableringa av det retoriske studiet ved Universitetet i Oslo, var retorikk eit fag som hadde alt: «tradisjonens hevd og lærdommens helg, tankegods og teoretiske perspektiver for så vel lingvister som litterater, samt en praktisk komponent som gjorde at en kunne markedsføre det overfor utredere og informasjonskonsulenter og utredere» (Andersen & Berge, 2003, s. 141).

Korleis ein skal definere og avgrense retorikken som vitenskapleg felt, er ein levande diskusjon som mange har gitt eit bidrag til<sup>13</sup>, og som blir ei for stor oppgåve å gi eit fullgodt bidrag til sjølv innanfor rammene av denne oppgåva. Som eg gjorde greie for i det første kapittelet av oppgåva, har eg brei forståing av retorikk som det å handle ved hjelp av kommunikasjon. Vidare stilte eg meg bak synet til Kjeldsen (2011) om at det i dag er meir meningsfullt å snakke om fleire retorikkar, og ikkje *retorikken*. Men noko som eg tek med meg frå byrjinga av retorikkstudiet på Universitetet i Oslo, som i grunnen har vore der sidan byrjinga på retorikken i antikken, er koplinga mellom teori, praksis og analyse: *rhetorica docens*, *rhetorica utens* og *rhetorica studens*. Retorikkvitskapen i dag bør ikkje berre lære studentane retorisk teori og metode for å vurdere korleis andre handlar ved hjelp av kommunikasjon; retorikkvitskapen bør også gjere studentane betre i stand til å handle kommunikativt på vegne av seg sjølv eller for andre. Som eit fag med ei historie som er tett knytt til demokratiet, bør retorikkvitskapen særleg interessere seg for korleis ulike aktørar handlar og opptrer innanfor demokratiet, og for å gjere dette på ein føremålstenleg måte må retorikkvitskapen vere både spissa og spesialisert for å vurdere det særleine ved ulike aktørar som vil prege det situasjonelle. Mykje har endra seg i samfunnet sidan møta i folkeforsamlinga, og nye typar avsendarar og nye typar kommunikasjonssituasjonar krev nye typar tilnærmingar for retorikkvitskapen. Difor er det naudsynt med ei eiga tilnærming for retoriske studium av organisasjonar, og like fullt ei eiga tilnærming for studium av frivillige organisasjonar.

Det er ei rekkje særtrekk ved frivillige organisasjonar som skil dei markant frå andre typar organisasjonar, som til dømes føretak og organ i forvaltinga, og desse særtrekka er noko ein retorikar må ta omsyn til ved studium av frivillige organisasjonar og retorikken deira. Eg vil særleg peike på fire særtrekk: For det første er føremålet til ein frivillig organisasjon *allmennyttig eller ideelt*. Dette skil seg frå dei fleste føretak, der profitt eller overskot til eigaren/-ane er førande i større eller mindre grad<sup>14</sup>. Kva som er føremålet til ei verksemd har innverknad på vala som leiinga vel eller ikkje vel å gjere. For det andre er frivillige organisasjonar *sjølveigande*. Dei har ingen eigarar med større eller mindre grad av innverknad. For dei medlemsbaserte, frivillige organisasjonane er medlemmane det næraste ein kjem eigarar, men ein viktig forskjell er at medlemmane ikkje tek utbytte, og alle har stort sett

---

<sup>13</sup> Fleire sentrale bidrag innanfor skandinavisk retorikkforskning er samla av Kjeldsen og Grue (2011a).

<sup>14</sup> Unntak er som vi har vore inne på i kapittel 2 til dømes ideelle aksjeselskap, som i visse tilfelle kan bli rekna som frivillige organisasjonar.

dei same rettane innanfor organisasjonen. Dette tek oss med til det tredje skiljet, som er at dei medlemsbaserte organisasjonane gjerne også er *demokratiske*. Organisasjonane blir styrte av eit medlemsdemokrati og har demokratiske arenaer for medlemmane lokalt, regionalt og nasjonalt. For det fjerde består medlemmane og dei tillitsvalde i frivillige organisasjonar av *menneske som er med fordi dei støttar eller har ei interesse for føremålet*. I føretak er gjerne styret sett saman med siktemål om å ha ulike formelle kompetanse og erfaring i styret, medan styret i frivillige organisasjonar som regel speglar medlemsmassen. I den grad det er snakk om profesjonalisering innanfor frivillige organisasjonar skjer dette på administrativt nivå i dei frivillige organisasjonane, men ikkje på langt nær alltid.

Vidare har frivillige organisasjonar to aspekt ved seg som gjer dei særlege interessante for retorikkvitskapen. Den første er at frivillige organisasjonar i Noreg fyller fleire demokratiske funksjonar. Organisasjonane er aktørar i det politiske systemet anten direkte eller indirekte, og mange av organisasjonane utøver politisk retorikk som ein del av det daglege virket sitt. Dei frivillige organisasjonane gir mogelegheiter for demokratisk deltaking, men mange er også i seg sjølv demokrati, og er på ei og same tid ein arena for å få retorisk medborgarskap og ei plattform som ein retorisk medborgar kan utnytte.

Det andre som gjer frivillige organisasjonar særleg interessante for retorikkvitskapen, er at organisasjonane i seg sjølv kan bli forstått som retorikk. Frivillige organisasjonar oppstår ikkje av seg sjølv eller i eit vakuum, dei oppstår som ein respons på eit problem eller noko ufullstendig. Eg vil argumentere for at det er gode grunnar til å forstå frivillige organisasjonar som retoriske fenomen, og at vi kan vidareutvikle retorisk teori for å studere frivillige organisasjonar slik. Ei slik forståing vil styrke måten vi vurderer retorikken til frivillige organisasjonar på, og kan gjere oss betre i stand til å hjelpe organisasjonen med å utøve retorikk som tilsett eller tillitsvald.

Spørsmålet som blei stilt i starten av dette delkapittelet, er om det er behov for ein eigen retorikk for frivillige organisasjonar. Eg har argumentert for at svaret på dette spørsmålet er ja, med utgangspunkt i desse tre synspunkta: For det første bør retorikkvitskapen ha ei interesse for alt og alle som utøver retorikk, og som dermed handlar ved hjelp av kommunikasjon. For det andre har frivillige organisasjonar fleire særtrekk som skil dei frå andre typar organisasjonar, og dette er noko ein retorikar må vise særleg omsyn til ved

gjennomføring av retoriske studium. For det tredje har frivillige organisasjonar to aspekt ved seg som gjer dei særlege interessante for retorikkvitskap: Det første er dei demokratiske funksjonane som organisasjonane har, og det andre er at organisasjonane ikkje berre er utøvarar av retorikk – vi kan forstå dei som retorikk i seg sjølv. Desse to aspekta vil eg diskutere nærare i dei to neste delkapitla.

## 4.2 Frivillige organisasjonar i demokratiet

Frivillige organisasjonar blir ofte trekte fram som viktige for demokratiet. I dette delkapittelet skal vi sjå nærare på kva slags demokratiske funksjonar frivillige organisasjonar spelar, og kvifor dette gjer det særleg relevant for retorikkvitskapen å studere frivillige organisasjonar med utgangspunkt i to av dei retoriske perspektiva som vi såg på i kapittel 3: politisk retorikk og retorisk medborgarskap.

«Organisasjonskanalen» er eit omgrep som gjerne blir nytta for å skildre frivillige organisasjonar som kanalar for politisk innverknad og påverknad (Stortinget, 2020). I den siste frivilligheitsmeldinga vel regjeringa å sjå på frivilligheita med to perspektiv: Frivilligheita som arena og frivilligheita som aktør (Kulturdepartementet, 2018a, s. 21). Som arena bidreg frivilligheita til å ta vare på den høge tilliten i samfunnet som kjenneteiknar dei nordiske landa (Kulturdepartementet, 2018a, s. 21):

*Årsaka er at sivilsamfunnet gir menneske ein stad å møtast, ein stad å ytre seg, ein stad å lære og ein stad å vere i aktivitet. Frivilligheita samlar oss om noko vi har til felles, ikkje det som skil oss frå kvarandre. Samtidig er frivilligheita ein arena for meiningsbryting og usemje. Frivilligheita er ein avgjerande bidragsytar i det demokratiske systemet som myndiggjer borgarane som politiske vesen.*

I skildringa som av frivilligheita som aktør peikar regjeringa mellom anna på kompetansen og kunnskapen som frivilligheita har med seg i møtet med samfunnet (Kulturdepartementet, 2018a, s. 22):

*Frivillig innsats er ikkje berre dugnadsinnsats og arbeidskraft, men også kompetanseformidlande, tradisjonsberande og folkehelsefremjande. Frivillige*

*organisasjonar er vidare ein viktig lyttepost som kan brukast for å få kunnskap om behov og utvikling. Fordi frivillige organisasjonar består av menneske og jobbar med menneske, vil dei vere nær der endringar og handlingar oppstår. Dei vil derfor kunne bidra med verdifull informasjon til dei andre samfunnssektorane om kvar innsatsen bør setjast inn.*

Ulike perspektiv lét oss sjå og framheve ulike ting ved frivillig verksemd. Eg vil snart trekkje fram to av dei retoriske perspektiva frå førre kapittel, men først vil eg ta ein liten avstikkar innom samfunnsvitskapane og demokratiteori. Strømsnes (2002) har diskutert samspelet mellom frivillig organisering og demokrati, og legg vekt på den tosidige rolla til frivillige organisasjonar som er identifisert av Tocqueville (Strømsnes, 2002, s. 8):

*Ifølge Tocqueville har de frivillige organisasjonene altså en demokratisk effekt både eksternt og internt. Eksternt skal organisasjonene fungere interesseaggregerende og interesseartikulerende, og de skal fungere som mellomliggende strukturer, eller buffere, mellom stat og borger. [...] I tillegg til de frivillige organisasjonenes eksterne, eller direkte, demokratiske funksjon, antas det at disse også har en mer indirekte effekt på organisasjonsmedlemmene, og en rolle å spille i den demokratiske sosialiseringen av borgerne. Dette er de frivillige organisasjonenes interne demokratiske funksjon.*

Spenninga mellom dei to ulike demokratiske rollene til frivillige organisasjonar har gitt to ulike retningar innanfor demokratiteorien, «en som er mest orientert mot sosialisering, aktiv deltakelse og lokal organisering og en som er mer institusjonelt orientert» (Strømsnes, 2002, s. 12).

Dersom retorikkvitskapen gir over studiet av frivillige organisasjonar til samfunnsvitskapane åleine, meiner eg vi står i fare for å miste viktige perspektiv på både organisasjonane og den demokratiske styringa av samfunnet som retorikken kan tilby. I kapittel 3 introduserte eg to retoriske perspektiv som eg meinte det gav føremålstenlege rammer å forstå frivillige organisasjonar innanfor: politisk retorikk og retorisk medborgarskap. Politisk retorikk forstår eg både som praksisen og studiet av å utøve politikk ved hjelp av retorikk. Retorisk medborgarskap forstår eg som den kommunikative dimensjonen ved det å vere ein medborgar, som både er noko ein kan tileigne seg, og noko ein kan utøve.



Politisk retorikk og retorisk medborgarskap står godt i selskap både med dei to ulike perspektiva regjeringa nyttar innanfor frivilligheitspolitikken, og for dei to rollene som Tocqueville (hos Strømsnes, 2002) har peika ut. Skjematisk kan vi setje det opp slik:

<b>Frivilligheitspolitisk perspektiv</b>	<i>Frivilligheita som aktør</i>	<i>Frivilligheita som arena</i>
<b>Demokratisk rolle, jf. Tocqueville</b>	<i>Ekstern demokratisk rolle</i>	<i>Intern demokratisk rolle</i>
<b>Retorisk perspektiv</b>	<i>Politisk retorikk</i>	<i>Retorisk medborgarskap</i>

Dei frivillige organisasjonane har historisk spelt ei viktig rolle i å påverke politikken og samfunnet, og dette er ei rolle dei framleis spelar. At dei frivillige organisasjonane arbeider for å påverke politisk, er noko det offentlege berre ikkje tek til orientering; det er noko som det offentlege aktivt prøver å leggje til rette for. I Frivilligerklæringa, som er regjeringa si erklæring for samspelet med frivillig sektor (Kulturdepartementet, 2015, s. 5), er det eit uttalt mål å styrkje medverknaden til frivillig sektor i politiske prosessar gjennom:

- Å aktivt legge til rette for frivillig sektors medvirkning for å sikre et bredt beslutningsgrunnlag.
- Å invitere til innspill fra frivillig sektor tidlig i politiske prosesser i saker som berører, eller har betydning for frivilligheten.
- Å gjøre det enkelt for frivillige å delta for eksempel gjennom å legge innspillsmøter etter normal arbeidstid.
- Å ha tilstrekkelig lange høringsfrister. Det skal tilstrebes å ha tre måneders høringsfrist i saker som angår frivillig sektor direkte.
- Å gjøre informasjon om politiske prosesser og beslutninger enkelt tilgjengelig og synliggjøre hvordan innspillene har vært en del av prosessen.

Tidlegare var det slik at Stortinget hadde høyringar bak lukka dører, men i 1995 blei det vedteke ei prøveordning med opne høyringar som blei gjord permanent i 2001 (Rommetvedt, 2017, s. 113). Under komitéhøyringar blir som hovudregel alle relevante organisasjonar som

har søkt om deltaking, inviterte til å gi innspel til den aktuelle stortingskomiteen (Stortinget, 2018). Dei opne høyringane til Stortinget utgjer ein viktig og formalisert kanal for dei frivillige organisasjonane til å påverke dei politiske prosessane i nasjonalforsamlinga. Ei annan viktig påverknadsmogelegheit for dei frivillige organisasjonane er høyringar frå departementa og andre offentlege etatar. Det følgjer av utgreiingsinstruksen at offentlege utgreiingar, forslag til lover og forskrifter og tiltak med vesentleg verknad skal bli lagde ut på høyring, og at slike høyringar skal vere opne for alle (Utgreiingsinstruksen, 2016).

I tillegg til politisk påverknad gjennom høyringsinstituttet rettar frivillige organisasjonar arbeidet direkte inn mot politikarane, gjennom såkalla lobbyarbeid. Det er ikkje mogeleg å seie noko presist om omfanget av denne typen verksemd frå dei frivillige organisasjonane fordi Stortinget ikkje har eit lobbyregister<sup>15</sup>. Men det er over tid gjort undersøkingar der både stortingsrepresentantar og frivillige organisasjonar har blitt spurde om omfanget av kontakt (Rommetvedt, 2017, s. 110). Kontakten med Stortinget, regjeringa og direktorat / ytre etatar er aukande, medan kontakten med departementa er noko dalande (Rommetvedt, 2017, s. 11). Dette blir mellom anna forklart med at oppgåver som før låg til departementa, har blitt flytta til direktorat og ytre etatar. I 2005 toppa Stortinget lista over aktørar organisasjonane hadde myndigheitskontakt med når det gjaldt samfunnsinnverknad. Dei siste åra er det skrive fleire bøker om lobbyverksemd av tidlegare politikarar, og frivillige organisasjonar blir gjerne trekte fram som døme i desse bøkene (Gramnæs, 2018; Raknes & Solhjell, 2018).

Innanfor studium av politisk retorikk bør ein interessere seg for alle aktørar og alle rom der det blir forsøkt utøvd politikk ved hjelp av retorikk. Det gjeld for det det første i samfunnsdebatten og media, der frivillige organisasjonar deltek i dei alle fleste politiske debattar vi har. For det andre bør ein sjå på korleis frivillige organisasjonar søkjer å påverke politikken gjennom arbeidet med lobby og påverknad i meir lukka rom. For det tredje kan ein undersøkje korleis dei politiske spørsmåla i frivillige organisasjonar blir diskuterte og debatterte.

---

<sup>15</sup> Unntaket er Miljøpartiet Dei Grøne, som fører sitt eige lobbyregister (Miljøpartiet de grønne, u.å.). Lobbyregisteret til eit enkelt parti med berre éin stortingsrepresentant kan ein vanskeleg seie at er representativt. Likevel gir registeret ein peikepinn om at omfanget av lobbyverksemd frå frivillige organisasjonar er stort.

Tradisjonelt har frivillige organisasjonar i Noreg vore medlemsbaserte og bygde opp demokratisk, og dei har hatt ein hierarkisk struktur der lokallag har vore knytte til ein regional og/eller nasjonal organisasjon (Strømsnes, 2002, s. 13). Sjølv om det kjem nye måtar å organisere seg på, og kva som blir rekna som ein frivillig organisasjon har endra seg, så er framleis det store biletet at den norske frivilligheita av demokratisk organisert. I frivilligheitsmeldinga frå 2018 skriv regjeringa at det er eit frivilligheitspolitisk mål i seg sjølv med auka deltaking i frivilligheita, og peikar mellom anna på at Noreg ligg i verdstoppen saman med dei andre nordiske landa når det gjeld tillit i befolkninga (Kulturdepartementet, 2018a, s. 31):

*Denne tilliten er og har vore svært viktig i arbeidet for å skape velferdssamfunnet vårt. Tillit er viktig for den enkelte fordi tillit gir oss tryggleik, betre livsmoglegheiter og dermed overskot til å bidra. Høg grad av tillit er også samfunnsøkonomisk lønnsamt. Det fører til mindre konflikt, større tru på at avtalar blir respekterte, mindre kontroll og meir openheit. Denne tilliten skal vi derfor verne om.*

*Det er ikkje tilfeldig at eit land som er prega av høg tillit, også er eit av dei landa i verda som har høgast grad av frivillig deltaking. Frivilligheita er ein katalysator for tillit mellom menneske fordi ho er ein møteplass, eit rom for meningsutveksling og eit rom for aktivitet.*

Frivilligheita blir vidare skildra som «skular i demokrati som alle bør få gå på» (Kulturdepartementet, 2018a, s. 32). Rolla til frivillige organisasjonar som skular i demokrati har blitt framheva og handsama av det offentlege ved fleire høve. I NOU-utgreiinga *Fritid med mening* blei samfunnsverdien til barne- og ungdomsorganisasjonane diskutert (NOU 2006: 13, 2006, s. 7). Utvalet, som blei leia av stipendiat Guro Ødegård, som i dag er NOVA-direktør, tok til orde for at det offentlege burde ta eit medborgarskapsperspektiv på bidraga frå barne- og ungdomsorganisasjonane til samfunnet og demokratiutviklinga (NOU 2006: 13, 2006, s. 10):

*Som medborgere i samfunnet kan barn og unge gjennom organisasjonene virke i tillit og fellesskap med andre, der ansvarsfølelse, identitetsutvikling og interesseformidling står sentralt. Dette perspektivet fordrer at organisasjonene er åpne for alle og lar alle si sin mening og bli hørt. Perspektivet utfyller og utdyper organisasjonenes formelle,*

*demokratiske funksjon som kanal for barn og ungdoms påvirkning av samfunnet de lever i.*

Ein slik inngang skil seg frå den meir tradisjonelle forståinga av organisasjonar som kanalar for representativ meiningsdanning og samfunnsdeltaking, som fungerer som eit korrektiv til myndighetene og base for folkeleg mobilisering (NOU 2006: 13, 2006, s. 15). Utvalet skildrar at den rolla barne- og ungdomsorganisasjonar har som skular i demokrati, følgjer av at

*lokallagsmedlemmer er forventet å velge sitt eget styre, som skal arbeide etter årsmøtets vedtatte budsjett og handlingsplan i tråd med lagets vedtekter. Ved valg vil lokallaget sende sine representanter til organisasjonens landsmøte, som gjentar de demokratiske prosessene og styrer organisasjonens nasjonale arbeid. Medlemmene vil kjenne igjen organisasjonens rutiner i prosessene som styrer politiske parti og som inntre ved offentlige valg, og vil med sin bakgrunn fra organisasjonsarbeid selv kunne delta i formelle politiske institusjoner når myndighetsalderen inntre (NOU 2006: 13, 2006, s. 17).*

Eg meiner det er gode grunnar til å argumentere for at alle frivillige organisasjonar som er demokratisk organiserte, kan spele ei viktig rolle i eit medborgarskapsperspektiv og når det gjeld demokratiopplæring, men eit viktig poeng for Ødegård-utvalet er at barne- og ungdomsorganisasjonane er i ei særstilling fordi dei er dei einaste som både «kan utvikle medborgeridentitet hos unge medlemmer, innlemme dem i en medborgerkultur og gi dem formelle kanaler for samfunnsdeltakelse og innflytelse» (NOU 2006: 13, 2006, s. 17).

Å studere frivillige organisasjonar med retorisk medborgarskap som ramme vil gi høve til å diskutere og undersøkje viktige spørsmål. Retorisk medborgarskap er relevant i studiet av frivillige organisasjonar av fleire årsaker. For det første gir *organisasjonsdemokratia rammer for retorisk aktivitet*. Når vi veit kva verdi frivillige organisasjonar har for samfunnet, og også for den enkelte, er det interessant å undersøkje kva slags rammer som blir lagde for retorisk praksis innanfor demokratia i frivillige organisasjonar. For det andre er dei frivillige organisasjonane *arenaer for å tileigne seg retorisk medborgarskap*. Nye medlemar i ein organisasjon blir involverte i styringa av organisasjonen gjennom rett til å møte, tale og stemme på årsmøte, medlemsmøte og liknande. Korleis frivillige organisasjonar arbeider for

å lære opp og leggje til rette for at nye medlemmar kan delta i retorisk i det demokratiske verket til organisasjonen vil til dømes kunne gi interessante perspektiv på kor velfungerande og reelt demokratiet er i ein frivillig organisasjon. For det tredje er frivillige organisasjonar *ei plattform for å utøve retorisk medborgarskap*. Frivillige organisasjonar gir den enkelte mogelegheit til å delta i samfunnet som retorisk medborgar. Ved å engasjere seg i ein frivillig organisasjon får den enkelte medlem i mange tilfelle eit større rom for påverke samfunnet enn vedkomande hadde hatt åleine. Her er det mange interessante spørsmål å undersøkje, som val av organisasjonar hos frivillige og korleis ein balanserer meiningane og behova til den frivillige, og organisasjonen som vedkomande høyrer til.

I dette delkapittelet har vi sett på samanhengen mellom retorikk, demokrati og frivillige organisasjonar, og korleis dei to perspektiva politisk retorikk og retorisk medborgarskap kvar for seg gir oss høve til å studere viktige ting ved frivillige organisasjonar. Her er det eit stort potensial for vidare for retorisk forskning, men forskinga bør ikkje vere avgrensa til å sjå på dei vilkåra som frivillige organisasjonar gir for retorikk. Frivillige organisasjonar har også i seg sjølv retoriske kvalitetar, og det vil vi utforske nærare i neste delkapittel.

### **4.3 Frivillige organisasjonar er retoriske fenomen**

Frivillige organisasjonar oppstår og blir stifta som ein respons på eit påtrengjande problem i samfunnet. Å organisere oss er ein grunnleggjande menneskeleg aktivitet som også er ei kollektiv retorisk handling. Det gjer dei påtrengjande problema som frivillige organisasjonar blir etablerte for å løyse, til retoriske problem i ein retorisk situasjon. Frivillige organisasjonar er ikkje berre arenaer for eller utøvarar av retorikk: Frivillige organisasjonar er retoriske. Retorikkvitskapen bør ikkje berre studere retorikken til frivillige organisasjonar, men også forstå og studere frivillige organisasjonar som retorikk. Det at vi kan forstå frivillige organisasjonar som retorikk, vil eg no underbygge gjennom å vise korleis vi kan forstå frivillige organisasjonar er eit mogeleg svar i retoriske situasjonar.

Som vi såg i kapittel 2, var framvoksteren av organisasjonssamfunnet på 1800-talet ein konsekvens av at det var uløyste oppgåver i samfunnet, og med ein passiv stat måtte folk finne saman og organisere seg for å løyse oppgåvene i fellesskap. I kapittel 3 gjekk vi gjennom dei konstituerande elementa for den retoriske situasjonen, der det påtrengjande

problemet kanskje er det mest sentrale. I artikkelen sin er Bitzer (1997, s. 12) klar på at vi har mange påtrengjande problem i verda, men ikkje alle er retoriske problem. Eit påtrengjande problem er retorisk når problemet kan bli endra til det betre heilt eller delvis ved hjelp av retorikk (Bitzer, 1997, s. 12). Dersom vi skal forstå frivillige organisasjonar som respons på ein retorisk situasjon, så må problemet organisasjonen er etablert for å løyse eller endre, vere retorisk.

Bitzer (1997, s. 12) gir sjølv eit døme på eit retorisk problem som eg meiner er illustrerande for kvifor vi kan forstå frivillige organisasjonar som ein retorisk respons: luftforurensing. Dette er eit retorisk problem ifølgje Bitzer fordi «dets positive afhjælpning – begrænsningen af forureningen stærkt inviterer til, ved talens hjælp, at fremkalde offentlig bevidsthed, forargelse og den rette handling» (Bitzer, 1997, s. 12-13). Å stoppe all forurensing av lufta ved hjelp av retoriske ytringar åleine er nok ikkje er realistisk, vi kan ifølgje Bitzer gjennom talen redusere omfanget av forureining, og på den måten delvis bidra til ei positiv endring av det påtrengjande problemet.

Dei tinga som Bitzer (1997, s. 12-13) meiner vi kan oppnå ved hjelp av talen, meiner eg vi kan oppnå ved hjelp av ei rekkje retoriske handlemåtar, inkludert frivillig organisering. Talesjangeren, som retorikken historisk har vore mest oppteken av, vil i dei fleste tilfelle ikkje vere tilstrekkeleg i seg sjølv i samfunnet i dag. Komplekse retoriske situasjonar krev også meir komplekse retoriske responsar frå oss. La oss gå vidare med Bitzers døme om luftforureining og diskutere korleis ein respons på dette påtrengjande problemet kan sjå ut.

I Groruddalen, der eg bur, er det mykje luftforureining, og store delar av dalen ligg i såkalla raud sone (Myhre, 2018). Luftforureininga utgjer eit påtrengjande problem, og det er eit retorisk problem fordi dette problemet i det minste delvis kan bli endra til det betre ved hjelp av retoriske ytringar. Responsen min på denne retoriske situasjonen kan ta mange former. Eg kan melde meg på ein såkalla open halvtime til bydelsutvalet i bydelen min (Bydel Grorud, 2020) og halde ein tale der for å påverke politikarane. Dette er ein klassisk retorisk respons, på eit vis. Men skal eg ha von om ei endring av luftkvaliteten, er det fleire grunnar til at eg bør nærme meg dette på andre vis. For det første vil neppe påverknad på eit enkelt møte med politikarar vere tilstrekkeleg for å få til noka reell endring. Det er ikkje sikkert at det er saker på dagsordenen på det aktuelle møtet som handlar om luftforureining, og ikkje er det sikkert

at det er tilstrekkeleg å påverke det folkevalde organet i ein bydel åleine. Politiske vedtak er resultat av langvarige prosessar, og vellukka påverknadsarbeid er som regel eit resultat av målretta arbeid over tid. Så kva kan eg gjere i tillegg til eller i staden for ein tale?

Det beste svaret er slik eg ser det, å organisere meg. Gjennom å organisere seg for å jobbe med eller for ei sak får ein utbyttet av den styrken som ligg i å vere fleire, og ein har betre føresetnader for å skulle følgje ei politisk sak og prosessar over tid. Eg kan organisere meg anten gjennom ein eksisterande organisasjon, etablere ein ny organisasjon eller aksjonere meir ad hoc. Til dømes kunne eg melde meg inn i Groruddalen miljøforum eller lokallaget til Naturvernforbundet i Groruddalen. Om eg ikkje opplevde at det var nokon eksisterande organisasjonar som i tilstrekkeleg grad prioriterte spørsmål om luftkvalitet, kunne eg ha forsøkt å finne folk som meinte det same som meg, og til dømes stifte organisasjonen «Foreldre for betre luftkvalitet i Groruddalen». Uavhengig av korleis eg vel å organisere meg, kan ein forstå det som ein respons på den retoriske situasjonen i seg sjølv, i tillegg til at organisasjonen blir ei plattform for andre retoriske ytringar som vil kunne bøte på det påtrengjande problemet.

Korleis vi kan studere frivillige organisasjonar som eit retorisk fenomen skal eg sjå nærare på i neste kapittel. Men først vil eg diskutere om det verkeleg er slik at alle frivillige organisasjonar har oppstått som ein del av ein retorisk situasjon? Å gi eit heilt definitivt svar på dette er vanskeleg utan å gjennomføre eit omfattande studium av etableringa av frivillige organisasjonar, men eg meiner likevel det er tungtvegande grunnar til å slå fast at, ja, frivillige organisasjonar blir til som følgje av eit påtrengjande problem i ein retorisk situasjon. Frivillige organisasjonar oppstår ikkje av seg sjølv – dei blir til for å løyse ei utfordring eller å dekkje eit behov, og organisasjonen er eit verkemiddel for heilt eller delvis å gjere dette.

Etableringa av ein frivillig organisasjon kan også i seg sjølv vere den løysinga og endringa som den retoriske situasjonen føreskriv. Eit nyleg døme på dette er etableringa av organisasjonen Forfatterforbundet. Den norske Forfatterforening (DnF) har organisert forfattarar sidan 1893, og kven som kan vere medlem i organisasjonen, har vore debattert sidan starten (Andreassen, 2012, s. 64-65). For å bli medlem må ein forfattar ha skrive og offentleggjort verk som blir vurderte av DnF til å ha litterær verdi (Andreassen, 2012, s. 65).

Med andre ord er det ikkje fritt fram for å melde seg inn i organisasjonen. I 2017 skreiv difor ei rekkje forfattarar under på eit opprop (Stensbak et al., 2017) der det stod at «Det er en selvsagt rettighet å kunne organisere seg. Den norske Forfatterforening er en lukket medlemsforening. Så lenge det er slik, må vi som av ulike grunner står utenfor, stifte vår egen organisasjon». Eit svar på det påtrengjande problemet at forfattarar ikkje utan vidare kunne organisere seg gjennom den eksisterande organisasjonen for forfattarar, resulterte i stiftinga av organisasjonen Forfatterforbundet (Forfatterforbundet, u.å.).

Det å organisere seg er noko grunnleggjande retorisk: Vi må overtude andre, vege spørsmål opp mot kvarandre og leve med usemje. Det å drive ein frivillig organisasjon krev retorikk i stort monn, og frivillige organisasjonar er slik sett ikkje berre svar på retoriske situasjonar; dei er retorikkfabrikkar både internt og eksternt. Dette gjer det samla sett både naturleg og viktig for retorikkvitskapen å studere frivillige organisasjonar, og i det neste kapittelet skal vi sjå på korleis vi kan gjere dette i praksis.



# 5 Korleis kan ein studere frivillige organisasjonar retorisk?

I førre kapittel argumenterte eg for kvifor retorikkvitskapen burde interessere seg for frivillige organisasjonar, og i dette kapitlet skal eg diskutere korleis ein kan gjere det i praksis. Eg føreslår to moglege inngangar for retorikkvitskapen til frivillige organisasjonar: For det første kan ein studere frivillige organisasjonar som retorikk. For det andre kan ein studere retorikken til frivillige organisasjonar. Men aller først skal eg gå inn på kva som vil vere viktig i ein eigen retorikk for frivillige organisasjonar.

## 5.1 Ein retorikk for frivillige organisasjonar

I førre kapittel diskuterte eg kvifor frivillige organisasjonar burde bli studerte retorisk, og viste korleis studium av frivillige organisasjonar er relevant for dei to første retoriske perspektiva eg gjekk i gjennom i kapittel 3, politisk retorikk og retorisk medborgarskap. I dette kapitlet vil eg presentere ei tilnærming for korleis ein kan studere frivillige organisasjonar retorisk i praksis, og korleis ein kan gjere det i praksis ved hjelp av dei to andre retoriske perspektiva frå kapittel 3, organisasjonsretorikk og retorisk sjangerteori.

Ein retorikk for frivillige organisasjonar må ta utgangspunkt i tre delar. For det første må ein anerkjenne dei særegne trekka ved og dei retoriske føresetnadene til frivillige organisasjonar. Føremålet til frivillige organisasjonar er allmenntilleg eller ideelt. Dei frivillige organisasjonane blir konstituerte ved hjelp av retorikk, og nyttar retorikk til å skape mening, identitet og forandring. Retorikk er ein føresetnad for at ein frivillig organisasjon skal eksistere, og er naudsynt for at organisasjonen søkjer å påverke omverda si i tråd med føremålet sitt.

For det andre er det ikkje berre retorikken til frivillige organisasjonar som må bli studert og vurdert, frivillige organisasjonar i seg sjølv må bli forstått som retorikk. Det at frivillige organisasjonar oppstår som eit retorisk svar på eit påtrengjande problem i ein retorisk situasjon, inneber ein spesiell type retorisk situasjon, som ein kan identifisere og studere. Dette diskuterer eg nærmare i det neste delkapitlet.

For det tredje må ein vise forståing for alle dei ulike situasjonane som oppstår i frivillige organisasjonar igjen og igjen. Ein kan argumentere for at ein frivillige organisasjon kan bli forstått som ein rekke retoriske situasjonar som er sette i system. Det er argumentert for at det å stille opp katalogar over retoriske sjangrar har problematiske sider (Kjeldsen, 2014, s. 95), men like fullt meiner eg ei innføring i retoriske sjangrar i frivillige organisasjonar i dag kan gi viktige inngangar for retoriske studium av frivillige organisasjonar, og nokre knaggar for forskingsprosjekt innanfor eit relativt nytt felt.

Retoriske studium av frivillige organisasjonar må byggje organisasjonsretoriske innsikter om særtrekk og vilkår for frivillige organisasjonar, forstå og studere frivillige organisasjonar som retoriske fenomen, og utvise forståing for alle dei ulike situasjonane som oppstår i frivillige organisasjonar igjen og igjen. Korleis ein gjer dei to sistnemnde tinga, skal eg no sjå på i resten av dette kapitlet, og vi byrjar med å sjå på det eg har kalla for den retoriske organisasjonssituasjonen.

## **5.2 Den retoriske organisasjonssituasjonen**

Tidlegare i oppgåva har eg argumentert for at frivillige organisasjonar kan bli forstått som ein respons på eit påtrengjande problem i ein retorisk situasjon. Frivillige organisasjonar er retoriske fenomen. Ein konsekvens av dette er at retorikkvitskapen ikkje berre må sjå på retorikken til frivillige organisasjonar, men også sjå på den frivillige organisasjonen som retorikk. Med teorien til Bitzer (1997) om den retoriske situasjon som utgangspunkt vil eg her argumentere for at alle frivillige organisasjonar gjennom eksistensen sin har ein overordna retorisk situasjon i seg, som blir førande for andre retoriske situasjonar som organisasjonen er ein del av. Eg vel å kalle dette for den retoriske organisasjonssituasjonen. Først vil eg vise kva som kjenneteiknar denne særeigne retoriske situasjonen, og vidare vil eg undersøkje den retoriske organisasjonssituasjonen til Nasjonalforeningen for folkehelsen.

Som diskutert i førre kapittel kan ein forstå frivillige organisasjonar som svar på eit påtrengjande problem. Når ein frivillig organisasjon blir til er det som ein del av ein retorisk situasjon. Å studere denne situasjonen nærare er interessant, men det er kanskje meir interessant å sjå kva som skjer vidare med den retoriske situasjonen. Ifølgje Bitzer (1997, s. 16) oppstår retoriske situasjonar «for så enten at modnes og forfalde eller modnes og vare ved

– nogle varer øjensynligt evigt.» Nokre retoriske situasjonar forsvinn fort, medan andre vedvarer. Frivillige organisasjonar vil nok i hovudsak vere svar på retoriske situasjonar som varer over tid. Stort sett vil dei nok berre vere svar som delvis er med på å avhjelpe det påtrengjande problemet. På den måten lever den frivillige organisasjonen vidare saman med den overordna retoriske situasjonen. Men i andre tilfelle vil det påtrengjande problemet bli løyst, men organisasjonen likevel leve vidare. Dette er grunnen til at eg meiner det er snakk om ein særeigen retorisk situasjon, som eg no vil sjå på bestanddelane til.

Den retoriske organisasjonssituasjonen er ein grunnleggjande del av ein frivillig organisasjon. Han opptretr som eit retorisk vilkår i andre retoriske situasjonar som organisasjonen er ein del av. Organisasjonssituasjonen består av følgjande delar: Det første er eit eller fleire påtrengjande problem, som organisasjonen har definert at det skal avhjelpe heilt eller delvis gjennom føremålet sitt. Gjennom eigne vedtekter og lover skriftleggjer frivillige organisasjonar kva som er føremålet til organisasjonen, ei kodifisering av det eller dei påtrengjande problema som er ein del av den retoriske organisasjonssituasjonen. Føremålet til organisasjonen legg føringar for kva den frivillige organisasjonen kan og ikkje kan gjere. Men frivillige organisasjonar kan vedta å justere eller fullstendig endre føremålet sitt. Difor er det eller dei påtrengjande problem til ein frivillig organisasjon ikkje noko konstant, men noko dynamisk som kan forandre seg.

Den andre delen av den retoriske organisasjonssituasjonen er det retoriske publikummet, eller interessentane til den frivillige organisasjonen, som eg vil omtale det som. I originalartikkelen skreiv Bitzer (1997, s. 13) at det retoriske publikummet berre består av «de personer som kan påvirkes af diskursen og som kan at formidle forandringen». For særskilde påtrengjande problem er Bitzers omgrep kanskje tilstrekkeleg, men i det augneblikket det er snakk om meir komplekse eller fleire påtrengjande problem, er det naturleg å snakke om fleire ulike retoriske publikum. Eg opplever publikumsomgrepet som snevert både i ordval og innhald. Publikum gir ei førestilling at dei som kan stå for forandringa i den retoriske situasjonen, berre er passive mottakarar av retoriske ytringar. Verkelegheita er nok mykje meir komplisert. Vidare vil eg hevde at det for ein frivillig organisasjon vil vere viktig å kommunisere med publikum som ikkje i seg sjølv kan løyse det påtrengjande problemet. Det er berre Stortinget og ikkje medlemmane i Dysleksi Norge som kan vedta betre oppfølging for unge med dysleksi i skulen, men å ha ein stor og engasjert medlemsmasse kan vere ein viktig

føresetnad for å skulle lukkast med å påverke politikarane. Like fullt kan det vere viktig å påverke eit breiare lag av folket, som igjen vil kunne påverke politikarane. Eg finn det meir føremålstenleg å nytte omgrepet interessentar om denne delen av den retoriske organisasjonssituasjonen, som elles er eit omgrep som blir nytta innanfor PR og strategisk kommunikasjon (Ihlen, 2013, s. 44-48).

Den tredje delen av den retoriske organisasjonssituasjonen er dei organisasjonsretoriske vilkåra. Bitzer (1997, s. 13) definerte dei retoriske vilkåra til å vere utgjort av «personer, hendinger, genstande og relationer som er dele af situationen fordi de har magt til at afgrænse og fremtvinge de beslutninger og handlinger som er nødvendige for at afhjælpe det påtrængende problem». Vanlege kjelder til retoriske vilkår er «tro, holdninger, dokumenter, kendsgerninger, traditioner, billeder, forestillinger, interesser, motiver og lignende» (Bitzer, 1997, s. 13). Denne delen av den retoriske organisasjonssituasjonen er den som liknar mest på den retoriske situasjonen. Dei retoriske vilkåra byr på både restriksjonar og mogelegheiter for korleis den frivillige organisasjonen kan agere. Her meiner eg det også er naturleg å sjå på ressursane til organisasjonen, som Ihlen (2005, s. 46) har argumentert for at er relevante i studiet av retorikken til organisasjonar. Interessante spørsmål er kva økonomiske og menneskelege ressursar den frivillige organisasjonen har i arbeidet for å nå føremålet sitt.

Om ein skal samanfatte, består den retoriske organisasjonssituasjonen av tre delar: eitt eller fleire påtrengjande problem, interessentar og organisasjonsretoriske vilkår. Før eg går vidare til å føreslå ein framgangsmåte for å studere den retoriske organisasjonssituasjonen, vil eg trekkje fram nokre mogelege innvendingar. For det første: Er det slik at alle frivillige organisasjonar har ein retorisk organisasjonssituasjon? For det andre: Er det eller dei påtrengjande problema ein frivillig organisasjon er stifta for å løyse, alltid mogelege å løyse ved hjelp av retoriske ytringar? For det tredje: Kvifor er det interessant for ein retorikar å studere den retoriske organisasjonssituasjonen til ein frivillig organisasjon? Eg skal svare på desse spørsmåla i tur og orden.

Om ein aksepterer premissen om at det å organisere seg og det å stifte ein frivillig organisasjon kan bli forstått som ei kollektiv retorisk handling, og ein mogeleg respons på ein retorisk situasjon, meiner eg ein naturleg konsekvens er at det i ei eller anna form må eksistere ein retorisk situasjon parallelt med at organisasjonen. Det er ikkje gitt at det er den

same situasjonen som resulterte i etableringa av ein frivillig organisasjon. Den frivillige organisasjonen kan i seg sjølv vere løysinga på eit påtrengjande problem: mangelen på eit fellesskap eller ein aktør som kan ivareta ei rolle i samfunnet. Til dømes blei etableringa av samarbeidsforumet Frivillighet Norge løysinga på det påtrengjande problemet at frivilligheita mangla ei felles røyst overfor norske myndigheiter (Gustavsen, 2015). Eller så er den frivillige organisasjonen ein måte som gjer at ein heilt eller delvis kan bøte på det påtrengjande problemet.

Årsakene til at frivillige organisasjonar blir stifta, er mange og varierte, og er ein konsekvens av eit mangfald av påtrengjande problem. Eit legitimt spørsmål er om alle desse problema er mogelege å løyse ved hjelp av retoriske ytringar, det vil seie om dei er retoriske problem. Her er det naturleg å minne oss på at Bitzer (1997, s. 12) meinte at problemet framleis er retorisk dersom det delvis vil kunne bli bøtt på ved hjelp av retoriske ytringar. Bitzers eige døme om luftforureining er også eit godt døme på dette: Ein frivillig organisasjon som blir etablert for å stoppe luftforureining vil ikkje i seg sjølv bidra til mindre luftforureining. Men organisasjonen kan gjennom å påverke politiske prosessar og gjennom å auke bevisstheita i folket bidra til ein reduksjon i luftforureining. Dersom det påtrengjande problemet ein frivillig organisasjon er etablert for å løyse, er eit politisk spørsmål, er problemet retorisk sjølv om det til dømes ikkje finst eit politisk fleirtal for ei endring? Det vil eg hevde at det er: Politiske endringar er resultat av prosessar over tid, og retorikk er eit viktig verkemiddel for å få til slike endringar.

Til slutt er det naturleg å stille spørsmål med det heile: Kva så? Kvifor er det interessant for ein retorikar å studere den retoriske organisasjonssituasjonen til ein frivillig organisasjon? Det er fleire grunnar til at ein slik inngang til studiet av frivillige organisasjonar og retorikken deira er interessant for retorikkvitskapen. For det første lèt det oss studere frivillige organisasjonar som retoriske fenomen. Om vi vel å forstå frivillige organisasjonar som ein retorisk respons på eit påtrengjande problem, er ein analyse av den frivillige organisasjonen vel så interessant som ein tale som blir halden av organisasjonsleiaren. For det andre gir ein analyse av den retoriske organisasjonssituasjonen oss betre føresetnader for å skulle analysere retorikken til den aktuelle frivillige organisasjonen. Organisasjonssituasjonen utgjer ein overordna retorisk situasjon for organisasjonen, og inngår som eitt av fleire retoriske vilkår for organisasjonen i andre retoriske situasjonar.

Eg vil no presentere ein framgangsmåte for å analysere den retoriske organisasjonssituasjonen til ein frivillig organisasjon, og eg vil så vise kort korleis framgangsmåten kan fungere i praksis. Ein analyse kan skje i fire trinn: Det første er å kartleggje den retoriske situasjonen som la grunnlaget for at den frivillige organisasjonen blei stifta. Dette kan vere i nær samtid eller fjern fortid avhengig av kor lenge den frivillige organisasjonen har eksistert. Aktuelle kjelder er stiftingsdokument og historiebøker, om det finst.

Det andre trinnet er å finne det eller dei påtrengjande problema til den frivillige organisasjonen. Kva er det vedtekne føremålet til den frivillige organisasjonen? Har dette endra seg? Og fyller organisasjonen andre roller eller funksjonar enn det som inngår i føremålet? Her er gjerne det som blir omtala som grunddokumenta til ein frivillig organisasjon, ein naturleg stad å sjå til: vedtekter, verdiar, arbeidsplanar, politisk program og liknande. I tillegg kan det vere naturleg å sjå på korleis den frivillige organisasjonen vel å presentere seg sjølv.

Det tredje trinnet er å kartleggje interessentane til den frivillige organisasjonen. Kva interessentar kan løyse det påtrengjande problemet eller problema til organisasjonen? Kva interessentar er viktige føresetnader for å lukkast i arbeidet med å nå føremålet? Kva andre interessentar finst i landskapet, som verkar inn på arbeidet med å nå føremålet? Her kan ein med utgangspunkt i vurderinga av føremålet til organisasjonen finne mange svar. Andre kjelder er eigne dokument til organisasjonen, som årsmeldingar og tilsvarande. Det er også naturleg å sjå på deltakinga til organisasjonen i politiske prosessar, til dømes i høyringsinstituttet til Stortinget og departementa.

Det fjerde og siste trinnet er å få ei oversikt over dei organisasjonsretoriske vilkåra til organisasjonen. Kva omstende er det som anten avgrensar eller gir moglegheiter for den frivillige organisasjonen til å arbeide for føremålet sitt? Korleis er ressursituasjonen? Korleis er omdømmet til organisasjonen? Her kan også ting som ikkje er så allment tilgjengeleg, til dømes historikk eller organisasjonskultur, spele inn. Også her er dei eigne dokumenta til organisasjonen aktuelle kjelder. Både her og i dei andre trinna i analysen av den retoriske

organisasjonssituasjonen er det mogeleg å gjere analysen rikare gjennom intervju av informantar i organisasjonen.

Eg har no presentert ein teori om den retoriske organisasjonssituasjonen, argumentert for kvifor dette er ein farbar teori, og skissert korleis ein kan gå fram for å gjere ein analyse av denne særeigne retoriske situasjonen. Vidare vil eg demonstrere korleis ein kan gjere dette i praksis, gjennom ein analyse av den retoriske organisasjonssituasjonen til Nasjonalforeningen for folkehelsen. Valet av organisasjon er bevisst og ikkje tilfeldig, og kvifor dette er ein organisasjon som eignar seg godt som eit døme, vil bli klart i løpet av analysen.

### **5.2.1 Nasjonalforeningen for folkehelsen**

Eg vil no gjennomføre ein analyse av den retoriske organisasjonssituasjonen til Nasjonalforeningen for folkehelsen. For denne organisasjonen er det historiske kjeldetilfanget godt i form av at det er skrive fleire bøker om historia til organisasjonen (Erichsen, 1960; Dagle, 1985; Grindheim, 2010). Først vil eg kort presentere nokre grunnleggjande fakta om organisasjonen. Så vil eg sjå på det bakteppet for etableringa av organisasjonen. Vidare vil eg sjå på dei tre delane av den retoriske organisasjonssituasjonen for Nasjonalforeningen i dag: påtrengjande problem, interessentar og organisasjonsretoriske vilkår. Til sist vil eg vurdere kva vi har fått ut av denne analysen, og kva vi kan ta med oss vidare.

Nasjonalforeningen for folkehelsen<sup>16</sup> skildrar seg sjølv som ein frivillig organisasjon som «arbeider for å bekjempe demens og hjerte- og karsykdommer. Det gjør vi med informasjon, forebygging, lokalt arbeid, politisk påvirkningsarbeid og støtte til forskning. Vår innsats er basert på innsamlede midler og gaver» (Nasjonalforeningen for folkehelsen, u.å.). Organisasjonen er registrert som foreining<sup>17</sup> og er ein medlemsbasert og demokratisk organisasjon.<sup>18</sup> Nasjonalforeningen blei etablert i 1910 (Nasjonalforeningen for folkehelsen,

---

<sup>16</sup> I det vidare omtala berre som Nasjonalforeningen.

<sup>17</sup> Oppslag i Enhetsregisteret 21.05.20, sjå <https://perma.cc/QWP4-JHPU>.

<sup>18</sup> Jamfør § Medlemskap i vedtektene til organisasjonen (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2019c).

2019b), og har i dag 27 000 medlemmer og lokallag i form av 177 demensforeiningar og 316 helselag (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2020b).

Tuberkulosen har historisk vore ei av dei største folkeutfordringane i Noreg. I 1910 døydde over 5000 menneske av tuberkulose i Noreg, og det utgjorde nesten tjue prosent av alle registrerte dødsfall det året (Grindheim, 2010, s. 23-25). 29. juni dette året var det invitert til stiftingsmøte for norske Nationalforening mot Tuberkulosen i den gamle aulaen til universitetet, med mellom andre kong Haakon VII og dronning Maud til stades (Erichsen, 1960, s. 7). Initiativet kom frå tuberkulosekomiteen til Den norske lægeforening, og komitéleiar Klaus Hanssen avslutta appellen sin til dei frammøtte på følgjande vis: «Ett vet vi – vi må lære å løfte i flokk. Gjør vi det, er seieren sikker, enten vi er rike eller fattige. Det kan ta kortere eller lengre tid, men frem skal vi. Om vi holder sammen, skal vårt folk praktisk talt en gang bli fri for tuberkulosen» (Dagre, 1985, s. 17).

Arbeidet med å kjempe ned tuberkulosen hadde byrja i starten av 1890-åra, men arbeidet var for det meste private initiativ i den enkelte by og bygd, utan ein ein samla eller målretta plan (Dagre, 1985, s. 17). Legekomiteen meinte det var behov for ei folkereising mot sjukdomen som herja i landet, og den nye organisasjonen blei etablert med følgjande føremålsparagraf: «Den norske Nationalforening mot Tuberkulosen har til oppgave å samle og organisere arbeidet mot tuberkulosen i Norge» (Erichsen, 1960, s. 7-9).

Som diskutert tidlegare i oppgåva kan ein forstå frivillige organisasjonar som eit svar på retoriske situasjonar og påtrengjande problem, og det meiner eg i høgaste grad gir mening her. Den nye nasjonalforeninga oppstod som ein konsekvens av eit omfattande, påtrengjande problem for samfunnet, nemleg tuberkulosen, som utgjorde ein trussel mot folkehelsa. Vidare er det som eg har diskutert tidlegare, slik at den retoriske situasjonen til ein frivillig organisasjon ikkje er noko konstant. Situasjonane forvitrar, men dei frivillige organisasjonane består i mange tilfelle. Nasjonalforeningen er i så måte eit interessant kasus å studere.

Nasjonalforeningen blei etablert for å kjempe ned tuberkulose i Noreg, og det vil ikkje vere ei stor overdriving å seie at ein lukkast med å løyse det påtrengjande problemet som førte til at organisasjonen blei stifta. I dag er førekomsten av tuberkulose minkande og blant dei lågaste i verda (Folkehelseinstituttet, 2019). Men kva skjer då med ein frivillig organisasjon som



«løyser» sitt påtrengjande problem? For Nasjonalforeningen blei det naturleg å vurdere spørsmålet i etterkant av den andre verdskrigen: Tuberkulosen var ikkje vekk, men sigeren var i sikte (Dagre, 1985, s. 30). Behova i samfunnet var endra, og det var kanskje også behovet for Nasjonalforeningen?

I 1947 vedtok Nasjonalforeningen å skifte namn til Nasjonalforeningen mot Tuberkulosen for Folkehelsen (Dagre, 1985, s. 30), og føremålsparagrafen blei endra for første gong sidan byrjinga: «Nasjonalforeningens formål er i samarbeid med det offentlige og andre helseorganisasjoner å bekjempe tuberkulosen og andre folkesykdommer og virke til fremme for sykepleien og folkehelsen» (Dagre, 1985, s. 7). Det var andre helsemessige utfordringar som var større enn tuberkulosen, og Nasjonalforeningen fatta særleg interesse for helsa og velferda til dei eldre, og hjerte- og karsjukdomar (Dagre, 1985, s. 30).

I 1963 endra organisasjonen namn igjen, til Nasjonalforeningen for folkehelsen, og det blei igjen gjort endringar i føremålsparagrafen for at han betre skulle reflektere dei tre hovudområda som foreininga hadde då (Dagre, 1985, s. 83):

*Nasjonalforeningen er en landsomfattaende organisasjon hvis formål er*

- 1. å bekjempe tuberkulosen og andre folkesykdommer som virke for fremme av sykepleien og folkehelsen.*
- 2. å bekjempe hjerte- og karsykdommene.*
- 3. å virke for bedre helsetilstand og leveforhold for eldre.*

Det har sidan den gongen blitt gjort fleire endringar i føremålsparagrafen, deriblant i 1978 (Grindheim, 2010, s. 260). Vi skal ikkje gå gjennom kvar einaste endring, for poenget om at endra behov i samfunnet resulterte i endra prioriteringar for organisasjonen byrjar å bli tydeleg. I dag er føremålsparagrafen slik (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2019c):

*1. Nasjonalforeningen for folkehelsen er en frivillig, humanitær, organisasjon.*

*Organisasjonen arbeider med folkehelse, forskning på hjerte- og karsykdommer og demens, og er interesseorganisasjon for personer med demens og deres pårørende.*

*2. Nasjonalforeningen for folkehelsen arbeider med aktuelle og fremtidsrettede oppgaver som har betydning for folkehelsen.*

Representerer dette føremålet eit påtrengjande problem som er styrande for den retoriske organisasjonssituasjonen, og med det korleis organisasjonen agerer? Det er ingen tvil om at tuberkulosen som herja fritt i kongeriket, var eit veldig tydeleg påtrengjande problem for samfunnet. Det same kan ein seie om målet om å kjempe ned hjarte- og karsjukdomar som kom til etter kvart. Den gjeldande føremålsparagrafaen verkar kanskje mindre påtrengjande enn dei tidlegare paragrafane, men eg vil likevel argumentere for at han tek opp noko som er eit stort påtrengjande problem i samfunnet: folkehelsa.

Folkehelsearbeid blir av regjeringa definert som (Helse- og omsorgsdepartementet, u.å.):

*[...] samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, og arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.*

Nasjonalforeningen for folkehelsen omtaler folkehelse slik (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2019a):

*Helse er ikke bare fravær av sykdom. Med helse menes både fravær av sykdom og positive aspekter som mestring, trivsel og livskvalitet. Folkehelse handler om hvordan det står til i befolkningen eller grupper av befolkningen. Folkehelse kan defineres som befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i befolkningen.*

Folkehelsa, både statusen hennar og truslar mot ho, vil vere viktig i eit samfunn, og ei kontinuerleg utfordring, eller eit påtrengjande problem om du vil. Sjølv om behova til samfunnet har endra seg og tuberkulose ikkje lenger utgjer eit påtrengjande problem i samfunnet, har Nasjonalforeningen for folkehelsen utvikla seg og funne nye problem og situasjonar å ta tak i. Eit nyleg døme på korleis Nasjonalforeningen svarer på nye samfunnsutfordringar er opprettinga av «Frivillighetens Koronalinje», som er ei telefoneneste som organisasjonen driv i samarbeid LHL og Norske Kvinners Sanitetsforening etter ønske frå Helsedirektoratet (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2020c).

Vi skal no gå vidare til å sjå på det retoriske publikummet til Nasjonalforeningen, eller interessentane, som eg har valt å døype det om til. Grunnleggjande sett vil dei fleste frivillige organisasjonar ha nokre like interessentar. For det første vil det i ein medlemsbasert frivillig organisasjon vere viktig å kommunisere med medlemmar og tillitsvalde. For det andre vil det for mange frivillige organisasjonar vere viktig å kommunisere overfor opinionen eller folket generelt, anten det er for å sikre rekruttering til organisasjonen eller for å få aksept og støtte for politiske løysingar som dei frivillige organisasjonane står for. Det som gjerne vil skilje seg frå organisasjon til organisasjon, og særleg for dei interessepolitiske er kva for politikarar og embetsverk dei vel å arbeide opp mot. Ein gjennomgang<sup>19</sup> av høyringar på Stortinget i sesjonen 2018–2019 viser at Nasjonalforeningen totalt deltok på fire høyringar: to i helse- og omsorgskomiteen, éi i arbeids- og sosialkomiteen og éi i familie- og kulturkomiteen. Som ein aktør som jobbar innanfor helsefeltet, er det naturleg at det særleg er helse- og omsorgskomiteen, Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet ein jobbar mest med hos Nasjonalforeningen. Dette inntrykket blir stadfesta når ein ser på oversikta høyringsnotat og -innspel som organisasjonen sjølv har publisert (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2020a): Helse- og omsorgsdepartementet og helse- og omsorgskomiteen på Stortinget er dei som Nasjonalforeningen har gitt flest innspel, men også andre departement har i enkeltsaker blitt følgt opp av organisasjonen. Eit døme på dette er at fleire departement har fått sendt innspel til statsbudsjettet.

Det siste vi skal sjå på, er organisasjonsretoriske vilkår. Som vi har vore inne på tidlegare, er det snakk om både indre og ytre vilkår, det vil seie vilkår som organisasjonen har ein viss form for kontroll over. Indre vilkår kan til dømes vere at Nasjonalforeningen har to ulike typar lokalnivå i organisasjonen, helselag og demensforeiningar (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2019c). Det kan vere at organisasjonen både har eit lands- og sentralstyre, og at det er oppretta egne fagråd for dei faglege temaa som foreininga arbeider med (Nasjonalforeningen for folkehelsen, 2019c). Av ytre vilkår kan ein sjå på den tilliten og den lange historia som Nasjonalforeningen har, som gjer at dette er ein organisasjon som myndigheitene stoler på. Dette heng saman med den tidvis særst tette koplinga mellom foreininga og myndigheitene.

---

<sup>19</sup> Program for alle komitéhøyringar er tilgjengeleg på Stortinget.no, og er ein god måte å sjå kva komitear frivillige organisasjonar arbeidar opp mot.

Å kunne vurdere frivillige organisasjonar som retorikk kan i seg sjølv gi oss nyttige perspektiv. Vidare kan det gjere oss betre i stand til å vurdere retorikken til frivillige organisasjonar i enkeltsituasjonar.

### **5.3 Dei retoriske sjangrane i frivillige organisasjonar**

I dette delkapittelet ønskjer eg å gi ei oversikt over retoriske sjangrar og retoriske former i frivillige organisasjonar. Føremålet med dette delkapittelet er ikkje å ei fullstendig oversikt over alle retoriske sjangrar eller former som eksisterer i frivillige organisasjonar. Til det er frivilligheita for mangfaldig og ei masteroppgåve eit alt for lite medium. Men det eg ønskjer å oppnå, er å gi den som måtte ønskje å studere frivillige organisasjonar retorisk, nokre rettesnorer å navigere etter, for å finne fram til retoriske sjangrar og former som er særleg viktige for frivillige organisasjonar.

Sjølv om frivilligheita i Noreg er mangfaldig og dei frivillige organisasjonane er veldig ulike kvarandre, har organisasjonane likevel mykje til felles når det gjeld korleis dei er organiserte og styrte. Har du vore aktiv i ein frivillig organisasjon, så vil det du lærer der om «organisasjonshandverket», i mange tilfelle vere overførbart til ein annan frivillig organisasjon, sjølv om ein gjer ting litt ulikt. Dette er ei vurdering som det ikkje er mogeleg å fastslå som korrekt utan omfattande, empiriske analysar av organiseringa og drifta til eit stort tal frivillige organisasjonar, men eg argumenterer for at det er fleire ting som talar for å leggje ei slik vurdering til grunn. For det første eksisterer det litteratur om drift av frivillige organisasjonar som blir presentert som allmenne og nyttige for tillitsvalde i alle frivillige organisasjonar (sjå til dømes Gerhardsen, 2006; Larsen & Bye, 2014; Lunner & Mostuen, 2015; Frivillighet Norge, 2016). For det andre har staten lenge gitt tilskot til frivillige organisasjonar, og ved opprettinga av ei tilskotsordning må den aktuelle statlege eininga halde seg til det statlege økonomiregelverket, og både målgruppe og tildelingskriterium må bli definert (Kulturdepartementet, 2017, s. 16). Anten det har vore villa politisk eller ikkje, er det ikkje unaturleg å rekne med at frivillige organisasjonar over tid i større eller mindre grad har tilpassa seg til statlege forventingar for å kunne ha rett på tilskot. For det tredje vil frivillige organisasjonar bli prega av praksisen til kvarandre, gjennom at personar er

medlemar og aktive tillitsvalde ikkje berre i éin organisasjon, og slik sett ta med seg erfaringa si frå andre organisasjonar.

I skildringa av dei retoriske sjangrane i frivillige organisasjonar har eg funne det føremålstenleg å dele sjangrane inn i tre sjangertypar. Den første er dei eksterne organisasjonssjangrane, som tek for seg handlingane til den frivillige organisasjonen i møte med omverda. Den andre er dei interne organisasjonssjangrane, som tek for seg kva som skjer innanfor organisasjonen. Den tredje er dei konstituerande organisasjonssjangrane, som er dei sjangrane som konstituerer organisasjonen og på den måten bidreg til eksistensen til organisasjonen. Dei tre sjangertypane består av sjangrar med ulike retoriske former, som fyller ulike funksjonar i dei frivillige organisasjonane.

<b>Sjangertype</b>	<b>Sjangrar</b>
Eksterne organisasjonssjangrar	Rekrutteringsretorikk Påverknadsretorikk Retorikk organisasjonar imellom
Interne organisasjonssjangrar	Medlemsretorikk Styringsretorikk Skuleringsretorikk
Konstituerande organisasjonssjangrar	Vedtektsretorikk Program- og rapporteringsretorikk Verdiretorikk

No vil eg gå igjennom dei tre sjangertypane, og eg vil svare på følgjande spørsmål: Kva kjenneteiknar sjangertypen? Kva retoriske former består sjangertypen av, og kva kjenneteiknar dei? Kva funksjonar fyller sjangrane i dei frivillige organisasjonane? Eg vil også reflektere rundt kva som kan vere interessant å studere ved dei ulike organisasjonsretoriske sjangrane. Først ut er dei eksterne organisasjonssjangrane.

### 5.3.1 Eksterne organisasjonssjangrar

Den første sjangertypen, dei eksterne organisasjonssjangrane, er sjangrar som oppstår i møtet mellom den frivillige organisasjonen og omverda.

Sjangertype	Sjangrar
Eksterne organisasjonssjangrar	Rekrutteringsretorikk Påverknadsretorikk Retorikk organisasjonar imellom

Her skal eg gå nærare inn på tre sentrale organisasjonsretoriske sjangrar: Den første er rekrutteringsretorikk, den andre er påverknadsretorikk, og den tredje er retorikken organisasjonar imellom. Eg skal sjå på kva slags retoriske former vi finn innanfor kvar sjanger, og kva funksjonar sjangeren og formene fyller. Aller først skal vi sjå på rekrutteringsretorikk.

Organisasjonsretoriske sjangrar	Retoriske former	Funksjonar
Rekrutteringsretorikk	Rekrutteringsmateriell Innmeldingsskjema Organisasjonspresentasjon Éin-til-éin-rekruttering	Sikre arbeid for å nå målet til organisasjonen, og vidare drift Sikre inntekter Spreie verdiane til organisasjonen

Rekruttering til ein frivillig organisasjon er viktig for dei medlemsbaserte organisasjonane, og rekrutteringa skjer gjennom fleire ulike retoriske former. Her skal eg ta for meg fire former, men det er ikkje uvanleg at ein kan sjå desse formene i kombinasjon: Den første er *rekrutteringsmateriell*, eller *vervemateriell*, for å nytte eit mykje nytta omgrep i frivilligheita. Dette inkluderer alle former for fysiske trykksaker eller digitale presentasjonar som tek for seg kvifor og korleis ein person skal bli medlem av ein organisasjon. Rekrutteringsmateriellet blir nytta for å overtyde ein person om å bli medlem av organisasjonen og forklare

vedkomande kva personen må gjere for å bli medlem. Vanlege delar av rekrutteringsmateriellet er presentasjon av organisasjonen (ei retorisk form vi kjem attende til), informasjon om medlemsfordelar og kontingentsatsar, og gjerne ofte eit innmeldingsskjema.

*Innmeldingsskjemaet* er ei anna retorisk form som er sentral i rekruttering av medlemmar. Sidan starten på det norske organisasjonssamfunnet har det vore vanleg å betale ein kontingent for å stå som medlem i ein organisasjon (Pryser, 1999, s. 281). For å kunne samle inn kontingenten og ha oversikt over kven som er medlemmene i den frivillige organisasjonen har organisasjonen eit visst behov for informasjon om kvar enkelt medlem. Oppgåva til innmeldingsskjemaet blir å få inn denne informasjonen, og eventuelt også få medlemmen til å sende skjemaet til organisasjonen. I mange tilfelle vil det utfylte innmeldingsskjemaet eller informasjonen i det fungere som dokumentasjon overfor offentlege myndigheiter, og informasjonen kan bli kontrollert (Kulturdepartementet, 2017, s. 23).

Ei tredje retorisk form er *organisasjonspresentasjonen*. Som vi har sett tidlegare i oppgåva, er Noreg i verdstoppen når det gjeld frivillighet, og vi har ein rik fauna av frivillige organisasjonar. Dette gjer at dei frivillige organisasjonane til ein viss grad må konkurrere med andre organisasjonar om tida og medlemskapa til folket. Her vil det naturleg nok vere store forskjellar innanfor ulike organisasjonssegment: Medan det berre er ein organisasjon for dei vaksne som har cøliaki (Norsk cøliakiforening), er det innanfor fråhaldsrørsla fleire organisasjonar for vaksne å velje mellom – til dømes Edru Livsstil (tidlegare Det Norske Totalavholdsselskap), IOGT i Norge, Norsk Helse- og Avholdsforbund og Forbundet Mot Rusgift. Uansett om den frivillige organisasjonen føler at han konkurrerer om medlemmar med andre organisasjonar eller tilbod der ute, er organisasjonspresentasjonen ein viktig del av arbeidet med å overtyde ein person om å melde seg inn i ein organisasjon. Her er det mange ulike ting organisasjonen kan velje å leggje vekt på, alt frå føremålet med organisasjonen og arbeidet han utfører, til kva den enkelte får som medlemsfordelar ved medlemskap.

Ei fjerde retorisk form er *éin-til-éin-rekruttering*, det vil seie situasjonen der ein enkeltperson blir forsøkt rekruttert til ein frivillig organisasjon. Dette kan skje i eit breitt spekter av ulike situasjonar – alt frå verving av tilfeldige personar på gata til ein organisasjonsmedlem som

prøver å rekruttere venar eller familiar. Her er det særleg interessant å sjå på medlemmar av organisasjonen som er opplærte i korleis dei skal gjere rekrutteringsarbeid, og kva insentiv som finst hos medlemmar i ein organisasjon for å rekruttere andre medlemmar, til dømes vervepremiar og liknande.

Vi skal no sjå vidare på funksjonane til rekrutteringsretorikk. Rekruttering er ein viktig aktivitet i alle frivillige organisasjonar som er medlemsbaserte, på fleire plan: På eit eksistensielt plan er rekruttering naudsynt for å sikre det vidare livet til organisasjonen. Når gamle medlemmar sluttar i organisasjonen av ulike årsaker treng organisasjonen nye medlemmar for å ta over oppgåver og verv. Medlemmar i tilstrekkeleg omfang er ein føresetnad for å kunne ha organisasjonen i drift og sørge for at det blir arbeidd for å nå føremålet til organisasjonen. På eit økonomisk plan er rekruttering naudsynt for å sikre inntekter. Ein ting er medlemskontingenten som ein organisasjonsmedlem stort sett må betale for å stå som medlem. Men rekruttering og økonomi handlar først og fremst om at i dei store, offentlege driftsstøtteordningane er medlemstal typisk både utmålings- og inngangskriterium (Berge et al., 2018, s. 35), som vil seie at medlemstalet har ein direkte konsekvens for både kor stor offentleg støtte ein frivillig organisasjon kan få, og om han kan få offentleg støtte i det heile. Til dømes er det i driftsstøtteordninga for barne- og ungdomsorganisasjonane slik at ein i utgangspunktet må ha over 700 medlemmar for å kvalifisere til tilskot frå ordninga (Forskrift om tilskudd til ungdomsorganisasjoner, 2007, § 13g). På eit verdimesig plan er rekruttering ønskjeleg fordi organisasjonen har visse verdiar han ønskjer å spreie til flest mogeleg. Til dømes vil ein fråhaldsorganisasjon ønskje å rekruttere fleire medlemmar slik at fleire lever etter verdien til organisasjonen.

Innanfor rekrutteringsretorikken er det ei rekkje interessante ting ein kan undersøkje: Korleis nyttar frivillige organisasjonar retoriske bevismiddel for å rekruttere medlemmar? Korleis framstiller organisasjonane seg sjølve for potensielle medlemmar? Kva sider eller fordelar med medlemskap vel frivillige organisasjonar å løfte fram? Kva medium nyttar frivillige organisasjonar for å rekruttere medlemmar? Korleis lærer organisasjonane opp eigne medlemmar til å verve nye medlemmar? Korleis forstår organisasjonane sjølv dei utfordringane og mogelegheitene den retoriske situasjonen som eit møte med ein potensiell medlem gir? I forlenging av rekrutteringsretorikken kunne ha diskutert ein givarretorikk, det vil seie ein retorikk om korleis frivillige organisasjonar går fram for å studere økonomiske givarar.



Mange av dei retoriske former og funksjonane ville ha vore liknande, samstundes som det også ville ha vore forskjellar. Fleire spørsmål om rekrutteringsretorikk kunne blitt stilt her, men no er tida komen for å sjå nærare på påverknadsretorikken.

<b>Organisasjonsretoriske sjantrar</b>	<b>Retoriske former</b>	<b>Funksjonar</b>
Påverknadsretorikk	Høyringar Lobby Medieinnlegg/presseoppslag Kampanje/aksjonisme Nettverksbygging	Påverke politiske avgjerdsprosessar i tråd med føremål og program Sikre rammevilkår for organisasjonen

Som vi har sett tidlegare, er frivillige organisasjonar ein viktig del av det politiske systemet i Noreg, og det er difor interessant å sjå på korleis frivillige organisasjonar gjer politisk påverknadsarbeid ved hjelp av retoriske verkemiddel. Den politiske påverknaden kan skje gjennom dei formelle politiske prosessane og dei sjangrane som følgjer med desse, til dømes høyringane til departementa og komiteane på Stortinget. Den politiske medverknaden kan skje gjennom deltaking i det offentlege ordskiftet om ei politisk sak ved hjelp av pressa eller sosiale medium. Påverknaden kan også skje gjennom forsøk på å påverke opinionen eller politikarar direkte, gjennom aksjonar, kampanjar eller såkalla lobbymøte. Her vil eg sjå nærare på fem retoriske former.

Den første, *høyringar*, tek for seg korleis frivillige organisasjonar forsøker å påverke politiske vedtak gjennom deltaking i høyringsinstituttet. Høyringane kan vere skriftlege, som dei gjerne er frå departementet. Organisasjonen leverer då eit skriftleg innspel som samanfattar meiningane og vurderingane til organisasjonen. Høyringane i Stortinget kan også vere munnlege, slik at organisasjonane får nokre minutt kvar, og komiteen får gjerne eit skriftleg notat under eller i etterkant av høyringa.

Den andre, *lobby*, skjer i form av lobbymøte anten med den frivillige organisasjonen og ein enkeltpolitkar, eller innspelsmøte der det blir gitt rom til frivillige organisasjonar. Når ein

deltek på eit lobbymøte med ein politiskar har ein gjerne med seg eit notat som samanfatar hovudpoenga som ein framførte i møta. Som vi har sett tidlegare i oppgåva, er kontakt med frivillige organisasjonar noko stortingspolitikarar nyttar mykje tid på.

Den tredje er *medieinnlegg/presseoppslag*. Å kome på i media med den rette typen sak og den rette vinklinga kan vere ein viktig del av ein større politisk strategi for å få til eit politisk gjennomslag gjennom påverknad av opinionen, om saka i media ikkje er stor nok i seg sjølv til å skape moment for ei sak. Samstundes har det også ein effekt å løfte ei sak inn på den politiske dagsorden ved å skape merksemd. Her er det aktuelt både å sjå på kronikkar/debattinnlegg og redaksjonell omtale.

Den fjerde er *aksjonisme/kampanje*. Som eit verkemiddel i å skaffe merksemd rundt ei sak og engasjere eigne medlemar og andre kan ein aksjonere eller køyre kampanje i sosiale medium. Aksjonsar og kampanjar kan føre både til mediemerksmd, og med det påverke opinionen eller skape moment, eller vere ein måte for organisasjonen å byggje relasjonar og nettverk på.

Den femte er *nettverksbygging*. Ein viktig del av arbeidet til den frivillige organisasjonen for å få politisk gjennomslag er å ha kontakt med og tilgang til politikarar og andre aktørar som har innverknad innanfor det politiske feltet organisasjonen opererer på. Ein måte å oppnå dette på er å byggje nettverk og knyte kontaktar utan at settinga er eit lobbymøte. Dette kan skje gjennom deltaking på andre arrangement som aktuelle interessantar er på, eller ved å designe arrangement sjølv med mål om å invitere inn aktuelle politikarar.

Funksjonane til påverknadsretorikken kan fylle to ulike funksjonar avhengig av den aktuelle organisasjonen. For frivillige organisasjonar som målretta driv med politisk påverknad fyller dei retoriske formene ein funksjon i form av dei lèt dei påverke politiske avgjerdsprosessar i tråd med føremål og program. Men slik eg vurderer det, er alle frivillige organisasjonar litt politiske. Om ikkje anna så vil funksjonen til påverknadsretorikken vere å sikre gode rammevilkår for den frivillige organisasjonen. Det er verdt å spørje kva retoriske strategiar frivillige organisasjonar vel når dei skal påverke. Kva topoi kan vi finne i høyringsinnspel frå frivillige organisasjonar? Kva gjer dei frivillige organisasjonane i møte med politikarane? Kva frivillige organisasjonar framstår mest truverdige for politikarane? Vidare skal vi sjå på retorikken frivillige organisasjonar har mot andre organisasjonar.

<b>Organisasjonsretoriske sjantrar</b>	<b>Retoriske former</b>	<b>Funksjonar</b>
Retorikk organisasjonar imellom	Helsingstalar Samarbeidsavtalar Paraplyorganisasjonar	Byggje og vidareutvikle relasjonar Samhandle, skape felles stemme

Ein tredje interessant retorisk sjanger er den retorikken frivillige organisasjonar utøver seg imellom. Slik retorikk kan ta mange former: Ein kan sjå på retorikken mellom organisasjonar som samarbeider, eller retorikken i og til paraplyorganisasjonar. Retorikken til organisasjonar som er i «familie», kan bli studert: I norsk organisasjonsliv er det mange døme på frivillige organisasjonar som er sjølvstendige, men som har ei vedtektsfesta, familiær tilknytning til ein annan organisasjon som ungdoms- eller barneorganisasjon. Eit døme på dette er Natur og Ungdom, som sidan starten har vore ungdomsorganisasjonen til Norges naturvernforbund (Kielland, 2017, s. 30-31). Slike organisasjonsfamiljar er så vanlege at paraplyorganisasjonen Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (2016) har arrangert kurset «Hold deg inne med mor» om forholdet mellom barne- og ungdomsorganisasjon og moderorganisasjon. Ein kan også studere retorikken til organisasjonar som er usamde om eit politisk stridsspørsmål, til dømes retorikken mellom Europabevegelsen og Nei til EU.

Innanfor retorikk organisasjonar imellom er det nokre retoriske former som er verdt å sjå nærare på: Den eine er helsingstalane som frivillige organisasjonar held når dei gjestar andre sine års- eller landsmøte. Den andre er samarbeidsavtalar, til dømes mellom ungdoms- og moderorganisasjonen. Den tredje er paraplyorganisasjonane, og korleis organisasjonane samhandlar og finn ein felles stemme.

### 5.3.2 Interne organisasjonssjangrar

Sjangertype	Sjangrar
Interne organisasjonssjangrar	Medlemsretorikk Styringsretorikk Opplæringsretorikk

Den andre sjangertypen, dei interne organisasjonssjangrane, ser på retorikken som skjer innanfor «dei fire veggane» til ein frivillig organisasjon. Her er det tre retoriske sjangrar eg vil trekkje fram: medlemsretorikken, styringsretorikken og opplæringsretorikken.

Organisasjonsretorisk sjanger	Retoriske former	Funksjonar
Medlemsretorikk	Medlemspleie Medlemsblad/nyheitsbrev Kontingentkrav Aktivitatar og arrangement	Halde på og aktivisere medlemar Skape identitet

Medlemsretorikken tek for seg dei retoriske sjangrane i kommunikasjon mellom organisasjonen og medlemmane. Ein må ikkje berre rekruttere medlemar – ein må også aktivisere og halde på medlemmane (Hill & Sjöström, 2012, s. 7). Her vil eg sjå på tre retoriske former: medlemspleie, medlemsblad/nyheitsbrev og kontingentkrav.

Den første, *medlemspleie*, må bli forstått breitt i form av at han kan opptre i form av ei lang rekke medium, og er meint å skildre oppfølginga av eksisterande medlemar i den frivillige organisasjonen. Aktuelle medium er e-post, brevpost, tekstmeldingar, nettsider, sosiale medium og medlemsblad/nyheitsbrev. Sistnemnde skal vi sjå nærare på om litt.

Medlemspleie skjer ikkje berre frå organisasjonen sentralt, men også gjennom kontakt som lokale tillitsvalde og andre har med medlemmane i sitt lokallag.

*Medlemsblad/nyheitsbrev* er ei viktig retorisk form i kommunikasjonen med medlemar – for såkalla passive medlemar som ikkje deltek på møte eller aktivitatar i organisasjonen, utgjer

fort medlemsbladet eller nyheitsbrevet den kontakten medlemen har med organisasjonen. Medlemsblad har lange tradisjonar innanfor frivilligheita og har sørgt for å skape ei offentlegheit innanfor organisasjonen. Før nettet og andre moderne kommunikasjonsverktøy blei bygd ut, spelte medlemsblada ei rolle i å byggje ein organisasjonsidentitet og vere ei plattform for diskusjon og debatt innanfor organisasjonen. Medan medlemsblad gjerne framleis blir trykte og distribuerte på papir, så vil som regel meir aktuelle saker bli dekte i nyheitsbrev direkte til kvar enkelt medlem frå organisasjonen. Nyheitsbrevet har den store fordel av å vere digitalt og lite ressurskrevjande å distribuere.

*Kontingentkravet* kan ein argumentere for at er ein del av medlemspleie som sjanger, men situasjonen med medlemskontingent er så særreigen at han bør bli løfta fram som ein eigen sjanger. Dei fleste statlege tilskotsordningar har krav om at såkalla teljande medlemmar skal ha stadfesta medlemskapet sitt i organisasjonen, gjennom mellom anna å betale medlemskontingent. Organisasjonen skal gjennom kontingentkravet, og ofte ved purringar i ulike medium, forsøkje å overtude medlemen om å halde fram med medlemskapet og betale ein kontingent for å gjere dette.

*Aktivitetar og arrangement* er ein viktig del av ein organisasjon; det tilbyr medlemane fellesskap og gir rom for å skulle arbeide for føremålet til organisasjonen. Forma på aktivitetar og arrangement kan variere veldig frå organisasjon til organisasjon. Av og til kan det ein gjer saman i organisasjonen, til dømes ei korøving, vere eit mål i seg sjølv å få gjere. I andre tilfelle kan det vere at aktivitetane ein gjer, og arrangementa ein har, er til for å støtte oppunder eit anna mål.

Den viktigaste funksjonen til medlemsretorikken er å halde på og aktivisere eksisterande medlemmar. Vidare bidreg retoriske former som medlemspleie og medlemsblad/nyheitsbrev til å byggje ein organisasjonsidentitet, og dei har dermed konstituerande kvalitetar. Interessante spørsmål som ein kan undersøkje, er kva retoriske strategiar frivillige organisasjonar nyttar for å halde på og aktivisere medlemmar? Kva funksjonar fyller dei ulike sjangrane i medlemsbladet til ein frivillig organisasjon? Korleis argumenterer den frivillige organisasjonen for å få eit medlem til å halde fram med eit medlemskap? Og kva føremål har den frivillige organisasjonen med dei ulike aktivitetane og arrangementa ein har tradisjon

for? Nokre av dei er det sikkert vedtekne på eit års- eller landsmøte, og vi skal difor sjå litt nærare på styringsretorikken.

<b>Organisasjonsretorisk sjanger</b>	<b>Retoriske former</b>	<b>Funksjonar</b>
Styringsretorikk	Sakspapir Års- eller landsmøte Styremøte	Demokratisk styring og leiing av organisasjonen

Retorikk er ein føresetnad for styringa av alle organisasjonar, og særleg dei som er demokratisk organiserte. Her vil eg sjå nærare på fire retoriske former, som ein nok må seie at har mange underformer: sakspapir, års- eller landsmøte og styremøte.

*Sakspapir* er noko det er vanskeleg å kome utanfor i styringa av ein frivillig organisasjon. Med eit møte i eit styrande organ følgjer det også sakspapir, i mange ulike former: innkallingar, protokollar, rapportar, saksutgreiingar, forslag til vedtak, endringsforslag, med meir. Sakspapira er viktige i form av at dei skal gjere lesaren betre i stand til å ta ei avgjerd i det aktuelle organet, og dei dokumenterer for ettertida kva som blei føreslått, og kva som blei vedteke.

*Års- eller landsmøte* er som regel det øvste organet i ein frivillig organisasjon. I lokale og regionale organisasjonar eller lag blir gjerne årsmøte nytta som skildring, medan det på nasjonalt nivå ikkje er uvanleg at landsmøte eller generalforsamling blir nytta. Det er på års- eller landsmøta organisasjonen vedtek program og planar, godkjenner rapportar og rekneskap, og endrar vedtekter og gjer val. Års- eller landsmøte er ein arena for ei lang rekkje retoriske former, særleg interessant er det å skulle studere talane og innlegga som kjem frå talarstolen til eit møte.

Eit styre i ein frivillig organisasjon, anten det er på lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå, utgjer det øvste organet i organisasjonen mellom to års- eller landsmøte. Styra styrer gjennom vedtak som blir gjorde i *styremøte*. Styret skal sikre den daglege drifta av den frivillige organisasjonen og er ansvarleg for å føre tilsyn med den daglege verksemda.

Funksjonane til dei nemnde retoriske formene er å stå for den demokratiske styringa og leiinga av ein frivillig organisasjon. Interessante spørsmål å undersøkje er korleis kontroversielle saker blir presentert i sakspapir? Korleis er års- eller landsmøte lagde opp for at nye delegatar skal få delta retorisk? Kva rolle spelar møteleiaren for diskusjonane i eit styremøte?

Organisasjonsretorisk sjanger	Retoriske former	Funksjonar
Opplæringsretorikk	Kurs Instruksjonslitteratur	Organisatorisk og politisk modning av medlemmar

Opplæring har vore ein viktig del av verksemda i frivillige organisasjonar historisk og er det framleis i dag. Den første retoriske forma eg vil sjå på, er *kurs*. Frivillige organisasjonar kursar medlemmane sine i stort og smått omfang. Kurset tilbyr ein arena der ulike medlemmar kjem i kontakt med kvarande, og der medlemmen kan vidareutvikle seg sjølv både politisk og organisatorisk. Den andre retoriske forma eg vil sjå på, er *instruksjonslitteraturen*. Sjølv om mykje har skjedd sidan *Tillitsmannen* av Gerhardsen, finst det framleis mykje litteratur om korleis ein kan drive ein frivillig organisasjon, både allment og spesifikt for den enkelte organisasjonen. Kurser og instruksjonslitteraturen fyller funksjonar i form av at dei bidreg til både organisatorisk og politisk opplæring.

### 5.3.3 Konstituerande organisasjonssjangrar

Den siste sjangertypen har eg valt å kalle for konstituerande organisasjonssjangrar.

Sjangertype	Sjangrar
Konstituerande organisasjonssjangrar	Lovretorikk Program- og rapporteringsretorikk Verdiretorikk

Med det meiner eg dei sjangrane som er naudsynte for at organisasjonen skal eksistere i det heile. Her er det tre sjantrar eg vil trekkje fram: Den første er vedtektsretorikken, den andre er programretorikken, og den siste er verdiretorikken.

<b>Organisasjonsretorisk sjanger</b>	<b>Retoriske former</b>	<b>Funksjonar</b>
Vedtektsretorikk	Lover/vedtekter Retningslinjer	Etablerer organisasjonen og regulere endringar Etablerer reglar for organisasjonsdemokratiet og andre tema

Sjølv om det ikkje er eit lovmessig krav at frivillige organisasjonar skal ha skriftlege lover/vedtekter, er dette noko så godt som alle frivillige organisasjonar har. For det første er det gjerne eit krav i statlege tilskotsordningar, og for det andre vil det gjere det veldig vanskeleg å skulle drive ein frivillig organisasjon dersom spelereglane ikkje er felte ned nokon stad. I lovretorikken er det to retoriske former eg sjå på: lover/vedtekter og retningslinjer.

*Lover/vedtekter*<sup>20</sup> er det mest grunnleggjande styringsdokumentet i ein frivillig organisasjon, og skildrar kva føremålet med organisasjonen er, og korleis han blir styrt. Eit vanleg språkleg bilete på vedtektene er at det er grunnlova til organisasjonen (Frivillighet Norge, 2016, s. 8; Lunner & Mostuen, 2015, s. 18). I organisasjonshandboka si skildrar Frivillighet Norge (2016, s. 8-9) det dei meiner er dei ti vanlegaste temaa i vedtektene til ein frivillig organisasjon:

- 1. Namn på organisasjonen
- 2. Føremål
- 3. Oppgåver
- 4. Medlemskap og kontingent

---

<sup>20</sup> I det vidare omtala som vedtekter fordi det verkar å vere det mest nytta omgrepet der ute i organisasjonane.



- 5. Årsmøtet
- 6. Ekstraordinært årsmøte
- 7. Styret
- 8. Oppgåvene til styret
- 9. Oppløysing av organisasjonen
- 10. Endring av vedtektene

Dette er på ingen måte ei uttømmende eller fullstendig liste over kva frivillige organisasjonar har eller kan ha i vedtektene sine, men det gir eit riss av vanlege spørsmål som vedtektene handsamar. Ein inngang til det er å seie at vedtektene til ein frivillig har tre dimensjonar: For det første seier vedtektene noko om kva organisasjon er og skal vere (gjennom namn, føremål, oppgåver). For det andre seier vedtektene korleis organisasjonen blir styrt, gjennom å fastsette kva demokratiske organ organisasjonen har, kva oppgåver dei har, kven som kan bli medlemar, og kva demokratiske rettar medlemane har. For det tredje seier vedtektene noko om korleis organisasjonen kan bli endra, anten gjennom endringar i vedtektene eller gjennom oppløysing av organisasjonen. Til det sistnemnde er det ikkje uvanleg at slike vedtak krev eit større fleirtalskrav enn det som er vanleg i andre saker. Vedtekter blir vedtekne av det høgste demokratiske organet i ein organisasjon, som regel eit lands- eller årsmøte.

Den andre retoriske forma er *retningslinjer*. Retningslinjer er gjerne styrande dokument som er underordna vedtektene, og vil gjerne bli vedtekne av eit anna demokratisk organ i organisasjonen, til dømes styret. Retningslinjer er som regel meir detaljerte og tek for seg ting som det ikkje er så naturleg av vedtektene regulerer. Retningslinjer og vedtekter kan minne om forholdet forskrift og lov.

Vedtektene og retningslinjene har viktige funksjonar når det gjeld å regulere korleis organisasjonen blir styrt, og kva han er til for. Det er fleire interessante spørsmål som ein kan undersøkje ved å sjå på vedtektene og retningslinjene til ein frivillig organisasjon: Kva seier føremålet oss om den retoriske organisasjonssituasjonen? På kva måte gir dokumenta avgrensingar eller moglegheiter for korleis den frivillige organisasjonen kan opptre retorisk? Kva rammer blir det enkelte medlem gitt for å vere ein retorisk medborgar og delta retorisk innanfor organisasjonen? På kva måte blir prosessane for å vedta dei politiske standpunkta til

organisasjonen regulerte? Det siste spørsmålet tek oss vidare til ein annan konstituerande sjanger, nemleg programma og rapportane til ein frivillig organisasjon.

<b>Organisasjonsretorisk sjanger</b>	<b>Retoriske former</b>	<b>Funksjonar</b>
Program- og rapporteringsretorikk	Program	Regulere kva organisasjonen meiner og skal gjere
	Planar	Gjere opp status for kva organisasjonen har gjort
	Rapportar	

Det er ikkje berre vedtekter som blir handsama på eit års- eller landsmøte i ein frivillig organisasjon – det er også ei rekkje andre dokument. Desse gir både føringar for arbeidet i organisasjonen framover, og ser bakover for å gjere opp status. Innanfor program- og rapporteringsretorikken er det tre retoriske former vi skal sjå på: program, planar og rapportar.

*Program* er dokument der det blir slått fast kva den frivillige organisasjonen meiner i ulike spørsmål. Ein vanleg variant av dette er politisk program, og dette er mest vanleg å finne i organisasjonar som er samfunnsorienterte. Program i frivillige organisasjonar blir gjerne til som følgje av ein prosess internt i organisasjonen og i nokre tilfelle også utanfor, for å få innspel og forslag. Program blir gjerne vedteke på års- eller landsmøte som følgje av ei handsaming med både debatt og endringsforslag, og det er ikkje uvanleg med ein redaksjonskomité som har som rolle å vurdere alle innkomne endringsforslag og arbeide for å sikre ein heilskap i det programmet som års- eller landsmøtet vedtek til slutt (Lunner & Mostuen, 2015, s. 41-42). Eit program blir gjerne vedteke med ein utløpsdato, og blir jamleg teke opp til ny handsaming på års- eller landsmøte.

*Planar* seier noko om kva den frivillige organisasjonen har som intensjon å gjere som organisasjon i tida framover. Lengda på programmet, det vil seie i gyldigheit, vil variere. For organisasjonar der det er års- eller landsmøte annakvart år, vil gjerne planane handsama på

kvart landsmøte, medan organisasjonar med års- eller landsmøte kvart år anten handsamar planar kvart år eller berre annakvart år. Planane kan vere ein type arbeidsplan eller handlingsplan, som skisserer aktivitetar som organisasjonen skal gjere, eller budsjett og andre økonomiske føringar som skisserer aktivitetane på same vis, men i tal. Planane vil vere bindande for arbeidet til styret i organisasjonen, og eventuelt også andre organisasjonsledd, avhengig av korleis arbeidet i organisasjonen er organisert og regulert.

Den tredje er *rapportar*. Eit års- eller landsmøte i ein frivillig organisasjon ser ikkje berre framover, men dei ser også bakover. Det vanlege er at styret til års- eller landsmøtet leverer ein årsrapport eller ei årsmelding som tek for seg arbeidet i organisasjonen sidan førre rapportering, gjerne også sett opp mot eventuelle planar som års- eller landsmøtet har vedteke. Vidare blir det gjerne lagt fram eit årsrekneskap med tilhøyrande melding frå revisor.

Funksjonane til program- og rapporteringsretorikken er todelt. Programma og planane regulerer kva organisasjonane meiner og har som intensjon å gjere i den komande perioden. Dei gir føringar for arbeidet til styret i organisasjonen. Rapportane gir organisasjonen høve til å gjere opp status og vurdere korleis det har gått med planane. Spørsmål ein kan undersøkje innanfor denne sjangeren, er kva topos som finst for program, planar og rapportar for frivillige organisasjonar. Korleis blir politiske standpunkt forhandla om og presenterte? Korleis framstiller styret arbeidet som er gjort gjennom årsrapporten? Kva kan vi lære om organisasjonen av kva han meiner? Ein måte vi kan lære meir om organisasjonen på, er å sjå kva verdiar organisasjonen har.

<b>Organisasjonsretorisk sjanger</b>	<b>Retoriske former</b>	<b>Funksjonar</b>
Verdiretorikk	Prinsippprogram Verdidokument	Halde oppe verdiar, skape identitet

Ein siste type dokument som frivillige organisasjonar handsamar demokratisk, kan vere verdiane til organisasjonen. Om dei ikkje kjem som følgje av vedtektene, hender det gjerne at frivillige organisasjonar har eigne prinsippprogram eller verdidokument som blir vedtekne av

organisasjonen. Funksjonane til desse verdidokumenta er å halde oppe verdiar og skape identitet.

# 6 Konklusjon

## 6.1 Ein ny organisasjonsretorikk

I denne oppgåva har eg teke til orde for at frivillige organisasjonar burde få meir merksemd av retorikkvitenskapen. Det heile byrja med ei todelt problemstilling: Kvifor bør ein og korleis kan, ein studere frivillige organisasjonar retorisk? Dei to spørsmåla har eg prøvd å svare på etter beste evne, og eg vil her gi ei kort samanfatning av kva som er gjort i oppgåva.

Den norske frivilligheita har ein stor innverknad på samfunnet og ei lang historie, og er særeigen i internasjonal samanheng. Dei frivillige organisasjonane som tok til å vekse fram, har hatt ein enorm innverknad i å utvikle Noreg til det landet det er i dag. Sjølv om dei tradisjonelle folkerørslene er i tilbakegang, ser vi tendensar til at sivilsamfunnet har nye måtar å arbeide på, og at organisasjonane framleis er ei viktig samfunnskraft.

For å diskutere retoriske studium av frivillige organisasjonar valde eg å sjå nærare på fire retoriske perspektiv: politisk retorikk, retorisk medborgarskap, organisasjonsretorikk og retorisk sjangerteori. Dei to første byr på forankring av kvifor det er interessant å studere frivillige retorisk. Den politiske retorikken verdset mange typar og former for politisk retorikk, og ser politikk som retorikk i praksis. Retorisk medborgarskap verdset det å vere medborgar som ein retorisk-kommunikativ aktivitet. Dei to siste perspektiva byr på inngangar for å skulle studere frivillige organisasjonar. Organisasjonsretorikk gir oss årsaker til kvifor vi bør studere organisasjonar i brei samfunnsvitenskapleg forstand og viser viktige forskjellar i kommunikasjonssituasjonen med individuell retorikk. Retorisk sjangerteori lét oss forstå sjangrar som sosiale handlingar og gir oss verktøy for å analysere retoriske situasjonar.

Vidare blir det diskutert kvifor ein bør studere frivillige organisasjonar retorisk. For det første er frivillige organisasjonar viktige aktørar i det politiske systemet. Ikkje berre blir dei frivillige organisasjonane trekte inn i formelle politiske prosessar; dei er også frampå gjennom debattar, høyringar og liknande. For det andre er dei frivillige organisasjonane arenaer for retorisk medborgarskap. Organisasjonsdemokratiet føreset retorikk, den

demokratiserende effekten av dei frivillige organisasjonane blir løfta fram, og dei frivillige organisasjonane er ein arena for å utøve retorisk medborgarskap. For det tredje er frivillige organisasjonar grunnleggjande retoriske. Det å etablere ein frivillig organisasjon er ei kollektiv, retorisk handling, og oppstår som ein respons på eit påtrengjande problem og ein retorisk situasjon.

Til sist har eg diskutert korleis vi kan studere frivillige organisasjonar retorisk, og det kan skje på to måtar: For det første kan ein studere frivillige organisasjonar som retorikk. For det andre kan ein studere retorikken til frivillige organisasjonar. Ein retorikk for frivillige organisasjonar må ta på alvor dei særtrekka som kjenneteiknar frivillige organisasjonar. Vidare må ein vurdere den kontinuerlege retoriske situasjonen som den frivillige organisasjonen er ein del av, som eg har kalla for den retoriske organisasjonssituasjonen. Til sist må ein retorikk for frivillige organisasjonar kjenne godt til dei retoriske sjangrane som frivillige organisasjonar har, og eg har presentert eit forsøk på ein sjangerkatalog fordelt på eksterne, interne og konstituerande organisasjonssjangrar.

I denne oppgåva har eg argumentert for kvifor ein bør studere frivillige organisasjonar retorisk, og diskutert korleis ein kan gjere det i praksis. Frivillige organisasjonar er viktige for samfunnet og demokratiet i Noreg. Dei utøver retorikk og er retoriske, og lèt medlemane få og utøve retorisk medborgarskap. Det er på høg tid at retorikkvitskapen interesserer seg for dei frivillige organisasjonane, og gir sine bidrag og perspektiv til ein viktig del av det norske samfunnet og demokratiet.

## 6.2 Vidare forskning

Med denne oppgåva har eg skissert korleis retoriske studium av frivillige organisasjonar kan sjå ut, og det ligg i korta at eg her meiner det er eit stort potensial for vidare forskning.

Inspirert av lista til Kock (2011, s. 52-54) frå 1997 over moglege retoriske prosjekt vil eg her gi nokre døme i tilfeldig rekkjefølgje som eg meiner kan vere interessante organisasjonsretoriske prosjekt:

- **Forskjellar i retorikk mellom ulike typar frivillige organisasjonar:** Kva skil retorikken mellom demokratiske, medlemsbaserte organisasjonar og stiftingar?

- **Frivillige organisasjonar som svar på retoriske situasjonar:** Korleis oppstår frivillige organisasjonar som retoriske fenomen? Kva kjenneteiknar den organisasjonsretoriske situasjonen?
- **Retorisk medborgarskap og skulering av medlemmar:** Korleis arbeider frivillige organisasjonar for å stimulere til retorisk deltaking frå medlemmar?
- **Dei retoriske funksjonane til medlemsblada i frivillige organisasjonar:** Kva handlingar gjer dei frivillige organisasjonane retorisk gjennom medlemsblada sine?
- **Kriseretorikk og frivillige organisasjonar:** Korleis kommuniserer frivillige organisasjonar i ei krise sett frå eit retorisk perspektiv?
- **Landsmøta som retorisk arena:** Korleis debatterer og vurderer dei demokratiske organa vanskelege stridsspørsmål?
- **Toposanalyse av høyringssvar frå frivillige organisasjonar:** Korleis argumenterer frivillige organisasjonar i politisk påverknadsarbeid?
- **Taleskriving i frivillige organisasjonar:** I kva omfang skjer taleskriving innanfor frivillige organisasjonar, og korleis går dei fram i arbeidet sitt?
- **Rolla til ordstyraren og møteleiaren:** Kva kjenneteiknar den retoriske rolla til leiaren av eit møte?
- **Årsrapportretorikk:** Korleis framstiller organisasjonane seg sjølve i organisasjonsinterne rapportar?

# Litteratur

- Aase, M. S. (2018). *Å slåss for miljøet på Facebook: En studie av Miljøpartiet De Grønne og WWF Verdens Naturfonds strategiske retorikk om marin forsøpling* (Masteroppgåve). Henta frå <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-67454>.
- Andersen, Ø. (1995). *I retoriikkens hage*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Andersen, Ø. & Berge, K. L. (2003). Retorikkfaget på rullebanen. I Ø. Andersen & K. L. Berge (Red.), *Retoriikkens relevans* (s. 141-155). Oslo: Norsk sakprosa. Henta <https://perma.cc/ZX68-UBNS>.
- Andreassen, T. (2012). *Bok-Norge: En litteratursosiologisk oversikt* (3 utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Aristoteles. (2006). *Retorikk* (T. Eide, overs.). Oslo: Vidarforlaget.
- Arnesen, D. (2018). *Mellom organisering, politikk og forvaltning: En studie av nasjonale paraplyorganisasjoner i Norge* (2018-01). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2500936>.
- Arnesen, D. (2019). *Nonprofit Advocacy Reconfigured? Resource Mobilization, Political Opportunity and Organizational Change* (Doktoravhandling). Henta frå <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-75269>.
- Asen, R. (2004). A discourse theory of citizenship. *Quarterly Journal of Speech*, 90, 189-211. <http://doi.org/10.1080/0033563042000227436>
- Bakken, J. (2014). *Retorikk i skolen* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bang, T. (2013). *Under hammerverket: Hvordan utvikler norsk arbeiderbevegelse en retorisk instruksjonslitteratur på 1930-tallet?* (Doktoravhandling). Henta frå <http://hdl.handle.net/1956/6950>.
- Barnelova. (1981). Lov om barn og foreldre (LOV-1981-04-08-7). Henta frå <https://lovdata.no/lov/1981-04-08-7>.
- Berg, O. T. (2014, 14. oktober). organisasjon. I *Store norske leksikon*. Henta 27. februar 2020 frå <https://perma.cc/44FK-WNHQ>.
- Berge, E., Kvaal, T. N., Malterud, H. H., Aune, K. S., Sivesind, K. H., Johnsen, S. S. & Tollånes, I. (2018). *Mer samordnet, åpnere og enklere: Gjennomgang av statlige tilskudd til frivillige organisasjoner*. Henta frå <https://perma.cc/R27N-R56M>.
- Berge, K. L. (2014). Hva er politisk retorikk? *Rhetorica Scandinavica*, 66/67, 11-34.
- Bitzer, L. (1997). Den retoriske situation. *Rhetorica Scandinavica*, 3, 9-17.



- Bjordal, S. H. (2012). *Om retorikeren: En drøfting av retorikken som "en empirisk og normativ videnskap om produktion og reception afytringer, betraget i deres helhed"* (Masteroppgåve). Henta frå <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-32338>.
- Brønnøysundregistra. (2018, 28. desember). Om Frivillighetsregisteret. Henta 13. juni 2020 frå <https://perma.cc/JWR5-QJPB>.
- Brønnøysundregistra. (2019, 29. november). Hva er en forening? Henta 22. april 2020 frå <https://perma.cc/3WRC-AP5Z>.
- Bydel Grorud. (2020, 8. mai). Inviterer innbyggere med inn i digitale møter. Henta 24. mai 2020 frå <https://perma.cc/Y4DP-WVYZ>.
- Chambers, S. (2009). Rhetoric and the Public Sphere. *Political Theory*, 37, 323-350. <http://doi.org/10.1177/0090591709332336>
- Conrad, C. (2011). *Organizational Rhetoric: Strategies of Resistance and Domination*. Cambridge: Polity Press.
- Dagre, T. (1985). *Korstog for folkehelsen*. Oslo: Nasjonalforeningen for folkehelsen.
- Dam, K. W. & Westberg, N. B. (2012). *Dokumentasjon av satellittregnskapet for ideelle og frivillige organisasjoner* (Notater 23/2012). Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Dryzek, J. S. (2010). Rhetoric in Democracy: A Systemic Appreciation. *Political Theory*, 38, 319-339. <http://doi.org/10.1177/0090591709359596>
- Eggesvik, R. (2003). *Den grønne retorikk* (Masteroppgåve). Henta frå <http://hdl.handle.net/1956/1596>.
- Enjolras, B. & Strømsnes, K. (2018). The Transformation of the Scandinavian Voluntary Sector. I B. Enjolras & K. Strømsnes (Red.), *Scandinavian Civil Society and Social Transformations* (s. 1-24). Cham: Springer.
- Erichsen, R. W. (1960). *Streif fra Nasjonalforeningens 50-årige historie*. Oslo: Aschehoug.
- Familie- og kulturkomiteen. (2019). *Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig. Den statlege frivilligheitspolitikken* (Innst. 254 S (2018–2019)). Henta frå <https://perma.cc/36HU-DW8G>.
- Finansdepartementet. (2019, 23. september). *Reglement for økonomistyring i staten: Bestemmelser om økonomistyring i staten* [Regelverk]. Henta frå <https://perma.cc/586S-LFCY>.
- Fladmoe, A. (2019). Frivillighet og politisk engasjement. Henta 5. september 2019 frå <https://perma.cc/J9HE-PAYQ>.

- Fluge, Ø. A. (2015). *Retorikk i framstillinga av naud - ein kvalitativ studie av naudhjelpsorganisasjonen Leger uten grenser sin kampanje Glemte Kriser 2014 på nett*. (Masteroppgåve). Henta frå <http://hdl.handle.net/1956/11660>.
- Folkehelseinstituttet. (2019, 28. august). Fakta om tuberkulose. Henta 2. juni 2020 frå <https://perma.cc/XRQ7-DCXQ>.
- Forfatterforbundet. (u.å.). Forfatterforbundet - Fagforeningen for norske forfattere. Henta 24. mai 2020 frå <https://perma.cc/2DV8-R2Z5>.
- Forskrift om tilskudd til ungdomsorganisasjoner. (2007). Forskrift om tilskudd til frivillige barne- og ungdomsorganisasjoner (FOR-2007-11-29-1346). Henta frå <https://lovdata.no/forskrift/2007-11-29-1346>.
- Frivillighet Norge. (2016). *Organisasjonshåndboka: En håndbok for å starte og drive en medlemsorganisasjon* (4 utg.). Henta frå <https://perma.cc/5VC3-ZR4Y>.
- Frivillighet Norge. (2018). Frivillighet Norges innspill til arbeidet med ny frivillighetsmelding. Henta 13. juni 2020 frå <https://perma.cc/XPX3-VSVT>.
- Frivillighet Norge. (u.å.). Hva er Frivillighet Norge. Henta 21. april 2020 frå <https://perma.cc/UZ3L-BT3Z>.
- Frivillighet Norge/Kantar. (2019). Frivillighetsbarometeret 2019. Henta 10. mai 2020 frå <https://perma.cc/V4GY-VV28>.
- Frivillighetsregisterloven. (2007). Lov om register for frivillig virksomhet (LOV-2007-06-29-88). Henta frå <https://lovdata.no/lov/2007-06-29-88>.
- Garsten, B. (2011). The Rhetoric Revival in Political Theory. *Annual Review of Political Science*, 14, 159-180. <http://doi.org/10.1146/annurev.polisci.040108.104834>
- Gerhardsen, T. (2006). *Gerhardsens Tillitsmannen: En håndbok for tillitsvalgte* (9 utg.). Oslo: Gyldendal.
- Gramnæs, K. (2018). *Lobby: Håndbok i politisk gjennomslag*. Oslo: Spartacus.
- Grindheim, J. E. (2010). *I menneskets og samfunnets tjeneste: Nasjonalforeningen for folkehelsen 1910-2010*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grue, J. (2010). Topisk reproduksjon. Tre pressemeldinger om funksjonshemming. *Rhetorica Scandinavica*, 55, 34-53.
- Gulbrandsen, V. C. M. (2014). *Ret og Pligt skal følges ad. En teksthistorisk og retorisk analyse av identitet i språket i tidlig, norsk arbeiderbevegelse* (Masteroppgåve). Henta frå <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-45161>.

- Gustavsen, M. (2015). Frivillighet Norges historie. Henta 9. april 2020 frå <https://perma.cc/55Y9-BWMN>.
- Hauser, G. A. & Benoit-Barne, C. (2002). Reflections on Rhetoric, Deliberative Democracy, Civil Society, and Trust. *Rhetoric & Public Affairs*, 5, 261-275.
- Helse- og omsorgsdepartementet. (u.å.). Folkehelse. Henta 3. juni 2020 frå <https://perma.cc/VVN8-YNNS>.
- Hill, N. & Sjöström, A. (2012). *Medlemsmodellen: Rekruttere, aktivisere og beholde medlemmer* (L. R. Krangnes, overs.). Stockholm: Trinambai Consulting.
- Hoff-Clausen, E. (2018). When everything is NOT awesome. Aktivisme, anklager og krisen som kontekst. *Rhetorica Scandinavica*, 77, 22-45.
- Hoff-Clausen, E. & Ihlen, Ø. (2015). The Rhetorical Citizenship of Corporations in the Digital Age. I A. Adi, D. Crowther, & G. Grigore (Red.), *Corporate Social Responsibility in the Digital Age*. Bingley: Emerald.
- Hoffman, M. F. & Ford, D. J. (2009). *Organizational Rhetoric: Situations and Strategies*. Thousands Oaks: SAGE Publications.
- Ihlen, Ø. (2005). Organisasjoners retorikk - det forsømte forskningsfelt. *Rhetorica Scandinavica*, 34, 35-52.
- Ihlen, Ø. (2013). *PR & strategisk kommunikasjon*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ihlen, Ø., Gabrielsen, J. & Falkman, L. L. (2018). Virksomhetsretorikk: Betingelser og effekter. *Rhetorica Scandinavica*, 77, 7-21.
- Ihlen, Ø. & Heath, R. L. (2018a). Conclusions and Take Away Points. I Ø. Ihlen & R. L. Heath (Red.), *The Handbook of Organizational Rhetoric and Communication* (s. 485-498). Hoboken: Wiley Blackwell.
- Ihlen, Ø. & Heath, R. L. (2018b). *The Handbook of Organizational Rhetoric and Communication*. Hoboken: Wiley Blackwell.
- Ivie, R. L. (2002). Rhetorical Deliberation and Democratic Politics in the Here and Now. *Rhetoric and Public Affairs*, 5, 277-285.
- Johansen, A. (2019). *Komme til orde: Politisk kommunikasjon 1814-1913*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jondahl, I. J. (2011). *Krisekommunikasjon i sosiale medier: Teoretisk drøfting og empirisk analyse av krisekommunikasjon på en ny retorisk arena* (Masteroppgåve). Henta frå <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-28596>.
- Kalvø, A. (2011, 30. juli). Ting vi liker med dette samfunnet. *Aftenposten*, del 1, s. 31.

- Kielland, I. R. (2017). *Natur og Ungdom: Aksjonene som endret norsk miljøkamp*. Oslo: Cappelen Damm.
- Kjeldsen, J. E. (2008). Retoriske omstændigheder. *Rhetorica Scandinavica*, 48, 42-63.
- Kjeldsen, J. E. (2009). *Retorikk i vår tid* (2 utg.). Oslo: Spartacus.
- Kjeldsen, J. E. (2011). Scandinavian Research in Rhetoric. I J. E. Kjeldsen & J. Grue (Red.), *Scandinavian Studies in Rhetoric* (s. 107-124). Ödåkra: Retorikförlaget.
- Kjeldsen, J. E. (2014a). *Hva er retorikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjeldsen, J. E. (2014b). Retorisk genreanalyse. I M. Lund & H. Roer (Red.), *Retorikkens aktualitet* (3. utg., s. 85-111). København: Hans Reitzels Forlag.
- Kjeldsen, J. E. (2015). Politisk retorikk: kunsten å overveie, avveie og bestemme seg. I Ø. Ihlen, E. Skogerbø, & S. Allern (Red.), *Makt, medier og politikk: Norsk politisk kommunikasjon* (s. 76-87). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjeldsen, J. E. & Grue, J. (Red.). (2011a). *Scandinavian Studies in Rhetoric*. Ödåkra: Retorikförlaget.
- Kjeldsen, J. E. & Grue, J. (2011b). The Study of Rhetoric in Scandinavia. I J. E. Kjeldsen & J. Grue (Red.), *Scandinavian Studies in Rhetoric* (s. 7-38). Ödåkra: Retorikförlaget.
- Kock, C. (2011). The Identity of Rhetoric as a Scholarly Discipline and a University Program. I J. E. Kjeldsen & J. Grue (Red.), *Scandinavian Studies in Rhetoric* (s. 41-55). Ödåkra: Retorikförlaget.
- Kock, C. & Villadsen, L. (Red.). (2014). *Contemporary Rhetorical Citizenship*. Leiden: Leiden University Press.
- Kock, C. & Villadsen, L. S. (Red.). (2012). *Rhetorical Citizenship and Public Deliberation*. University Park: The Pennsylvania State University Press.
- Kock, C. & Villadsen, L. S. (2017). Rhetorical citizenship: studying the discursive crafting and enactment of citizenship. *Citizenship Studies*, 21, 570-586.  
<http://doi.org/10.1080/13621025.2017.1316360>
- Kraglund, K. O. & Enjolras, B. (2017). *Norsk frivillighet: Utviklingstrender og samfunnseffekter*. Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2465257>.
- Kultur- og kyrkjedepartementet. (2007). *Frivillighet for alle* (St.meld. nr. 39 (2006-2007)). Henta frå <https://perma.cc/3R2R-W389>.
- Kulturdepartementet. (1997). *Om statens forhold til frivillige organisasjoner* (St.meld. nr. 27 (1996-97)). Henta frå [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2011082508034](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2011082508034).

- Kulturdepartementet. (2015). *Frivillighetserklæringen – erklæring for samspillet mellom regjeringen og frivillig sektor*. Henta frå <https://perma.cc/C38Y-33DP>.
- Kulturdepartementet. (2017). *Forenkling av statlige tilskuddsordninger for frivillige organisasjoner* [Veileder]. Henta frå <https://perma.cc/LS58-5YSW>.
- Kulturdepartementet. (2018a). *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig: Den statlege frivilligheitspolitikken* (Meld. St. 10 (2018-2019)). Henta frå <https://perma.cc/Q4CD-6QXG>.
- Kulturdepartementet. (2018b, 13. august). Innspill til frivillighetsmeldingen. Henta frå <https://perma.cc/M2RT-53P7>.
- Kulturdepartementet. (2018c, 7. desember). Ny frivillighetsmelding lagt fram: Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig. Henta 31. mai 2020 frå <https://perma.cc/BP6G-LZH2>.
- Kulturdepartementet. (2018d, 14. november). Statlige tilskuddsordninger for frivillige organisasjoner. Henta 9. oktober 2019 frå <https://perma.cc/HCU3-QJEW>.
- Kulturdepartementet. (2019). *Presentasjon av frivillighetsmeldingen* [Video]. Henta frå <https://perma.cc/XB78-V6SD>.
- Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar. (2016, 31. august). Vil du ha faglig påfyll? Her er noen av høstens kurs. Henta 14. april 2020 frå <https://perma.cc/2PZ5-244Z>.
- Larsen, T. H. & Bye, R. (2014). *Organisasjonslivets ABC*. Oslo: Forlaget Manifest.
- Lunner, R. & Mostuen, G. G. (2015). *Årsmøtehandboka: Møteledelse, møtekultur og voteringer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Miljøpartiet de grønne. (u.å.). Lobbyregister. Henta 7. juni 2020 frå <https://perma.cc/NG2P-AZWB>.
- Miller, C. (2001). Genre som sosial handling. *Rhetorica Scandinavica*, 18, 19-35.
- Myhre, J. E. (2020, 12. mars). Organisasjonssamfunnet vokser fram. Henta 10. april 2020 frå <https://perma.cc/2DNR-BYLL>.
- Myhre, M. (2018, 14. april). Tallene for antall kollektivreisende øker: - Flere setter igjen bilen hjemme. *Akers Avis Groruddalen*. Henta frå <https://perma.cc/E53U-CMHQ>.
- Nasjonalforeningen for folkehelsen. (2019a, 10. januar). Hva er folkehelse? Henta 3. juni 2020 frå <https://perma.cc/583Z-SL5Q>.
- Nasjonalforeningen for folkehelsen. (2019b, 27. februar). Nasjonalforeningen for folkehelsens historie. Henta 21. mai 2020 frå <https://perma.cc/4Z3R-NKNY>.

- Nasjonalforeningen for folkehelsen. (2019c, 28. mars). Vedtekter for Nasjonalforeningen for folkehelsen. Henta 21. mai 2020 frå <https://perma.cc/XN56-ZZ36>.
- Nasjonalforeningen for folkehelsen. (2020a, 27. mai). Høringer og brev. Henta 16. juni 2020 frå <https://perma.cc/QY9N-3D8K>.
- Nasjonalforeningen for folkehelsen. (2020b, 21. mai). Nasjonalforeningen for folkehelsen [Framsida]. Henta 21. mai 2020 frå <https://perma.cc/MC3Y-Y393>
- Nasjonalforeningen for folkehelsen. (2020c, 7. mai). Spørsmål om korona? Henta 17. juni 2020 frå <https://perma.cc/JT3X-C8DK>.
- Nasjonalforeningen for folkehelsen. (u.å.b). Om oss. Henta 21. mai 2020 frå <https://perma.cc/6EMJ-CJ2H>.
- Nickelsen, E. (2019, 15. november). Frivillige utførte 142 000 årsverk. Henta 17. juni 2020 frå <https://perma.cc/8MBT-LYWQ>.
- NOU 1982: 3. (1982). *Maktutredningen: Sluttrapport*. Henta frå [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2017032248203](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2017032248203).
- NOU 1988: 17. (1988). *Frivillige organisasjoner*. Henta frå <https://perma.cc/C4CB-Q63T>.
- NOU 2003: 19. (2003). *Makt og demokrati: Sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen*. Henta frå <https://perma.cc/Z6QN-HXFP>.
- NOU 2006: 13. (2006). *Fritid med mening: Statlig støttepolitikk for frivillige barne- og ungdomsorganisasjoner*. Henta frå <https://perma.cc/5HQ8-EURY>.
- NOU 2006: 15. (2006). *Frivillighetsregister*. Henta frå <https://perma.cc/522X-EHUA>.
- NTB. (2017, 11. april). Kulturministeren varsler ny frivillighetsmelding. Henta 25. desember 2019 frå <https://perma.cc/7HZZ-DNL9>.
- Østerud, Ø., Engelstad, F. & Selle, P. (2003). *Makten og demokratiet: En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Pryser, T. (1999). *Norsk historie 1814-1860. Frå standssamfunn mot klassesamfunn*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Raknes, K. & Solhjell, B. V. (2018). *Jakta på makta: 12 råd for effektiv påvirkning*. Oslo: Gyldendal.
- Retorikforlaget. (2015, 17. mars). CFP: Virksomhetsretorikk: Hva, hvordan og hvorfor? Henta 23. mai 2020 frå <https://perma.cc/MSA8-MHDV>.
- Rommetvedt, H. (2017). *Politikkens allmenngjøring: Stortinget, regjeringen og de organiserte interessene i et nypluralistisk demokrati* (3 utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

- Seip, J. A. (1981). *Utsikt over Norges historie: Bind 2: Tidsrommet ca. 1850-1884*. Oslo: Gyldendal.
- Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. (2018, 31.oktober). Om senteret. Henta 29. februar 2020 frå <https://perma.cc/WGH8-27VV>.
- Statistisk sentralbyrå. (2019, 14. november). Satellittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner. Henta 5. april 2020 frå <https://perma.cc/9GD5-L6WR>.
- Statsministerens kontor. (2018, 7. desember). Offisielt frå statsrådet 7. desember 2018. Henta 31. mai 2020 frå <https://perma.cc/JX2X-XQ9M>.
- Stensbak, H., Ekeberg, J. O. & Hanssen, E. (2017, 14. desember). Så lenge Den norske Forfatterforening er lukket, trenger vi en ny organisasjon: Norske forfattere. *Aftenposten*. Henta frå <https://perma.cc/NM23-BDHQ>.
- Stortinget. (2018, 2. mai). Om høringer. Henta 7. juni 2020 frå <https://perma.cc/PGF5-WKJR>.
- Stortinget. (2020, 24. april). Organiser deg. Henta 1. juni 2020 frå <https://perma.cc/RQ7P-7YU7>.
- Strømsnes, K. (2002). *Samspillet mellom frivillig organisering og demokrati: Teoretiske argument og empirisk dokumentasjon* (Notat 9-2002). Henta frå <http://hdl.handle.net/1956/4076>.
- Svensson, T. T. (2017). Retorisk medborgerskap i Ludvig Holbergs liv og tekster. *Rhetorica Scandinavica*, 75, 27-48.
- Svensson, T. T. (2018). *Ludvig Holbergs retorikk* (Doktoravhandling). Henta frå <http://hdl.handle.net/1956/21446>.
- United Nations. (2003). *Handbook on Non-Profit Institutions in the System of National Accounts*. New York: United Nations. Henta frå <https://perma.cc/Q84K-QBRR>.
- Universitetet i Oslo. (u.å.). RETKOM4190 - Masteroppgave i retorikk og språklig kommunikasjon. Henta 27. februar 2020 frå <https://perma.cc/E5CN-VD5B>.
- Universitetsbiblioteket. (2017, 30. oktober). Perma.cc - varige lenker i litteraturlisten. Henta 23. februar 2020 frå <https://perma.cc/W6WV-G242>.
- Utgreiingsinstruksen. (2016). Instruks om utredning av statlige tiltak (FOR-2016-02-19-184). Henta frå <https://lovdata.no/forskrift/2016-02-19-184>.
- Vatz, R. E. (2000). Myten om den retoriske situation. *Rhetorica Scandinavica*, 15, 7-13.
- Vestrheim, G. (2018). *Klassisk retorikk*. Oslo: Dreyers forlag.

- Villadsen, L. S. (2008). Temaintro: Retorisk medborgerskab. *Rhetorica Scandinavica*, 48, 37-41.
- Wardle, E. & Downs, D. (2011). *Writing about Writing: A College Reader* (2 utg.). Boston: Bedford/St. Martin's.
- Woxholth, G. (2008). *Foreningsrett – med samvirkeloven* (3 utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.